

# MASTEROPPGÅVE

## Mobbing i barnehage

Korleis oppfattar barnehagertilsette mobbefenomenet, og korleis jobbar dei med det i barnehagen?

## Kindergarten bullying

How do kindergarten employees experience the bullying phenomenon, and how do they work with it?

**Yngve Bu Gjernes**

**MASPED18-21**

Høgskulen på Vestlandet, avd. Sogndal/ Institutt for pedagogikk, religion og samfunnsfag/ Master i spesialpedagogikk

Rettleiar Dziuginta Baraldsnes

**Innleveringsdato: 28.05.2021**

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle

kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. *Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 10.*

## Forord

Mobbing er eit fenomen som me alle kjenner til, både frå skulen og arbeidslivet. Mobbing som tema har gradvis blitt introdusert og fått fokus også i barnehagen. Kva kunnskap og praksis har tilsette i norske barnehagar kring dette temaet? Er tilsette einige i at barnehagebarns åtferd kan omtala som mobbing? Korleis vurderer dei sin eigen kunnskap, og korleis vurderer dei barnehagen sin praksis?

Eg vil gjerne takka alle informantane, som i desse travle dagar tok seg tid til å svara på spørjeundersøkinga mi for å hjelpe meg med å samla inn nødvendige data, slik at eg kunne belysa problemstillinga mi. Deira bidrag har vore svært viktig, og har gjort denne oppgåva mogleg å gjennomføra.

Rettleiaren min, Dziuginta Baraldsnes, må takkast for konstruktive tilbakemeldingar og gode diskusjonar. Takk for mange nyttige innspel og oppmuntring til å fortsetta når det har vore tungt.

Takk til kona mi, Brynhild Ravna Strømsnes, som har heia meg fram, gjeve meg rom til å studera i den travle kvardagen, og ikkje minst bidratt med korrekturlesing.

Til slutt ein takk til familie som har vore oppmuntrande, og har stilt opp med barnepass.

*Voss, mai 2021*

*Yngve Bu Gjernes*

## Samandrag

Dette prosjektet tar føre seg barnehagertilsette si forståing av mobbing som fenomen, og korleis dette blir jobba med i barnehagen. Prosjektet tar sikte på å få innsikt i vurderingar frå både styrarar, pedagogar, fagarbeidrarar og assistentar.

I oppgåva sitt teorigrunnlag blir aktuell teori og forsking om mobbeomgrepet og mobbing i barnehagen presentert. Vidare blir gjeldande lovverk og rammefaktorar avklart, før teori om førebygging blir gjennomgått. Her blir vaksenrolla, samarbeid med føresette, kompetanse, antimobbeprogram og sosial kompetanse løfta fram.

I dette prosjektet blir ei kvantitativ forskingsmetode, med eit tverrsnittdesign nytta. Utvalet består av 307 barnehagertilsette som arbeider i barnehagar i Norge. For innhenting av data er eit spørjeskjema blitt nytta, som vart sendt ut gjennom SurveyXact. I spørjeskjemaet blir det stilt spørsmål om korleis tilsette vurderer sin eigen kunnskap om mobbing, om foreldreinvolvering, bruk av antimobbeprogram, kva dei ser på som mobbeåtferd, kva dei ser på som kjenneteikn på barn som mobbar og barn som blir utsett for mobbing, og om dokumentasjon og tiltak.

Datamaterialet har blitt analysert i analyseverktøyet SPSS, der det har blitt sett etter statistisk signifikante forskjellar basert på demografiske variablar som kjønn, stillingstype, erfaring og barnehagestorlek.

Informantane i dette prosjektet er einige i at mobbing skjer i barnehagen og at det visar seg i ulike former. Dei vurderer sin eigen kunnskap til å vera *litt god*, og dei vektlegg opplevinga til den utsette, men er ikkje einige i at barna som mobbar nødvendigvis gjer det med intensjon. Informantane er nøgde med barnehagen si evne til å setta inn tiltak, men det ser ut til å variera korleis dei vurderer si eiga evne til å dokumentera. Det ser og ut til at informantane stort sett involverer foreldra til både barn som mobbar og foreldra til dei utsette når mobbing skjer i barnehagen.

## Abstract

The goal of this project has been to research how employees in kindergarten understand bullying as a phenomenon, and what their praxis is regarding bullying. The study aims to gain insight from both kindergarten directors, teachers, skilled workers and assistants.

The theoretical basis of this master's thesis presents relevant theory and research about the term *kindergarten bullying*. Current law and framework factors will be presented, and lastly theory about early prevention is presented. Here the role of adults, cooperation with parents, competence, anti-bullying programs and social competence will be highlighted.

This study uses a quantitative research method, with a cross-sectional design. There were 307 kindergarten employees from kindergartens in Norway who participated. To collect data, a questionnaire was used. This questionnaire was distributed via SurveyXact. The questionnaire posed questions about how employees rate their own knowledge about bullying, about parent involvement, use of anti-bullying programs, what behaviour is viewed as bullying, what characteristics children who bully and children who are exposed to bullying have, and about documentation and measures taken.

The collected data have been analysed with SPSS. Significant differences were looked for based on the demographic variables sex, employee role, experience, and kindergarten size.

The participants in this study agree with the premise that bullying does happen in kindergartens, and that it shows itself in different forms. They consider their own knowledge about bullying to be a *little bit good*. They emphasise the experience of the child who is exposed, and they do not necessarily agree with the premise that kindergarten bullying is done with intent. The participants consider their kindergartens to be good at implanting measures, but it seems to vary how they consider their ability to document. It also seems that the participants mainly involve parents of both the child who did the bullying, and the child who was exposed, when bullying does happen.

# Innhold

Forord .....	2
Samandrag .....	3
Abstract .....	4
1 Innleiing .....	7
1.1 Grunngjeving for val av tema .....	7
1.2 Aktualitet og problemstilling .....	8
1.3 Oppgåvestruktur .....	8
2 Teoretisk grunnlag .....	9
2.1 Mobbing som fenomen .....	9
2.1.1 Det fyrste paradigme .....	9
2.1.2 Det andre paradigmet .....	11
2.2 Kva veit me om mobbing i barnehagen? .....	13
2.2.1 Mobbeåtferd hjå barnehagebarn .....	14
2.2.2 Konsekvensar av mobbing .....	16
2.3 Rammefaktorar og lovverk .....	17
2.4 Kva former for mobbing er det i barnehagen? .....	18
2.5 Førebygging av mobbing i barnehagen .....	19
2.5.1 Vaksenrolla i barnehagen .....	21
2.5.2 Samarbeid med føresette .....	23
2.5.3 Kompetanse og antimobbeprogram .....	25
2.5.4 Sosial kompetanse .....	27
3 Metode og metodiske vurderinger .....	28
3.1 Val av metode .....	28
3.2.1 Kjenneteikn ved kvantitativ metode .....	30
3.2.2 Ontologi, epistemologi og aksiologi .....	31
3.2 Tverrsnittdesign og spørjeundersøking som måleinstrument .....	31
3.2.1 Utforming av spørjeskjema .....	32
3.3 Utval og gjennomføring .....	33
3.3.2 Presentasjon av informantane .....	34
3.4 Kvalitetsvurderinger .....	35
3.4.1 Reliabilitet .....	36
3.4.2 Validitet .....	37
3.4.3 Generalisering og representativitet .....	38
3.5 Forskingsetiske perspektiv .....	38
3.6 Statistisk analyse .....	40

3.6.1 Operasjonalisering av variabler .....	41
3.6.2 Analysemodell og samanhengar .....	42
3.6.3 Sentralmål .....	42
3.6.4 Forskjellar (T-Test og ANOVA) .....	42
<b>4 Resultat.....</b>	<b>43</b>
4.1 Barnehagertilsette si oppfatning av «mobbing i barnehage»-fenomenet og ulike former for mobbing.....	43
4.2 Tilsette i barnehage si oppfatning av barn som mobbar og barn som blir utsett for mobbing i barnehagen .....	47
4.3 Barnehagertilsette si oppfatning av eigen kunnskap og kompetanse til å førebygga og å handtera mobbing.....	49
4.4 Barnehagertilsette sitt arbeid mot mobbing i barnehage .....	52
4.4.1 Dokumentering av arbeidet med mobbesaker .....	52
4.4.2 Førebyggande tiltak mot mobbing i barnehage .....	53
4.4.3 Barnehagertilsette si erfaring med å arbeida med antimobbeprogram i barnehagen .....	54
4.4.4 Barnehagertilsette si involvering av foreldra i mobbesaker.....	56
<b>5 Drøfting.....</b>	<b>57</b>
5.1 Barnehagertilsette si oppfatning av «mobbing i barnehage»-fenomenet og ulike former for mobbing.....	57
5.2 Barnehagertilsette si oppfatning av barn som mobbar og barn som blir utsett for mobbing i barnehagen .....	59
5.3 Barnehagertilsette si oppfatning av eigen kunnskap og kompetanse til å førebygga og å handtera mobbing.....	60
5.4 Barnehagertilsette sitt arbeid mot mobbing i barnehage .....	61
5.4.1 Dokumentering av arbeidet med mobbesaker .....	61
5.4.2 Førebyggande tiltak mot mobbing i barnehage .....	63
5.4.3 Barnehagertilsette si erfaring med å arbeida med antimobbeprogram i barnehagen .....	64
5.4.4 Barnehagertilsette si involvering av foreldra i mobbesaker.....	65
5.5 Refleksjonar kring prosjektet .....	66
<b>6 Konklusjon .....</b>	<b>66</b>
6.1 Vidare forsking.....	68
<b>Referansar .....</b>	<b>70</b>

# 1 Innleiing

Mobbing i barnehage er eit relativt nytt tema både innanfor forsking og i praksisfeltet. Omgrepet kom på dagsorden innanfor barnehagekonteksten i 1997 gjennom Pettersen si bok *Mobbing i barnehagen*, som hevdar at mobbing òg førekjem blant barn i barnehagen. Det diskuterast framleis om mobbing er eit omgrep som bør brukast på dei negative handlingane som skjer blant barnehagebarn, og om mobbeomgrepet har noko å tilføra barnehagen (Winsvold & Gulbrandsen, 2009). Eit døme på dette er korleis Pedersen (2019), i intervju med pedagogiske leiarar og styrarar, fann at nokon av dei vegra seg for å bruka mobbeomgrepet, då dei meinte at det var eit for alvorleg omgrep å bruka om konfliktar og krenkingar som oppstår i barnehagen.

Midtsand et al. (2004) seier klart og tydeleg at mobbing førekjem i barnehagen. Det er blitt gjort relativt lite forsking på mobbing i barnehage, og dette kan seiast å vera ein konsekvens av at mobbeomgrepet ikkje har blitt brukt relatert til førskulebarn (Lund et al., 2015). Det kan også tenkast at problem som ein ikkje vedkjenner, blir oversett. Det å anerkjenna at mobbing som fenomen finst i barnehagane, blir hevdå å vera noko som betyr at tilsette kan arbeida meir effektivt, meir målretta, mot å førebygga mobbing i barnehagen (Barne- og familidepartementet, 2004).

Dette prosjektet tar føre seg forståinga av mobbeomgrepet i barnehagen, og kva kunnskap tilsette i barnehagen har om fenomenet. Prosjektet tar sikte på å kartlegga korleis dei sjølv vurderer sin eigen kompetanse og kunnskap, i kva grad dei oppfattar ulik oppførsel som mobbing og korleis dei vurderer barnehagen si evne til dokumentasjon og å setta inn tiltak. Målsettinga til prosjektet er å få betre innsikt i korleis statusen er i norske barnehagar, når det kjem til korleis tilsette vurderer sin eigen kunnskap kring mobbing, om barnehagar nyttar mobbeprogram, kva åtferd tilsette oppfattar som mobbing, kva som kjenneteiknar dei som mobbar, samt dei som blir utsett for mobbing, og korleis tilsette vurderer barnehagen si evne til å dokumentera og å setta i gang tiltak.

## 1.1 Grunngjeving for val av tema

Midtsand et al. (2004) kom fram til at det i norske barnehagar er 6-8 % barn som er involvert i mobbing. Nordhagen et al. (2005) gjennomførte ei undersøking i dei fem nordiske landa (1984, repetert i 1996). Dei fann at mobbing førekom blant 2-6-åringar. Førekomsten varierte, alt frå 7,2 % i Sverige til 20 % i Danmark. 15 % av foreldra som deltok opplevde at deira barn vart mobba. Rørnes (2007) beskriv mobbing som eit motstandsdyktig virus. Som eit virus lar ikkje mobbing seg utrydda, mobbing viser seg ikkje alltid, men under dei rette forholda kan det fort blussa opp. Det krev ein aktiv fase i omgivnadane for å klara å avdekka mobbing. Barnehagar og skular vil dermed møta store utfordringar for å sikra at alle barn skal møta ein mobbefri skule- og barnehagekvardag.

Bakgrunnen for dette forskingsprosjektet er barns velvære i barnehagen. At dei skal føla seg trygge, trivast og føla tilhøyrsel. Dette må ligga til grunn for å sikra barn si utvikling. Med eigen utdanningsbakgrunn som førskulelærar har det vore viktig for meg at barnehagen skal vera ein trygg arena for barna som byrjar der så tidleg i livet. Mykje fokus har blitt retta mot barn som opplever erting, utesenging frå leik eller blir fysisk plaga i kvardagen sin. Mobbing som tema har fått auka fokus i barnehagen dei siste åra. Barnehagelova (2021) vart òg revidert i 2020, der blant anna nulltoleranse og aktivitetsplikt vart lovfesta. Barnehagen har ei viktig samfunnsoppgåve ved tidleg å førebygga problemåtferd som mobbing (Kunnskapsdepartementet, 2017). Det finst fleire ulike forskingsbaserte tiltak mot mobbing på system-, gruppe- og individnivå. Førebygging av mobbing blir omtala i teoridelen av denne masteroppgåva.

## 1.2 Aktualitet og problemstilling

I dette prosjektet er fokuset på barnehagetilsette si forståing av mobbeomgrepene. Kva kunnskap og erfaringar har dei, kva åtferd ser dei på som mobbing og korleis jobbar deira barnehagar med mobbing. Det er ulike definisjonar på mobbing; nokon som er meir individretta, og andre som fokuserer meir på gruppodynamikken.

Oppgåva si problemstilling er:

Kva forståing har barnehagetilsette av omgrepene «mobbing», og korleis jobbar dei med det i barnehagen?

For å belysa problemstillinga mi er det utforma fire forskingsspørsmål som ein ønsker svar på:

1. Kva åtferd oppfattar tilsette som mobbing?
2. Korleis oppfattar tilsette barn som mobbar, og barn som blir utsett for mobbing?
3. Korleis oppfattar dei tilsette si eiga erfaring og kunnskap om mobbing?
4. Kva rutinar har barnehagane? Og blir desse følgde?

Som ledd i å svara på desse forskingsspørsmåla, vil hypotesar bli presentert i metodedelen av oppgåva.

## 1.3 Oppgåvestruktur

I del 2 av oppgåva framstillast oppgåva sitt teorigrunnlag. Korleis teoretikarar og forskarar definerer mobbing i barnehage og skule blir presentert. Vidare vil mobbeomgrepene bli sett inn i ein barnehagekontekst, ut frå aktuell teori og forsking på området. I siste del av kapittelet trekka, vaksenrolla, foreldresamarbeid, antimobbeprogram og sosial kompetanse fram som sentrale område i arbeidet med å førebygga mobbing i barnehagen.

I del 3 blir prosjektet sin metode skildra. Den metodiske tilnærminga til prosjektet blir presentert, saman med vitskapsteoretisk grunnlag. Val av forskingsdesign blir grunngjeve. Vidare vil gjennomføringa av datainnsamlinga bli gjort greie for, og korleis data vart bearbeidd og tolka. Til slutt blir moglege feilkjelder for prosjektet si truverdighet vurdert.

I del 4 blir funna som er gjort presentert, og i del 5 av oppgåva blir desse resultata drøfta opp mot aktuell teori og forsking knytt til oppgåva sitt teorigrunnlag.

Til slutt, i del 6, samanfattast prosjektet sine hovudfunn i lys av oppgåva si problemstilling. Tankar om vidare forsking på feltet vil også bli presentert.

## 2 Teoretisk grunnlag

I dette kapittelet presenterast prosjektet sitt teoretiske grunnlag, med utgangspunkt i problemstillinga. Det er vanleg å bruka omgrep som *mobbar* og *offer* for å omtala dei som er direkte involvert i mobbesituasjonar, men her blir *mobbar* omtalt som *den som mobbar/barn som mobbar* og *offer* som «*den utsette*». Årsaka til dette er at *mobbar* og *offer* kan vera stigmatiserande ord å bruka om barnehagebarn. Det har vore vanskeleg å finne forsking frå barnehagefeltet som ser på dei same variablane som dette prosjektet, difor har det blitt dratt inn litt forsking frå skulesektoren og.

### 2.1 Mobbing som fenomen

Mobbeomgrepet kjem frå det engelske utrykket *mob*. *Mob* viser til ei stor og anonym gruppe menneske som er knytt saman i ein felles aktivitet. Vanlegvis er mobbing ei handling der ei gruppe personar er involvert. Det hender òg at plaginga utførast av enkeltpersonar (Olweus, 1992). Sannsynlegvis har mobbing eksistert gjennom tidene. Det var først på 1970-tallet at fenomenet vart systematisk undersøkt (Pettersen, 1997). Heinemann (1969) skreiv ein artikkel i tidsskriftet «Liberal Debatt», der han brukte omgrepet «mobbing». Ordet mobbing brukte han for å skildra at barn kunne utsetta andre barn for vald og trakkassering utan at nokon greip inn (Roland, 2014). Observasjonar som dette viste at det var trøng for ei auka forståinga om kva omgrepet *mobbing* dreier seg om. I eit forskingsprosjekt vil det vera nødvendig å bruka ein tydeleg og avgrensande definisjon av omgrepet.

Lund og Helgeland (2020) skriv om to paradigme når det kjem til mobbing som fenomen.

#### 2.1.1 Det fyrste paradigme

Olweus, som er ein pioner innan forsking om mobbing, operasjonaliserte fenomenet av mobbing som: «En person er mobbet eller plaget når han eller hun, gjentatte ganger og over en viss tid, blir utsatt for negative handlingar frå en eller flere personer» (Olweus, 1992, s. 17). Olweus, saman med andre forskrarar frå Norge (til dømes Erling Roland) og internasjonalt (til dømes Peter K. Smith med fleire),

utvikla det fyrste paradigmet som har vore dominerande i forskinga om mobbing sidan 1970-åra. Gjennom forsking og forskingsformidling har dei bidrege til at mobbing som fenomen har blitt løfta fram, og at gode tiltak har blitt sett i verk (Lund & Helgeland, 2020).

Vidare har forskaren Erling Roland fremja følgande definisjonen: «Mobbing er fysiske eller sosiale negative handlingar, som utføres gjentatte ganger over tid av en person eller flere sammen, og som rettes mot en som ikke kan forsvara seg i den aktuelle situasjonen» (Roland, 2014, s. 25).

Barne- og familidepartementet (2004) bruker ein definisjon som fokuserer spesifikt på barnehagen i heftet: *Mobbing i barnehagen. Et hefte for deg som arbeider i barnehagen*. Mobbing blant barnehagebarn blir her definert på følgande måte:

Mobbing i barnehagen dreier seg om at noen barn plages og fornedres systematisk. Midlene som brukes kan være slag og spark, ignorering, utestenging og erting. Men disse maktmidlene benyttes ikke tilfeldig, og de rammer ikke tilfeldig. De brukes systematisk over tid og rammer gjerne ett enkelt barn på avdelingen. (Barne- og familidepartementet, 2004, s. 5).

Det blir påpeika at det ikkje er mobbing dersom det er snakk om vilkårleg erting, konfliktar eller enkeltilfelle av slåssing og utestenging. At barn kranglar og blir ueinige er ein naturleg del av å veksa opp. Mobbing er langt meir alvorleg, då blir negative handlingar utført systematisk og over tid mot eitt enkelt barn (Barne- og familidepartementet, 2004).

Summert kan ein seia at definisjonar frå det fyrste paradigmet understrekar at mobbing er at:

- 1) Nokon skadar nokon andre, enten psykisk eller fysisk.
- 2) Handlinga er gjort med intensjon.
- 3) Handlinga blir gjentatt over tid.
- 4) Det er maktubalanse mellom aktørane (den eine parten kan ikkje forsvara seg) (Smith, 2014).

Barn og unge blir ofte tildelt roller som mobbar og offer, og tiltak blir i hovudsak retta mot den enkelte deltakar, eller deltakarar i mobbesituasjonen. Aggresjon er òg ein sentral del av kunnskapsgrunnlaget i det fyrste paradigmet (Lund & Helgeland, 2020).

Ein kan stilla nokon spørsmål ved definisjonane i dette paradigmet, som mellom anna:

- 1) Er det ein fare for at kontekstuelle aspekt, og dei vaksne sitt ansvar for tilrettelegging av eit inkluderande læringsmiljø blir nedtona?
- 2) Er rolletildeling som *offer, mobbar* og *plagar* stigmatiserande?
- 3) Er omgrepet *negative handlingar* for vidt? Og kven definerer om handlingar er negative eller ikkje?

- 4) Kva med *gjentaking* og *over tid*? Kva blir dette definert som? Skal *gjentakinga* vera ein, to, tre eller feire gonger før det kan omtalaast som mobbing? Vil *over tid* sia i løpet av nokon timar, dagar eller ennå lengre? Kven definerer at noko kjem inn under desse kriteria? Er det den utsette, dei andre barna, eller dei vaksne som har definisjonsmakta?

Dette er spørsmål som blir stilt når ein beveger seg over til «det andre paradigmet», som har eit anna utgangspunkt for korleis ein skal forstå mobbing og mobbeprosessen (Lund & Helgeland, 2020).

### 2.1.2 Det andre paradigmet

I det andre paradigmet blir søkerlyset retta meir mot dei komplekse sosiale prosessane som oppstår når mobbing skjer. Det handlar om korleis angst for å bli ekskludert og lengselen etter å høyra til fører til haldningar og handlingar i sosiale prosessar. Kjønnsperspektivet, og korleis sosiale og strukturelle system i skulen påverkar mobbeprosessar blir løfta fram i dette paradigmet. Fokuset blir flytta frå individ, aggresjon og gjentekne handlingar gjort med vilje, til kontekst og sosiale prosessar (Lund & Helgeland, 2020).

Schott og Søndergaard (2014) har ein definisjon som tydeleg legg vekt på sosiale prosessar. Dei skildrar mobbing som sosiale prosessar på avvege:

Bullying is an intensification of processes of marginalization that occur in the context of dynamics of inclusion/exclusion, which shape groups. Bullying happens when physical, social or symbolic exclusion becomes extreme, regardless of whether such exclusion is experienced and/or intended. [...] This contempt for someone or something may be expressed by behavior that, for example, humiliates, trivializes or makes a person feel invisible, involves harm to person or property, abuse social-media profiles or disseminates humiliating messages via technological communication (Schott & Søndergaard, 2014, s. 13-14).

Denne definisjonen tek òg føre seg digitale medium som mobbekontekst, men dette er mindre relevant i ein barnehagekontekst.

Ein openberr styrke i dette perspektivet kan ein seia at er måten det framhevar eit syn på mobbing som eit sosialt fenomen som oppstår mellom menneske og rammar menneskelege sosiale behov. Heller enn å sjå på individuell aggresjon, kan ein sjå på barns oppvekstvilkår i heim, skule og fritid som kontekstuelle faktorar i mobbeprosessen. Det betyr ikkje at barna sine eigne individuelle føresetnadar ikkje er ein del av dei sosiale prosessane, men tiltak og endring blir retta inn mot dei relasjonelle og kontekstuelle faktorane (Lund & Helgeland, 2020).

Schott og Søndergaard (2014) vektlegg særleg to sider ved dei sosiale prosessane som utgangspunkt for å forstå mobbing: Angsten for å bli ekskludert, og behovet for å høyra til. Med angsten for å bli

ekskludert brukar ho skildringa *sosial død*. Hovudsaka her er det som skjer mellom barna i det ekskluderande fellesskapet, og ikkje den individuelle opplevinga og dei tilhøyrande emosjonane som høyrer til ved å bli ekskludert. Behovet for å høyra til er ein grunnleggande del av denne prosessen. Angsten oppstår når tilhøyret til gruppa blir trua. Det å oppleva ekskludering kan gje ein følelse av meiningsløyse, av å ikkje bli forstått, ikkje sett, sosialt trua og fråtatt verdigheit. Det motsette av dette inneber å bli inkludert, ha ein følelse av verdigheit, der ein er akseptert, lagt merke til og anerkjent.

For barn handlar det om å finna sin plass og ta den, men samtidig òg gje plass til seg sjølv, til den andre og dei andre. Godt innblanda i denne prosessen kan mobbing oppstå. Det oppstår som ein del av prosessar som har gått seg vill, ofte etterfølgd av følelsar som tek ville vegar. Det er mange følelsar som kan koma til utrykk (sinne, spark, hyling m.m.) når ein er fortvila over å ikkje bli inkludert, eller ein kan visa innagerande åtferd (trekka seg unna, vera engsteleg, grina lett m.m.). Den som utsett barn for mobbing blir ikkje plassert i ein kategori som heiter «mobbar». Det er dei sosiale prosessane som oppstår på bakgrunn av åtferda som ligg til grunn både for førebygging, tiltak og oppfølging. Det er heller ikkje interessant å telja hyppigheita eller måle lengda på mobbesituasjonen. Det er underordna den individuelle opplevinga av utanforskap og gruppa si dynamikk (Lund & Helgeland, 2020).

Forskningsprosjektet *Hele barnet, hele løpet; mobbing i barnehagen* (Lund et al., 2015) presenterer ein definisjon innan dette perspektivet. Definisjonen deira er: «Mobbing av barn i barnehagen er handlinger fra voksne og/eller andre barn som krenker barnets opplevelse av å høre til og være en betydningsfull person for fellesskapet» (Lund et al., 2015, s. 45).

Denne definisjonen vektlegg barnet si oppleving av krenking knytt til ekskludering frå fellesskapet og vaksne si rolle i barnehagen når det gjeld inkludering av alle barn. Omgrepa *gjentatt* og *over tid*, som blir brukt i fleire etablerte definisjonar av mobbing er ikkje med her. Grunnen til dette er at tidsaspektet er problematisk når det kjem til enkeltepisodar som kan vera utslagsgivande om dei blir sett på i samanheng med andre opplevingar i barnehagekvarden. Det hevdast òg at mobbing handlar om å krenka små barn sine opplevingar av det grunnleggande behovet barn har for tilhørsel (Lund et al., 2015).

Lund og Helgeland (2020) hevdar at ein med bakgrunn i ei forståing for dei sosiale prosessane som går føre seg mellom barn og unge, heller enn å fokusera på til dømes barna sin aggressivitet, kan fokusera på følgande tema:

- Dei vaksne sitt ufråvikelege ansvar i barnehage og skule.
- Dei vaksne si evne til å forstå barn, rettleia dei, deira åtferd, emosjonelle utrykk og dei sosiale prosessane som går føre seg med varme og tydelegheit.

- Dei vaksne sin samarbeidskompetanse på alle nivå (med barn, foreldre, kvarandre og systema rundt).

I dette prosjektet blir definisjonen frå Lund et al. (2015) vektlagt. Det er ein pågåande diskusjon om barn i barnehagealder er i stand til å utføra handlingar med hensikt til å såra andre. Ut frå ei forståing av at små barn ikkje er kognitivt utvikla til å utføra handlingar med den hensikt til å såra ein annan, kan det hevdast at Lund et al., (2015) sin definisjon passer betre i ein barnehagekontekst. Denne definisjonen er ikkje meint å erstatta etablerte definisjonar. Den representerer eit ønske om å bidra til å utvida forståinga for kva utfordrande sosiale prosessar barn møter i barnehagen. Med dette perspektivet på mobbing blant barn blir òg hovudansvaret for mobbesituasjonar lagt på dei vaksne og systema rundt.

## 2.2 Kva veit me om mobbing i barnehagen?

Mobbeåtfert har i dei siste tiåra fått stadig større merksemd internasjonalt, både politisk og innanfor forskingsfeltet. Skulesektoren har fått størst fokus frå forskarane, medan barnehagen har vore i vesentleg mindre grad i fokus (Bistrong et al. 2016; Alsaker & Nägele 2008; Alsaker & Gutzwiller-Helfenfinger 2010, sitert i Idsøe & Roland, 2017 s.13). Mobbing er eit relativt nytt tema i barnehagesektoren. Når det gjeld barnehagesektoren er mobbing, både som omgrep i praksisfeltet, og innan forsking, eit relativt nytt tema. Det er gjort nokon undersøkingar.

Ei undersøking som vart gjennomført av Alsaker (1997) i Bergen i 1991, er truleg den første internasjonale undersøkinga som handla om mobbing i barnehage. Ut frå resultata var det berre svara angåande fysisk aggressjon som kunne nyttast, som var litt problematisk. Dei fekk klassifisert at 16,8 % av barna kunne vera potensielle barn som mobbar, og 10 % av barna kunne bli utsett for mobbing ut frå analysen av aggressjon og aggressivitet. Denne statistikken kan ikkje klassifiserast som nøyaktig, men han får fram det faktum at aggressive handlingar skjer i barnehagen og at dette kan sjåast på som mobbing (Alsaker, 1997).

Alsaker (1997) kom fram til at talet på barn som var involvert i mobbing verka å auka dess yngre barna var på tidspunktet der undersøkinga vart gjort. Det er nok mange av oss som har vanskar med å tru at barn ned i tre – fireårsalderen bevisst og systematisk kan trakassera andre barn. Pettersen kom i 1997 med påstanden om at ikkje berre skuleelevar mobbar, men også barnehagebarn. Dette var fyrste gang i Norge at det vart hevdat at mobbeåtferta me observerer i skulen også eksisterer i barnehagen. Om tendensen som er avdekkja på barneskulen òg gjeld i barnehagen, hevdar han at barnehagertilsette bør vera på vakt (Pettersen, 1997).

Winsvold og Gulbrandsen (2009) kom med rapporten *Kvalitet og kvantitet. Kvalitet i en barnehagesektor i sterk vekst*. I denne kjem det fram at mobbing førekjem i norske barnehagar, og at fleire barnehagar brukar hjelpemiddel som *Være sammen*, *Steg for steg* og liknande for å motverka mobbing. I ei forskingsundersøking om barns trivsel og medverknad i barnehagar i Norge gav 12 % av barna tilbakemelding om at dei ofte opplever å bli plaga av andre barn (Bratterud et al., 2012).

Idsøe og Roland (2017) refererer til resultat frå internasjonal forsking som påstår at byrjande mobbeåtferd blir observert frå tre- til seksårsalderen (Vlachou et al. 2011, Repo & Sajaniemi 2015a), og om lag tre fjerdedelar av barna deltek i ein form for angrep på andre barn (Hanish & Guerra, 2005). Vidare hevdar Idsøe og Roland (2017) at negative handlingar som dytting, å ta leiker, risting, biting, slag, med meir, er vanleg og skjer hyppig i tidleg alder, spesielt frå toårsalder fram til om lag fireårsalder.

Lund et al. (2015) undersøkte foreldra, dei tilsette og barna sitt syn på mobbing i barnehage. Prosjektet viste stor semje om at det skjer mobbing i barnehagen, men at dei vaksne lett kan bagatellisera mobbinga ved å utvisa ei haldning om at det vil gå seg til. Barna som var deltakarar i prosjektet, opplevde at den verste forma for mobbing er å ikkje få vera med i leiken. Resultata visar i følge forskarane at dei vaksne i for liten grad erkjenner at òg barnehagebarn kan mobba.

Blant forskarar og barnehagetilsette er det ein pågående diskusjon om mobbing er ei nemning som bør brukast om dei negative handlingane som skjer blant barn i barnehagen. Det blir stilt spørsmål om, og eventuelt korleis, omgrepet mobbing kan overførast til ein barnehagekontekst. Eit viktig punkt i diskusjonen er om mobbeomgrep har noko å tilføra det pedagogiske arbeidet i barnehagen (Winsvold & Gulbrandsen, 2009). Som organisasjon er barnehagen sitt pedagogiske fundament heilt annleis enn skulen sitt når det kjem til omsorg, leik og læring. Pålerud (2004) er einig i at barn stenger barn ute av leik, og at dette skjer over tid. Likevel er ho redd for at bruk av mobbeomgrep kan bli eit blindspor i utviklinga av barnehagars innhald. Ruud (2010) har valt å nytta alternative omgrep for å skildra åtferda til barnehagebarn. Desse omgropa er *avvisning* og *ignorering*, og åtferda ho skildrar med desse orda samsvarer med kriteria til mobbing. Ho grunngjev valet med at omgropa er meir presise og dekkande for den åtferda som blir observert blant barnehagebarn. Pettersen (1997) framhevar på si side at det viktigaste er å ta problemet på alvor, ikkje venta og sjå, gripa inn i situasjonane før dei får gjera store skader. Han hevder at det har betydning at me erkjenner at det førekjem mobbing i barnehagen og at dette blir aktivt jobba med.

## 2.2.1 Mobbeåtferd hjå barnehagebarn

Er det nokon kjenneteikn for barn som mobbar, og barn som blir utsett for mobbing? Idsøe og Roland (2017) skriv om kjenneteikn og om kven som er i risiko for å byrja å mobba andre barn og kven som er

i risiko for å bli utsett for mobbing. Små barn kan visa byrjande mobbeåtferd på mange måtar i barnehagen. Ofte gjennom direkte fysisk aggressjon, eller direkte verbal aggressjon, ved å til dømes å ta nokon si leike, eller få nokon andre til å gjera noko mot sin vilje. Aggressivitet er ein del av normalutviklinga, men nokon barn kan eksperimentera med bruken av makt og aggressjon gjennom mobbeåtferd. Alle barn som byrjar i barnehagen har ikkje nødvendigvis tilstrekkeleg kompetanse om korleis ein inngår i positive relasjonar med jamaldra barn. I nokon tilfelle kan dette føra til at ein byrjar å eksperimentera med mobbing (Camodeca et al., 2015). Barn som mobbar blir gjerne ven med andre barn som mobbar, eventuelt dei kan oppmoda andre barn til å delta i mobbinga. Dei kan bli uformelle leiatar i barnegruppa, sjølv om dei samtidig kanskje har underutvikla samarbeidsevner og prososiale ferdigheter (Idsøe & Roland, 2017).

Nokon barn som blir utsett for mobbing, held seg passive og aksepterer mobbinga stillesittande, medan andre kan kjempa tilbake. Desse ulike strategiane kan ha samanheng med barna si evne til sjølvregulering, språkleg utvikling, sjølvhevdning, sosial forståing og empati. Kor barna ligg i utviklinga av desse faktorane, kan medverka til kva ferdigheter ein har når det kjem til å reagera på ein adekvat måte når mobbesituasjonar oppstår (Hay et al., 2004). Dei som er passive er ofte sky, tilbaketrekte og har mindre sosial erfaring enn andre barn. Dei kan ha eit stort ønske om å passa inn, men opplever vanskar med å få vener og å koma inn i sosiale grupper. Dei kan oppleva dårlig behandling, eller bli ekskludert av venene sine, men dei veit ikkje korleis dei skal forhalda seg til situasjonen. At dei føyer seg, og ikkje står opp for seg sjølv, er vanleg. Nokon er heller ikkje klar over at dei blir mobba, og småbarn som blir utsett for mobbing føretrekk ofte å leika aleine (Idsøe & Roland, 2017). I motsetning til dei passive barna, vil nokon vera meir responderande og kjempa tilbake, både verbalt og fysisk. Desse barna blir gjerne ven med likesinna (Perren & Alsaker 2006). Internasjonalt blir desse barna omtalt som *bully-victims*. Det vil seia at dei både blir utsett for mobbing, og mobbar andre.

Tanrikulu (2020) gjennomførte eit forskingsprosjekt som omhandla lærarar i Tyrkia si rapportering av mobbing; kor ofte, kven, kva, når og kvar. Alderen på barna var tre til seks år. Funna indikerer mellom anna at lærarane i det meste er einige i at barn som mobbar er gutter, har åtferdsvanskar, visar leiarskap og er gode på utrykka følelsar. Lærarane var ikkje samde i at barn som mobbar treng spesialpedagogisk oppfølging og følger reglar. Når det gjeld barn som blir utsett for mobbing, var dei fleste lærarane samde i at dei i særleg grad verken er gutter eller jenter, dei følger reglar, er gode til å visa følelsar, men er ikkje samde i at dei er barn som treng spesialpedagogisk oppfølging eller har åtferdsvanskar. Huitsing et al. (2019) fann at barn rapporterer at gutter og jenter blir likt utsett for mobbing av gutter og jenter, medan lærarane rapporterte mindre mobbing som går på kryss av kjønna.

Når mobbing oppstår er det ikke nødvendigvis berre den som mobbar, og den som blir utsett som er ein del av situasjonen. Det er òg gjerne tilskodarar. Desse lærer om mobbeåtfred gjennom å observera dei som mobbar, og dei som blir utsett for mobbing. Mobbeåtfred blir ofte gjennomført framfor andre med hensikt, for å få merksemda deira og for å utløysa deira støtte til mobbinga. Det er viktig å poengtera at intensjon sjeldan er involvert i mobbing når det skjer i barnehagealder (Idsøe & Roland, 2017)

## 2.2.2 Konsekvensar av mobbing

Mobbing har negative konsekvensar både for dei utsette barna og barn som mobbar samt påverkar dynamikken i barnegruppa negativt. Barn som blir utsett for mobbing har betydeleg dårlegare sjølvbilete enn gjennomsnittet. Dette har kome fram i fleire undersøkingar, både her i Norge og i utlandet (Arseneault et al., 2010; Björkqvist et al., 1982; Olweus, 1974; O'Morre & Krikham, 2001; sitert i Roland, 2014 s. 50). Barn som blir utsett for mobbing kan visa ei rekke symptom. Desse kan til dømes vera ilt i magen, ilt i hovudet, føla seg trist/deprimert eller vera engsteleg/redd (Brendgen mfl. 2005) og dei kan nekta å reisa til barnehagen eller nekta å vera igjen i leveringssituasjonen (Idsøe & Roland, 2017). Barne- og familidepartementet (2004) hevdar i heftet *Mobbing i barnehagen* at barn som blir plaga av andre barn, eller av lite omtenksame vaksne, får redusert livskvalitet. Dei kan òg utvikla negative mønster for samspel. Barna med slike *ilt i magen*-symptom som kvir seg for å reisa til skulen eller barnehagen grunna ekskludering, plaging og mangel på meistring, skal ikkje verta møtt med bortforklaringsar som at mobbing ikkje skjer i barnehagen vår eller på skulen vår. Om barn som blir utsett for mobbing ikkje blir tekne på alvor, vil det vera ei dobbel krenking (Rørnes, 2007).

For barn som utsett andre barn for mobbing, kan ein konsekvens vera å bli lettare involvert i slåsting og forstyrrande åtferd, som vidare kan medføra relasjonsproblem. Om dette ikkje blir stoppa tidleg kan det utvikla seg til sterke og vedvarande mobbestrategiar som held fram inn i skulealder og endå lengre (Schott & Søndergaard, 2014).

Konsekvensar for gruppa, hevdar Schott og Søndergaard (2014), er at mobbeåtfred påverkar dynamikken i barnegruppa. Angsten for å bli ekskludert blir forsterka, og dei sosiale prosessane i gruppa vil gå på avvege (til dømes meir maktkamp for å sikra sin posisjon i gruppa). Skildringa *sosial død* understrekar dette; at det som skjer mellom barna i eit ekskluderande fellesskap er ein konsekvens av at mobbing får skje i barnegruppa. Barn som ser mobbing og ikkje grip inn, kan føla seg skyldige og få dårleg samvit. Tilskodarar som ler, eller kanskje blir med på mobbinga, står i fare for å sjølv byrja å meir aktivt utsetta andre barn for mobbing (Salmivalli, 2009). Mobbing kan vera «smittsamt» og spreia seg, og difor er det svært viktig å førebygga og stoppa det så fort som mogleg.

## 2.3 Rammefaktorar og lovverk

Kva rammefaktorar og lovverk er gjeldande i barnehagesektoren? Barnehagebarn i Norge er juridisk beskytta av Barnehagelova (2021). Barnehagelova presiserer at barnehagen skal møta barn med tillit og respekt, og anerkjenna barndomens eigenverdi. Barnehagen skal også bidra til trivsel og vera ein trygg stad for fellesskap og venskap, og motarbeida alle former for diskriminering. Barnehagelova (2021) presiserer i kapittel VIII om *psykososialt barnehagemiljø* at det skal vera nulltoleranse for krenkingar som til dømes utestenging, mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Alle som arbeider i barnehagen, skal gripa inn når eit barn i barnehagen blir utsett for slike krenkingar. I tillegg skal barnehagen jobba førebyggande for å sikra at barna har eit trygt og godt barnehagemiljø, ved kontinuerleg å arbeida for å fremja helsa, trivselen, leiken og læringa til barna. I lova står det òg at alle som arbeider i barnehagen har aktivitetsplikt; ei plikt til å sikra at barnehagebarn har eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø. Alle tilsette skal følga med på korleis barna i barnehagen har det. Alle tilsette skal melda frå til styrar dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at eit barn ikkje har eit trygt barnehagemiljø. Styraren skal melda frå til barnehageeigar i alvorlege tilfelle (Barnehagelova, 2021).

*Manifest mot mobbing* (u.å.) er eit overordna dokument som regjeringa og fleire brukarorganisasjonar har signert. Det første manifestet vart signert i 2002. I 2003 slutta Barne- og familidepartementet seg til arbeidet med manifestet, som førte til at også barnehagane sluttet til manifestet. Alle som er tilslutta manifestet, skal arbeida med å førebygga og stoppa mobbing. Tanken bak manifestet er at innsatsen må bli sett inn der barn og unge oppheld seg. Det er ein samla innsats på ulike arenaer, og på tvers av nivå, som vil gje resultat. Manifestet knytt mobbing opp imot barns rettar: «Alle barn og unge har rett til et oppvekst- og læringsmiljø uten mobbing. FNs Barnekonvensjon slår fast at barn og unge har rett til utvikling, medvirkning, ikke-diskriminering, omsorg, beskyttelse og selvrealisering. Mobbing svekker disse rettighetene» (*Manifest mot mobbing 2011–2014*, 2011, s. 3). I 2016 vart manifest mot mobbing erstatta med *Partnerskap mot mobbing: Sammen for et inkluderende lærings- og oppvekstmiljø 2016–2020* (2015), som no har blitt inngått på nytt for perioden 2021–2025.

Barne- og familidepartementet (2004) er eit hefte som retta seg mot tilsette i barnehagen og foreldra, for å inspirera til auka fokus og aktiv innsats mot mobbing. Heftet skildrar korleis vaksne kan bidra til å førebygga og stoppa mobbing. Døme på tiltak er at vaksne er aktive og merksame deltagarar i barna sin kvardag. (Barne- og familidepartementet, 2004).

Utdanningsdirektoratet gav i 2012 ut rettleiaren *Barns trivsel – voksnas ansvar. Forebyggende arbeid mot mobbing starter i barnehagen*. Denne rettleiaren handlar om arbeidet med å skapa eit godt psykososialt miljø, der barna kan utvikla seg i trygge omgivnadar. Hovudfokuset er på korleis tilsette i

barnehagen kan førebygga mobbing gjennom konkrete handlingar som å vera støttande og anerkjennande vaksne, inneha kunnskap om barns samspel og eiga deltaking for å bidra positivt i samvær med barn (Utdanningsdirektoratet, 2012).

Rammeplanen (Kunnskapsdepartementet, 2017) følger opp dette og poengterer at barnehagen har ei viktig samfunnsoppgåve ved å tidleg førebygga problemåtferd som mobbing. Den seier at personalet skal førebygga, stoppa og følga opp diskriminering, utesesting, mobbing, krenkingar og uheldige samspelemonster. Dette skal personalet gjera ved å arbeida aktivt med å auka barna sin sosiale kompetanse. Barnehagen skal aktivt legga til rette for utvikling av venskap og sosialt fellesskap.

Barnehagen er lovmessig pålagt etter barnehagelova å gripe inn i situasjonar der krenkingar og mobbing skjer, og arbeida aktivt med å førebygga mobbing i barnehagen. Barne- og familiedepartementet si underskrift på *Manifest mot mobbing* og *Partnerskap mot mobbing* understrekar forpliktinga til å førebygga mobbing, og til å følga opp med målretta tiltak for dei barna som er utsett. Heftet *Mobbing i barnehagen* (Barne- og familiedepartementet, 2004) og rettleiaren *Barns trivsel – voksnes ansvar* (Utdanningsdirektoratet, 2017) legg sterke føringar for korleis dette arbeidet skal utførast.

## 2.4 Kva former for mobbing er det i barnehagen?

For å avdekka og førebygga mobbeåtferd, kan det å operasjonalisera ulike former for mobbing fungera som eit hjelpemiddel. I faglitteraturen er det vanleg å dela mobbing inn i fire typar; ei inndeling som nyttast i store deler av nasjonal og internasjonal mobbelitteratur. Dei kan skildrast slik (Olweus, 2009):

1. Fysisk mobbing, der mobbing visar seg fysisk gjennom til dømes slag, spark, dytting og øydelegging av gjenstandar og eigendalar, med meir.
2. Verbal mobbing kan vera truslar og nedlatande, sårande og stygge verbale utsegn retta mot ein eller fleire.
3. Psykisk mobbing kan visa seg i ulike formar, til dømes utfrysing og avvisning, gjennom å senda blikk, spreia rykte, latterleggjera, baksnakka og å brukha ironi.
4. Nettmobbing går føre seg i den digitale verda, sosiale media, med meir.

Desse blir igjen ofte delt inn i to hovudkategoriar: Direkte mobbing og indirekte mobbing, òg skildra som tradisjonell mobbing og skjult mobbing.

Direkte mobbing er til dømes opne angrep mot den som blir utsett for mobbing. Døme på direkte mobbing kan vera å slå, sparka eller å halda nokon fast mot sin vilje. Både fysisk og verbal mobbing kan vera direkte mobbing. Indirekte mobbing kan skje ved at eit barn mottek truslar, blir ignorert eller utesengt frå gruppa. Denne forma for mobbing er mindre synleg og vanskelegare å avdekka. Difor er

ho veldig viktig å vera merksam på. Indirekte mobbing kan vera både verbal, psykisk og nettmobbing. Inndelinga i direkte og indirekte mobbing er basert på kva former for mobbing som blir observert i skulen (Olweus, 1992).

Indirekte mobbing er mobbing som kan skje når vaksne ikkje er til stades (difor også omtalt som skjult mobbing), eller der er handlingar som kan vera vanskelege for vaksne å tolke. Dømer på mobbing som skjer i det skjulte er utpressing og tvang. Verbale former for ekskludering førekjem derimot meir opent (Pettersen, 1997).

Roland (2014) skriv om digital mobbing som ei eiga form for mobbing. Dette førekjem over nett og med mobiltelefonar. I ein barnehagekontekst vil denne forma for mobbing ikkje vera aktuell, då det ikkje er vanleg at barnehagebarn har tilgang på mobiltelefonar eller internett utan oppsyn. Det kan likevel tenkast at i eit førebyggande perspektiv vil det vera aktuelt å byrja å læra barn rett bruk av digitale verktøy i førskulealder.

Det er gjort forsking på kva mobbeåtferd som skjer i barnehagen. Crick et al. (1999) gjennomførte eit prosjekt som bekrefta at både direkte og indirekte mobbing skjer i barnehagen. Perren (2000) fant i sitt prosjekt at både direkte og indirekte mobbing skjer i barnehagen. Gutane anvendte fysisk og verbal mobbing oftare enn jenter, men ho fant ikkje kjønnssorskjeller angåande indirekte former for mobbing. Ostrov et al. (2004) fant i sitt prosjekt at barnehagebarn kan sladra, fortelja løyndomar og spreia sladder. Desse handlingane kunne skje opent og skjult. Prosjektet konkluderte med at jentene utøvde og mottok meir indirekte mobbing, medan gutane utøvde og mottok meir direkte mobbing. Crick et al. (2006) gjennomførte ein longitudinell studie som vara i 2 år. Resultata viste at både direkte og indirekte mobbing kunne observerast heilt ned til 2,5 år.

## 2.5 Førebygging av mobbing i barnehagen

Barnehagen har ei samfunnsoppgåve i tidleg førebygging av diskriminering og mobbing. Dette skal speglast i det daglege arbeidet, ved at barnehagen fremtar positive handlingar og legg til rette for at barn kan utvikla venskap (Kunnskapsdepartementet, 2017).

Barnehagar med eit godt pedagogisk tilbod kan i seg sjølv vera eit førebyggande tiltak. For mange barn vil barnehagen vera ein av dei fyrtste arenaane utanom heimen dei må forhalda seg til. Difor er barnehagen ein viktig del av sosialiseringssprosessen for barna. Barnehagen kan verka førebyggande mot mobbing fordi barnehagebarn lærer å forhalda seg til fleire ulike menneske, både jamaldra og vaksne. I følge Kvello (2015) er det i relasjonen med andre at mykje av utviklinga til barna skjer. I relasjon med andre utviklar barn kunnskap om seg sjølv og sine omgivnadar. På same tid blir barna utfordra til samspel og til å visa omsorg for kvarandre.

Førebygging av mobbing krev at tilsette i barnehagen evner å sjå dei små mobbesituasjonane i ein større heilsak ved å arbeida systematisk og målretta mot å avgrensa ei uheldig utvikling av barns åtferd, før situasjonen går så langt at barnehagen må utføra «brannsløkking» for å forhindra uønska åtferd (Høiby & Trolle, 2009). I heftet *Mobbing i barnehagen* blir det hevdat for å oppnå nulltoleranse mot mobbing, skal ein primært førebygga, og sekundert gripa inn så tidleg som mogleg (Barne- og familidepartementet, 2004).

Ein måte å setta inn forskingsbaserte tiltak på i barnehagen, kan vera å satsa på kompetansebygging for alle tilsette i barnehagar om temaa aggressjon og mobbeåterd. Dei tilsette må få kjennskap til dei teoretiske perspektiva slik at dei kan identifisera åtferd, og samtidig vita noko om tiltak og førebygging. Auka kompetanse vil føra til at barnehagertilsette veit kva dei skal sjå etter, og dei blir tryggare på korleis ein skal gripa inn. Målet må vera at denne kompetansen treff heile organisasjonen, slik at tenkinga etterkvart utgjer ein kollektiv referanseramme (Roland, 2014). Når vaksenmiljøet utviklar god kompetanse på temaa aggressjon og mobbing, vil ein utvikla eit felles omgrevsapparat. Tiltak og handtering blir sikrare og skapar tryggleik blant dei tilsette når det er forankra i teori og forsking (Byrkjedal-Sørby & Roland, 2012).

Barnehagearenaen er ein naturleg plass for å tenka *tidleg innsats*. Tidleg innsats er ei grunnleggande forståingsramme som har blitt vist til i sentrale offentlege dokument dei siste åra. Til dømes Stortingsmelding 16 ... og ingen stod igjen. *Tidlig innsats for livslang læring* (St.meld.16, 2006-2007) og melding til Stortinget 18 *Læring og fellesskap. Tidlig innsats og gode læringsmiljøer for barn, unge og voksne med særlige behov* (Meld. St.18, 2010-2011). Hovudbodskapen er å koma så tidleg som mogleg inn med førebygging, men også så tidleg som mogleg med konkrete tiltak i dei eventuelle sakene som måtte oppstå (Bjørnsrud & Nilsen, 2012). Tremblay (2010) argumenterer her for kvifor det er særskilt viktig med tidleg innsats: «If the earlier the risks the more wide-spread the negative effects, then the corollary is the earlier the preventive intervention the more wide-spread the benefits» (Tremblay, 2010 s. 361). Utbyttet ein får av intervensionar er altså meir gjennomgripande jo tidlegare ein grip inn. Når me då veit at mobbing førekjem i tidleg alder, og er forbunde med risiko for vedvarande vanskar, bør det vera innlysande at intervensionar må starta allereie i barnehagealder.

Lee (2020) fant i si longitudinelle forsking på unge barns mobberollar i relasjon til dominansen og venerelasjonar der målet var å utforska (1) relasjonen mellom mobberoller og dominansen, (2) relasjonane mellom mobberollar og venerelasjonar med jamaldra, (3) prosentandelen av mobberolleendring over tid og (4) endringa i mobberollar i relasjon til dominansen og venerelasjonar. Resultata indikerer at dominansen bør vurderast i arbeidet med å førebygga mobbing. Det var og

påpeika at intervension bør implementerast så tidleg som mogleg for å stoppa mobbing i tidleg barndom.

Tilsette i barnehage er rollemodellar for barna, og bidreg gjennom sin eigen veremåte til å læra barn sosiale ferdigheiter. Arbeidet med vaksenrolla, foreldresamarbeid og sosial kompetanse er viktige faktorar å løfta fram i arbeidet med å førebygga mobbing i barnehage.

### 2.5.1 Vaksenrolla i barnehagen

Kvaliteten i barnehagen blir i stor grad skapt av dei tilsette. Dei er ein sentral ressurs ved at dei brukar seg sjølv som reiskap i arbeidet med barna (Kunnskapsdepartementet, 2017). Barnehagertilsette må ha kunnskap og evne til å forstå dei sosiale prosessane og behova som er i barnegruppa, samtidig som kvart enkelt barn blir møtt ut frå eigne forutsetningar (Midtsand et al., 2004). Dei tilsette har moglegheit til å sørga for at alle barn, uavhengig av bakgrunn, opplever å bli sett og anerkjent gjennom å vera ein bevisst voksen som legg til rette for at barna skal kunne knyta venskap og gode relasjoner. Dersom tilsette ikkje er aktive i samhandlinga med barna, kan dette bidra til å skapa eit ekskluderande og upersonleg barnehagemiljø (Barne- og familidepartementet, 2004).

I *Rammeplan for barnehagen* (Kunnskapsdepartementet, 2017) står det at dei tilsette skal vera tydelege rollemodellar og sikra god kvalitet i barnehagekveldagen. Tilsette skal sjå til at barna får gode relasjoner, venskap, danning, leik, læring og positive opplevelingar i fellesskapet. I dette arbeidet ligg det eit behov for at dei tilsette nyttar seg sjølv som ein ressurs (Kunnskapsdepartementet, 2017). Tilsette i barnehagen har ansvaret for å førebygga og stoppa mobbing, og tydeleg visa at det er uakseptabelt om dette skulle oppstå (Barne- og familidepartementet, 2004). For å få innsyn i barna sine sosiale prosessar, og for å avdekka om mobbing førekjem, er observasjon eit nyttig pedagogisk verktøy. Er det ein ser mellom barna ei umoden handling, eller er det blitt eit gjentakande handlingsmønster? Dette kan ein undersøka ved hjelp av observasjon (Idsøe & Roland, 2017). På same tid må ein vera merksam på barna sin trivsel og samspel, då det er nødvendig å vera aktivt deltagande for å kunna gripa inn dersom det er nødvendig (Barne- og familidepartementet, 2004).

Roland (2014) hevdar at ein vil kunna bygga opp tillit gjennom rasjonelle argument og omsorg for dei ein leiari. Leiaren må visa at positiv åtferd er ønska ved å komplimentera dette, og visa at negativ åtferd ikkje er ønska. Barna må få tydeleg beskjed om kva som er og ikkje er akseptabelt. Når ein er tydeleg og har gode relasjoner til barna vil grensesetting bli meir varig (Roland, 2014). Denne autoritative leiarrulla vil difor vera ein grunnleggande og nødvendig plattform i handteringen av negativ åtferd og mobbing. Forsking har vist at autoritative vaksne gjer best mogleg tilpassingar for barnet, der positive handlingar blir fremja og negative handlingar blir redusert (Idsøe & Roland, 2017). Om

mobbesituasjonar oppstår må dei vaksne gripa inn og gje tydelege beskjedar til barna, og samtidig støtta dei i å finna prososiale tilnærmingar og hjelpe dei til å bygga relasjonar (Idsøe & Roland, 2017).

Repo og Sajaniemi (2015b) gjennomførte eit prosjekt med formål å finna blant anna kva pedagogiske praksisar barnehagar har relatert til mobbeåtferd og førebygging av mobbing. Resultata deira avdekkja tre faktorar som kan forklara 20 % av mobbinga: 1, antal barn med særskilde behov, 2, bruk av metodar og disiplin og til slutt 3, når tilsette vurderer sin eigen ekspertise i å gripa inn i mobbing som høg, var det mindre mobbing. Dei fann og at dei med høgare utdanning rapporterte meir mobbing enn dei utan høgare utdanning.

Når mobbing kom inn som eit nytt element i Rammeplanen frå 2017 (Kunnskapsdepartementet), oppsto det eit behov for endring- og læringsprosessar blant dei tilsette i barnehagen. Idsøe og Roland (2017) hevda at inkludering er ein grunnleggande verdi, då mobbing er negative handlingar som motverkar inkludering. Viktige nøkkelfaktorar i arbeidet med å førebygga og handtera mobbing vil vera å ha god kunnskap, gode haldningar og ei felles forståing blant dei tilsette, som sikrar kvaliteten i arbeidet (Idsøe & Roland, 2017). Vaksne må, som rollemodellar i barnehagen, støtta og ta omsyn til kvart enkelt barn, samtidig som ein skapar ein trygg plass for venskap og deltaking i fellesskapet. Gjennom eigen veremåte kan ein læra barna å vera gode rollemodellar og støtta dei i deira sosiale ferdigheter (Utdanningsdirektoratet, 2012).

I den nye barnehagelova (2021) er nulltoleranse og førebyggande arbeid mot mobbing blitt lovfesta, i tillegg er barnehagen plikta til å sikra at barnehagebarna har eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø. Dette er ei aktivitetsplikt. Stette (2021) skriv om pliktane:

- **Plikt til å følgja med:** Det aller viktigaste for tilsette i barnehagen er at dei opprettheld si plikt til å følgja med, er merksame og nærverande til stades. Dette betyr i praksis at dei er merksame på det dei ser, høyrar og opplever i relasjon til enkeltbarn gjennom dagen. Det betyr også at tilsette er fokusert på korleis dei sjølv er, og på ein open og «venleg-nysgjerrig» måte tek imot det som blir observert og formidla gjennom ord og kropp. I denne plikta er det eit krav til handling der observasjonsrutinar, strukturar og forventningar til tilsette er tydeleg avklart.
- **Plikt til å melda ifrå:** Tilsette i barnehage skal melda ifrå til sin leiar om dei får mistanke om eller kjennskap til at enkeltbarn, eller fleire barn i ei barnegruppe, ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø. Det skal vera ein låg terskel for å melda ifrå. Vidare har leiar plikt til å melda ifrå til barnehageeigar i alvorlege tilfelle.
- **Plikt til å undersøka:** Om tilsette i barnehagen observerer, høyrer eller har mistanke om at eit barn ikkje har det trygt og godt, skal dei undersøka saka nærmare med det same. Her er det også låg terskel for kva som skal undersøkast. Det skal undersøkast straks dersom barn seier

at dei ikkje har det trygt og godt, eller om foreldra opplever at barnet deira ikkje har det bra i barnehagen.

- **Plikt til å setta inn tiltak:** På bakgrunn av undersøkingar som har blitt gjort, skal barnehagen setta inn eigna tiltak ut frå faglege vurderingar. Tiltaka kan vera gruppefokusert og individretta.

I tillegg til desse pliktene, understrekar Rammeplanen (Kunnskapsdepartementet, 2017) at barnehagen skal dokumentera når barn ikkje har det trygt og godt i barnehagen. Det er som sagt viktig at barnehagen har ei felles forståing om korleis dette arbeidet skal gå føre seg, og at kvar enkelt tilsett veit kva plikter dei har og kva som blir forventa av dei.

For å kunne dokumentera, må ein fyrst observera. Det er gjort undersøkingar kring kunnskapsstatus om observasjon i barnehagelærarenes utdanning og profesjon. Børhaug et al. (2018) peikar i sin rapport om barnehagelærarrolla, på betydninga av at barnehagelærar gjennom utdanning får tilgang til eit vidt spekter av metodar og det teoretiske grunnlaget for dette. Dei seiar òg at det er eit sterkt individfokus i barnehagelæraren sitt arbeid med, og syn på, barn, og mindre mot fellesskapsverdiar og prosessar i gruppefellesskap. Til dømes blir barns åtferdsproblem forklart med at dei stammar frå barnet, og/eller at dei har med foreldra og barna sin familiesituasjon å gjera. Barnehagekonteksten og blikket på seg sjølv synes å bli utelate. Ein studie blant praksislærarar (Birkeland & Ødegaard, 2018) viste at dei i liten grad gjennomfører systematisk observasjon. Observasjonen er i høg grad uformell, og kollektiv refleksjon basert på skriftlege gjorte observasjonar er det lite av. Studien indikerer at hovudfokuset i observasjonsarbeidet er på samspelet mellom barn, samt språk, og lite på blant anna korleis dei vaksne bidreg i samspelet med barn. Felles for desse studiane er at forfattarane løftar fram og problematiserer manglande vektlegging av forskingsmetodologisk kompetanse i barnehagelærarenes utdanning og profesjon (Birkeland & Ødegaard, 2019). Om dette er tilfellet i barnehagane kan ein stilla spørsmål ved kva dei andre tilsette (fagarbeidarar/assistentar) i barnehagen kan om observasjon, når kanskje barnehagelærarane sjølve, som ofte er avdelings/teamleiar, har utilstrekkeleg observasjonskunnskap.

## 2.5.2 Samarbeid med føresette

Ein viktig del av førebygginga av mobbing, er å ha eit nært og godt samarbeid med foreldra til barna. Barnehagar har eit ansvar for å legga til rette for godt foreldresamarbeid. I melding til Stortinget 6, *Tett på – tidlig innsats og inkluderende felleskap i barnehage, skole og SFO*, kjem det fram at:

Regeringen forventer at alle barnehager og skoler legger til rette for et godt foreldresamarbeid og møter alle foreldre med respekt for og anerkjennelse av hva de kan bidra med. Det er barnehagens og skolens ansvar å organisere samarbeidet på en slik måte at alle foreldre kan delta og bidra, uavhengig av bakgrunn og forutsetninger (Meld. St6, 2019-2020, s. 24).

Dette er tydeleg tale som legg føringar for kvar enkelt kommune. Barnehagar skal legga til rette for eit samarbeid prega av dialog, der foreldra si medverknad er ein føresetnad for samarbeidet (Lund & Helgeland, 2020).

Barnehagelova (2021) § 1-1 poengterer at: «Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling». Rammeplanen (Kunnskapsdepartementet, 2017) følgjer opp dette og poengterer at samarbeid med barna sin heim skal ligga til grunn for alt barnehagen gjer. Tilsette og føresette har eit felles ansvar for å oppnå eit inkluderande og godt psykososialt miljø som førebygger diskriminering og mobbing (Kunnskapsdepartementet, 2017). Det er difor veldig viktig å ha eit godt og tett samarbeid med heimen, for å på best mogleg måte fremja sosial kompetanse og førebygga mobbing.

For å oppnå god sosialisering i barnehagen, bør primær- og sekundærsosialiseringa vera i samsvar til ein viss grad. Imsen (2016) hevdar at primærsosialiseringa er den første oppsedinga og påverkinga eit menneske går igjennom i barndommen. Dette går føre seg i heimen og i nærmiljøet, og det gjer individet til eit medlem av samfunnet. Sekundærsosialiseringa er ei påverking som kjem seinare, og som styrar eit allereie sosialisert individ inn i nye område av samfunnet (Berger et al., 2000). Ein kan difor tenka at barnehagen si oppseding og opplæring er ein form for sekundærsosialisering, som bygger på primærsosialiseringa. Om barnehagen ikkje samsvarar med primærkulturen, og framstår for ukjent for barnet, vil dette kunne redusera sjansen for at barnehagen si oppseding og opplæring blir ein del av barnet sin identitet (Imsen, 2016). Difor er det viktig å bygga eit godt og nært samarbeid med foreldra, for å sikra at primær- og sekundærsosialiseringa i noko grad er samkøyrt. Eit godt samarbeid blir skapt gjennom å bli godt kjent med foreldra (Rørnes, 2007). Dei tilsette i barnehagen sine personlege og pedagogiske føresetnadar påverkar møtet med foreldra (Sveen, 2013), og det er svært viktig å bygga opp tillit for at førebygging av mobbing skal forsterkast (Rørnes, 2007). Ved å gje foreldra innblikk i barna sin kvardag i barnehagen, med vekt på kva barnet meistrar, kan pedagogen bygga tillit til foreldra. Det er dei tilsette sitt ansvar å sørga for at foreldra føler seg trygge på at barna deira blir sett og tatt godt vare på i barnehagen. Tilliten foreldra har til dei tilsette er eit viktig utgangspunkt for å kunna gå i dialog med foreldra om utfordringar barnet kan ha, som til dømes ufin åtferd mot andre barn (Rørnes, 2007).

Det er viktig å vera bevisst på at det i utgangspunktet er eit asymmetrisk maktforhold mellom den profesjonelle og foreldra. Foreldra er i ein utsett posisjon når barnet deira har blitt utsett for mobbing, eller har mobba eit anna barn. Det kan vera lett for å gå i forsvarsmodus, og la følelsar styra. Difor er det viktig å jobba bevisst saman med foreldra for å finna ut kva som skapar tryggleik for at både foreldra og barna blir møtt på ein god måte (Lund & Helgeland, 2020). Foreldra skal føla at barnehagen

støttar deira oppdragaransvar. Samtidig skal barnehagen utvikla arbeidsformer som får fram foreldra sitt syn på sosial kompetanse, noko som kan vera med på å førebygga mobbing på heimebane. Foreldra er ein veldig viktig støttespelar både innanfor og utanfor barnehagen (Midtsand et al., 2004).

Korleis sikrar ein å oppnå god dialog og samarbeid med foreldre i arbeidet mot mobbing? Fyrst må foreldra må få kjennskap til kva definisjon som gjeld, og kva som kjenneteiknar mekanismane som kan inntraffa i mobbeaktivitet. Om tilsette har denne kunnskapen må han overførast til foreldra på samarbeidsmøte. I tilfelle der mobbing har oppstått i ei barnegruppe må foreldregruppa involverast så tidleg som mogleg (Idsøe & Roland, 2017). Gjennom forskings- og utviklingsprosjektet «Dialog og samarbeid i arbeidet mot mobbing», kom dei fram til tre kjerneomgrep som vart utgangspunktet for dialogen mellom foreldra og dei tilsette i arbeidet mot mobbing: Fleksibilitet, merksamt nærvær og rausheit (Lund et al., 2019). Det vil sei at ein mellom anna er open for å endra mening, er til stades «her-og-no» i samtalet og er raus for foreldra sine meiningar og verdiar. Dette prosjektet resulterte i ein nettbasert dialogmodell ([www.dialogmodellen.no](http://www.dialogmodellen.no)). Hensikta med eit dialogmøte er å få til dialog mellom tilsette og foreldre i arbeidet for eit trygt og godt psykososialt miljø for barna, og å førebygga mobbing. Denne møteforma utfordrar kanskje enkelte barnehagar på ein annan måte enn «vanlege» foreldremøte, som ofte er prega av at barnehagen i stor grad informerer foreldra og har lite avsett tid til dialog. Skal foreldresamarbeid vera ein del av det førebyggande arbeidet mot mobbing i barnehagen, er det ikkje godt nok å berre informera dei om mobbing når det fyrst har oppstått, men heller involvera dei frå byrjinga av. Gjerne gjennom foreldremøte, foreldresamtaler, årsplanar og månadsskriv.

### 2.5.3 Kompetanse og antimobbeprogram

Kvar enkelt tilsett sin kompetanse er ein viktig del barnehagen sin kvalitet. Det kan vera barnehagefagleg/friluftsliv/kunst/musikk-kompetanse med meir. Ein god barnehage klarer å løfta opp ressursane og nyttegjera dei ressursane tilsette har med seg inn i barnehagen. Men kva er kompetanse? Gotvassli (2004) skriv at det er eit samansett og komplekst omgrep. For det første er det ofte ein immateriell ressurs som er vanskeleg å dela opp og kopiera. Kompetansen sit ofte i hovudet til folk eller er innleira i handlingar. Den er difor mindre styrbar og meir mangfaldig enn andre typar ressursar.

Gotvassli (2004) omtalar ein rettleiar som Familie- og forbrukardepartementet gav ut i 1990, om kompetanseoppbygging i barnehagesektoren. I denne rettleiaren frå departementet heiter det at: «Kompetanse brukes her om summen av kunnskaper, ferdigheter, holdninger og erfaringer som finnes hos den enkelte arbeidstaker og i virksomheten som helhet». Denne definisjonen er frå 1990, men innhaldet i kompetanseomgrepet har ikkje endra seg nemneverdig frå den tid (Gotvassli, 2004).

For å styrka kompetansen kring mobbing i barnehagen, har ein framgangsmåte vore å ta i bruk mobbeførebyggande program. Systematisk arbeid med sosial kompetanse viser seg å redusera problemåtferd i barnehagen. Dette viser seg å stemma når ein samanlikna barn i barnehagar som arbeidde systematisk med sosial kompetanse, med barn frå barnehagar der arbeidet med sosial kompetanse er *slik dei alltid har gjort det* (Lamer, 2014). Stortingsmelding 41, *Kvalitet i barnehagen*, viser til ulike program som blir brukt til å styrka sosial kompetanse og motverka mobbing i barnehagen (St. meld41, 2008-2009). Programma som er mest brukt er, *Du og jeg og vi to, Steg for stege*, og eigenutvikla program. *Du og jeg og vi to* er eit program utvikla for å fremja sosial kompetanse hjå barn, samtidig som det har fokus på kompetanseutvikling hjå personalet. *Steg for stege* er eit program for utvikling av sosiale ferdigheter og har tre hovudområde: empati, problemløsing og sinnemeistring. Målsettinga er å auka barns sosiale kompetanse gjennom positiv sosial ferdighetstrening. Program som i utgangspunktet er utvikla for skulesektoren viser seg å vera mindre brukt, som til dømes programma *Olweus, Zero og Mod* (Gulbrandsen & Eliassen, 2013).

Det er viktig å presisera at alle programma nemnt ovanfor ikkje handlar spesifikt om mobbing, men har som fokus å redusera problemåtferd i barnehagen ved å styrka barns sosiale ferdigheter. Gulbrandsen og Eliassen (2013) visar til ein samanheng mellom bruk av antimobbeprogram og rapportering av mobbing. Resultata kan tolkast som at barnehagen sin bruk av antimobbeprogram har blitt motivert av nettopp mobbeobservasjonar i barnehagen. Ei anna mogleg tolking er at bruk av slike program heng saman med høgare bevisstheit om mobbeproblematikk i barnehagen. Dersom barnehagertilsette systematisk arbeidar med førebygging av mobbing, vil det vera naturleg å tenka at dei er meir disponerte for å oppfatta førekommst av mobbing. Systematiske program bidreg i tillegg til å synleggjera at barnehagen har nulltoleranse for mobbing, og gjer ei oppskrift for korleis ein kan reagera når mobbing avdekkast, i staden for at det er tilfeldig.

Forsking frå OECD (Schleicher, 2019) visar at arbeidsforhold er avgjerande når det kjem til kvalitet. Låg kvalitet kan skuldast at tilsette har ansvar for store barnegrupper, at det er låg vaksentettheit, og at arbeidsmengda er stor. Ein annan faktor kan vera manglande tid til samarbeids- og planleggingsmøte, som kan føra til at dei tilsette får ei oppleving av stress og ein følelse av å ikkje strekka til. Med tanke på å sikra god kvalitet i barnehagen er det veldig viktig å heva og vidareutvikla tilsette sine kvalifikasjonar. Mindre barnegrupper og nok tilsette til å sjå og støtta det enkelte barn si læring og utvikling visar seg og å vera ein føresetnad også for prosesskvaliteten i barnehagen (Schleicher, 2019)

Det har vore ein debatt om bruk av program. Det er blitt større krav i skule og barnehage om å basera seg på evidensbasert forsking. Dette kravet spring ut av eit forkynningsparadigme der ein er opptatt av å auka læraren sin profesjonalitet ved å gje dei tilgang til forskingsbasert kunnskap om kva prinsipp,

metodar og veremåtar som gjer best resultat for barna si læring. Denne kunnskapen er basert på kontrollerte studiar om «kva som verkar» og kva som «ikkje verkar» i pedagogisk praksis (Ogden, 2008). Dei som er imot dette hevder at slik forsking vil føra til at personale i si yrkesutøving vil bli stadig meir styrt av teknikkar, metodar og sikker vitskapeleg kunnskap, på kostnad av sensitive vurderingar og bruk av profesjonelt skjønn i konkrete samspelsituasjonar. Metodefridomen, det pedagogiske handlingsrommet og profesionaliteten kan forsvinna (Steinsholt, 2009). Kvello (2013) meiner at det er viktig at program basert på evidensbasert forsking må skildra nokon nøkkelområder, og at dei kan bidra til god praksis både på skule-/barnehageforskning som peikar på nyttige, verksame metodar og veremåtar, og på kritiske refleksjonar, erfaring og profesjonelt skjønn.

#### 2.5.4 Sosial kompetanse

Sosial kompetanse kan bli sett på som ei førebyggande vaksine i forhold til mobbing i barnehagen (Rørnes, 2007). Fokuset på sosial kompetanse for å førebygga mobbing verkar å vera den rådande diskursen i barnehagen (Helgesen, 2014). Sosial kompetanse handlar om å lykkast i å meistra samspel med andre. Dette har stor betydning for barna sine moglegheiter til å meistra barnehagekvarldagen, livet på skulen og blant vene (Lamer, 2014). Det handlar dessutan om evna til å danna og vedlikehalda sosiale relasjoner, som førar til trivsel og utvikling (Drugli, 2013). Rammeplanen (Kunnskapsdepartementet, 2017) følger opp dette og poengterer at barnehagen skal ha ein førebyggande funksjon og utjamna forskjellar. Å utvikla barna sin sosiale kompetanse er vesentleg for å motverka utvikling av problemåtferd som diskriminering og mobbing (Kunnskapsdepartementet, 2017). Sosial kompetanse handlar om barna si evne til å tilpassa seg krav frå miljøet rundt seg, og til å fremja eigne behov og ønsker på ein effektiv og sosialt akseptabel måte (Ogden, 2001). Ogden (2001) definerer sosial kompetanse på denne måten:

Sosial kompetanse er relativt stabile kjennetegn i form av kunnskap, ferdigheter og holdninger som gjør det mulig å etablere og vedlikeholde sosiale relasjoner. Den fører til en realistisk oppfatning av egen kompetanse, er en forutsetning for sosial mestring, og for å oppnå sosial akseptering eller etablere nære og personlige vennskap (s. 207).

Denne definisjonen understrekar at sosial kompetanse omhandlar både kunnskapar, ferdigheter og haldningar hjå barna. Barna treng kunnskap for kunna forstå sosiale situasjonar, løysa problem og vurdera konsekvensar eigne val kan ha. Meistring av sosial kompetanse inneber også ferdigheter i å kunna regulera både tenking, førelsar og åtferd. Gjennom dette kan sosiale mål bli nådd, som til dømes å skaffa seg vene eller få innpass i barnegruppa. Gode haldningar og motivasjon er avgjерande for å gje eit godt inntrykk, samt å kunna regulera eigne førelsar i samhandling med andre. Sosial kompetanse

kjem til uttrykk som venskap og sosial aksept blant jamaldra. I tillegg er positive relasjonar med vaksne eit utrykk for sosial kompetanse (Ogden, 2001).

Det er viktig å gjenkjenna følelsar for å utvikla sosial kompetanse. Barn som fangar opp og forstår andre barn sine emosjonelle signal fungerer betre i sosiale relasjonar, enn barn som ikkje meistrar dette (Drugli, 2013).

For å jobba med sosial kompetanse i barnehagen kan det arbeidast med å læra barn sosiale ferdigheter. Gresham og Elliott (1990) skil mellom fem ferdigheitsdimensjonar: samarbeid, sjølvkontroll, sjølvhevding, ansvar og empati. Dette er evner barna treng for å fungera godt sosialt (Ogden, 2015). Alle desse fem ferdighetene må fungera på eit hensiktsmessig nivå. Om dei er til stades i for stor eller for liten grad, vil dei føra til redusert sosial funksjon totalt sett. Til dømes vil eit barn med for lite sjølvhevding kunna oppfattast som kjedeleg, medan eit barn med for mykje sjølvhevding vil kunna bli oppfatta som egosentrisk. I begge tilfella kan dei vera lite attraktive som leikekamerat (Drugli, 2013).

### 3 Metode og metodiske vurderingar

Dette kapittelet inneheld ein gjennomgang av metodiske val som er gjort før og under gjennomføringa av datainnsamlinga, og val kring analysen av datamaterialet. Framgangsmåten og gjennomføringa vil bli gjort greie for. Dette vil dessutan bli grunngjeve med vitskapsteori. Det ligg ei kvantitativ tilnærming i grunnen av dette prosjektet, der SurveyXact vart brukt til å laga og senda ut spørjeskjema. Dette verktøyet vart nytta til å samla inn data, og Statistical Package for Social Sciences (SPSS), versjon 27 vart nytta til å analysera data og svara på problemstillinga.

Denne masteroppgåva har ei deduktiv tilnærming til forholdet mellom teori og forsking og ein kvantitativ forskingsstrategi. Den kvantitative forskingsstrategien har ein strukturert metodikk, og hovudformålet med undersøkinga er å kvantifisera omfanget av variasjon i eit fenomen (Bryman, 2016). Den deduktive tilnærminga inkluderer ontologiske føresetnadnar om verkelegheita, epistemologiske føresetnadnar om korleis verkelegheita kunne bli kjent, og aksiologiske føresetnadnar om dei etiske verdiane i forskinga. Difor er kopplinga mellom teorien og forskinga forankra i det postpositivistiske paradigmet.

#### 3.1 Val av metode

Den samfunnsvitskapelege metoden består av kvantitativ og kvalitativ metode. Ved kvantitativ metode blir omfang og antal lagt vekt på, medan ein i kvalitativ metode søker å gå i djupna og legg vekt på å oppnå ei forståing av sosiale fenomen. Kvantitative studiar kan omfatta store utval, medan det i kvalitative studiar kan hentast ut mykje informasjon av små utval (Thagaard, 2018).

Valet for kva forskingsmetode som er nytta i denne oppgåva er tatt med utgangspunkt i problemstillinga mi: Kva forståing har barnehagertilsette av omgrepene «mobbing», og korleis jobbar dei med det i barnehagen?

For å kasta lys over problemstillinga er det utforma fire forskingsspørsmål som ein ønsker svar på. I tillegg til forskingsspørsmåla, blir det til vist til spørsmål i spørjeskjemaet og kva hypotesar som er formulert for å belysa forskingsspørsmåla. Å gjera vitskapelege undersøkingar inneber ofte å gå inn på eit ukjent område og få svar på spørsmål. Dette kan ofte formulerast som hypotesar. Ei hypotese er ein tanke eller ei oppfatning om samanhengar mellom fenomen som etterprøvast empirisk gjennom innhenting av data. Ved å nytta hypotesar kan ein på førehand danna seg eit bilet av kva ein ventar å finna gjennom undersøkingar (Johannessen et al., 2016). I dette prosjektet er det formulert nokon hypotesar, som vil hjelpe til med å kasta lys over problemstillinga og forskingsspørsmåla.

Spørjeskjema er å finna i vedlegg nummer 2. Forskingsspørsmåla er:

1. Kva åtferd oppfattar tilsette som mobbing? (Spørsmål 9 i spørjeskjemaet)
  - a. Det finst signifikante forskjellar mellom kvinner og menn i oppfatninga på kva som blir sett på som mobbeåtferd.
  - b. Det finst signifikante forskjellar mellom tilsette med og utan høgare utdanning, og mellom tilsette i ulike stillinger når det kjem til deira oppfatning av kva som blir sett på som mobbeåtferd.
2. Korleis oppfattar tilsette barn som mobbar, og barn som blir utsett for mobbing? (Spørsmål 12 og 13 i spørjeskjemaet)
3. Korleis oppfattar dei tilsette si eiga erfaring og kunnskap om mobbing? (spørsmål 6, 8 og 10 i spørjeskjemaet)
  - a. Det finst signifikante forskjellar mellom tilsette med og utan høgare utdanning, og mellom tilsette i ulike stillinger, når det kjem til korleis dei vurderer sin eigen kunnskap om mobbing.
  - b. Det finst signifikante forskjellar mellom tilsette med kort og lang arbeidserfaring i barnehagen når det kjem til korleis dei vurderer sin eigen kunnskap om mobbing.
4. Kva rutinar har barnehagane? Og blir desse følgde? (Spørsmål 7, 14 og 15 i spørjeskjemaet)
  - a. Det finst signifikante forskjellar mellom tilsette i barnehagar av ulik storleik når det kjem til korleis dei vurderer dokumentasjon.
  - b. Det finst signifikante forskjellar mellom tilsette i barnehagar av ulik storleik når det kjem til korleis dei vurderer tiltak.

- c. Det finst signifikante forskjellar mellom tilsette med og utan høgare utdanning, og mellom tilsette i ulike stillingar når det kjem til korleis dei vurderer barnehagen si tiltaksevne.
- d. Det finst signifikante forskjellar mellom tilsette med og utan høgare utdanning, og mellom tilsette i ulike stillingar når det kjem til korleis dei vurderer antimobbeprogram.

For å svara på dette blei det valt ein kvantitativ metode. Grunnen til dette er at prosjektet ønsker å undersøka korleis ståa og praksisen er i barnehagar generelt, og det er då nødvendig med eit større utval. Kvantitativ metode har ein del særtrekk som dannar grunnlaget for dette prosjektet, og det er difor relevant å gje eit kort innblikk i kva det inneber.

### 3.2.1 Kjenneteikn ved kvantitativ metode

Kvantitativ metode har som føresetnad at dei sosiale fenomena som skal målast er så stabile at ein faktisk kan måla dei, og dette er eit viktig kriterium for bruk av metoden. Data kjem i form av observasjonar og blir registrert som taldata. Mange teoretiske omgrep kan ikkje observerast direkte, og må difor konkretiserast gjennom målbare indikatorar. Dette kallast *operasjonalisering*, og inneber at ein «hentar ned» omgrep frå det abstrakte nivået til det konkrete og målbare (Ringdal, 2018).

Kvantitativ metode har historisk sett hatt ei vitskapleg teoretisk forankring i positivisme. Det er det som kan erfarast, sansast og observerast som blir sett på som verkeleg (Kleven & Hjardemaal, 2018). Hypotetisk-deduktiv er ei klassisk tilnærming i denne forskinga. I denne metoden blir det tatt utgangspunkt i ein eksisterande teori. Ut frå dette kan ein så utleia, dedusera, hypotesar. Gjennom empiriske undersøkingar kan ein då bekrefa eller avkrefta hypotesane. Vidare kan dette komplettera teorien, og kan vera grunnlag for nye hypotesar for ny empirisk utprøving. Metoden bygger på eit epistemologisk premiss om at det er ein objektiv realitet som skal avdekkast. I prinsippet skal denne realiteten eksistere uavhengig av dei som lever og fungerer i denne konteksten (Ringdal, 2018). Dette er eit problematisk premiss for til dømes dette prosjektet, som omhandlar konstruerte realitetar som mellom anna vert påverka av vaksne og barn som aktørar i den aktuelle sosiale verkelegheita (Ringdal, 2018).

Ringdal (2018) skriv at refleksjonar av denne arten har medført det som blir karakterisert som eit postpositivistisk perspektiv, som har gjeve impulsar til fleksible metodiske forståingsmåtar. Postpositivismen har brakt med seg ein auka aksept for uformelle og kombinerte metodar og design, med kvalitative og kvantitative metodar i same forskingsarbeid. Grønmo (2016) skriv at positivismen mellom anna vart kritisert for at samfunnsforhold ikkje kan bli betrakta som fakta ein kan observera objektivt, men at menneske i samfunnet er sjølvstendige subjekt som innanfor visse rammer vel korleis

dei vil handla og samhandla. I motsetning til positivismen, som legg vekt på at forskar og forskingsobjekt er uavhengige av kvarandre, vil ein i postpositivismen erkjenna at forskaren sine teoriar, hypotesar, forkunnskapar og verdiar vil påverka kva som blir observert. I denne oppgåva er eit postpositivistisk perspektiv nyttar.

Forskinsstrategien har ein deduktiv framgangsmåte. Det vil seia at utgangspunktet for kva omgrep og variablar ein ønsker å undersøka ligg i teorien. Motsetninga til dette er ein induktiv framgangsmåte, der utgangspunktet er empirien, som ein prøver å skapa teori om (Grønmo, 2016). Sjølve måleinstrumentet i kvantitativ metode er ofte spørsmål i ei spørjeundersøking. Gjennom spørsmål forsøker ein å «måla» det ein ønsker å finna ut av (Ringdal, 2018). Teorigrunnlaget mitt, og forståingsramma i dette prosjektet er gjort greie for tidelegare. Dette er utgangspunktet for utforminga av prosjektet og for spørjeskjemaet.

### 3.2.2 Ontologi, epistemologi og aksiologi

Forsking bygger på nokon grunnleggande filosofiske antakingar, eller føresetnadar, basert på ontologi, epistemologi og aksiologi.

Ontologi omhandlar læra om tinga sin eksistens, deira vesen og eigenskapar. I samfunnsvitskapen vil ontologiske drøftingar mellom anna dreia seg om kva samfunnsforhold som faktisk eksisterer. Epistemologi er kunnskapsteori. I samfunnsvitskapen vil epistemologiske drøftingar blant anna dreia seg om kva som er akseptabel kunnskap om ulike samfunnsforhold (Grønmo, 2016). Det kan seiast at ontologien er representert gjennom dei allmenne forståingssistema våre, det vil seia vitskaplege omgrep, modellar og teoriar, medan epistemologien er representert gjennom den praksisen og dei rutinane som ein nytta for å skaffa til vege slik kunnskap. Dette er vitskapelege forskingsmetodar (Johannessen et al., 2016). I denne oppgåva er fenomenet mobbing (ontologi) skildra i teoridelen, gjennom blant anna kva forsking som er gjort på feltet for å etablera dagens kunnskap (epistemologi) om mobbing. Aksiologi er læra om verdiar og handlar om det verdisynet ein har med seg inn i forskingsfeltet. Som forskar vil ein bli påverka av eigne subjektive og individuelle teoriar (Postholm, 2010). Det er viktig å vera medviten sitt eige verdisyn og forståing, og ta dette i betraktning når ein forskar.

### 3.2 Tverrsnittdesign og spørjeundersøking som måleinstrument

Eit forskingsdesign er ei grov skisse til korleis ei konkret undersøking skal utformast. Ein kan generelt skilja mellom fem typar kvantitative design: eksperimentell, tverrsnitt, longitudinell, casestudie og komparativ design (Ringdal, 2018). I dette prosjektet nyttast eit tverrsnittdesign. Dette er eit tidsdesign, der ein gjennomfører ei innsamling av data frå mange analyseeininger på eitt gitt tidspunkt. Med tverrsnittdesignet er formålet å skildra korleis ting er i notid. Det er dermed ikkje noko grunnlag

for å seia noko om trendar eller utvikling over tid. I dette designet er det vanleg å bruka spørjeskjema til å samla inn data, særleg når ein baserer seg på eit stort, representativt utval. Kvar informant blir spurde ei gong, på eitt tidspunkt. På grunn av problemstillinga og omfanget av dette prosjektet er det hensiktsmessig å nytta tverrsnittdesign.

I dette prosjektet er det blitt brukt spørjeundersøking for å samla inn data. Spørjeundersøkinga vart gjennomført som sjølvutfylling. Det vil seia at informantane sjølv fylte inn svara på skjemaet, og ein har då fordelan med at det blir ei høg grad av standardisering. Alle informantane får det same skjemaet, og den same informasjonen; dei svarar på dei same spørsmåla. Formålet med standardisering er at tilfeldige målefeil blir eliminert. Dette gjev oss då relativt pålitelege data. Denne datainnsamlingsmetoden har òg ei låg grad av nærleik, noko som kan vera ein styrke med tanke på forskareffekten. Forskareffekten handlar om kven forskaren er, saman med påverkinga forskaren kan ha på datainnsamlinga (Ringdal 2018). Metoden er likevel ikkje meir objektiv enn til dømes eit intervju. Grunnen til dette er at sjølv om forskaren ikkje er fysisk involvert i datainnsamlinga, er det forskaren som har formulert spørsmåla gjennom sitt teoretiske grunnlag og sin bakgrunn og forståing (Kleven & Hjardemaal, 2018; Ringdal, 2018).

### 3.2.1 Utforming av spørjeskjema

Barnehagelova (2021) innførte strengare, meir tydelege reglar som skal sikra at alle barn har det trygt og godt i barnehagen. Desse bestemmingane tredde i kraft 01.01.2021. Det har òg blitt gjennomført prosjekt om mobbing i barnehage, som har brakt temaet inn på dagsorden, til dømes Lund et al. (2015). Med bakgrunn i dette er dette spørjeskjemaet utforma for å belysa barnehagetilsette si forståing om mobbenomenet og korleis barnehagar jobbar med dette.

God kvalitet på prosjektet som heilskap er avhengig av at spørjeskjemaet har høg kvalitet. Det er vanleg at spørjeskjema brukar lukka spørsmål med faste svaralternativ. Ein kan òg bruk ein kombinasjon av lukka og opne spørsmål, det vil seia at informanten på nokon av spørsmåla kan formulera svara sjølv (Kleven & Hjardemaal, 2018; Ringdal, 2018). I dette prosjektet er det eitt ope spørsmål i spørjeskjemaet, resten er lukka. Det opne spørsmålet er det valfritt å svara på. Likkert-formatet er eit mykje brukt svarformat for ei gradert vurdering av ein påstand eller eit spørsmål i spørjeundersøking(Ringdal, 2018). I dette formatet er det til dømes 3-7 svarkategoriar som kan strekka seg frå til dømes «heilt einig» til «heilt ueinig». I dette prosjektet sitt spørjeskjema brukast likkert-formatet med 5 svarkategoriar. Svarkategoriene går frå «i ingen grad» til «i svært stor grad», der det er to alternativ som er negative, eitt som er nøytralt, og to som er positive.

Andre viktige prinsipp ved utforminga av eit spørjeskjema er å tilpassa formuleringa i spørsmåla med tanke på målgruppa. Om det er barn eller vaksne som skal svara bør vera avgjerande for korleis

spørsmåla blir formulert. Når sjølvutfylling blir brukt er det også viktig at alle instruksjonar står på skjemaet. Spørsmåla bør vera korte og konkrete, eindimensjonale og enkle å forstå. For å unngå leiande spørsmål blir det tilrådd å bruka nøytrale ord og formuleringar (Ringdal, 2018).

I spørjeskjemaet er det først nokon demografiske spørsmål. Desse er: *kjønn* (kvinne/mann), *stillingstype* (stillingstype kan vera ein av fire; styrar, pedagog, fagarbeidar eller assistent. Desse fire stillingane omfattar i stor grad alle som jobbar med barn i barnehagen), *arbeidserfaring* (til dømes 0-5 år, 6-10 år, etc.), *barnehagestorleik* (til dømes 0-30 barn, 31-60 barn, etc.). Desse demografiske variablane blir omtala som uavhengige variablar i analysedelen av oppgåva.

Deretter er det eit ope spørsmål om ein er einig i påstanden «Barnehagebarns åtferd kan omtalast som mobbing». Dette spørsmålet er det valfritt å svara på, sidan det kan henda at nokon ikkje ønsker å formulera eit svar, men likevel vil halda fram med å svara på undersøkinga.

Etter dei demografiske spørsmåla kjem det 9 spørsmål om blant anna kunnskap, mobbeåtferd og tiltak (sjå vedlegg nr 2).

I alle spørsmåla får informanten presentert ulike påstandar, som dei skal svara på i kva grad dei er einige i. I tillegg er det eitt spørsmål om kor mange mobbesituasjonar tilsette har kjennskap til frå dei tre siste månadane.

Spørsmåla under 1, og 2, er lånt frå Lund, et al. (2015). Dei resterande spørsmåla i undersøkinga har blitt formulert med tanke på litteratur og andre forskingsprosjekt om temaet. Alt i alt er det 15 spørsmål i spørjeskjemaet (sjå vedlegg 2); 5 demografiske spørsmål, og 10 spørsmål knytt opp til forskingsspørsmåla.

### 3.3 Utval og gjennomføring

I kvantitativ metode må ein foreta eit utval av personar, informantar, frå ein større populasjon, der dei valde personane er relevante for den problemstillinga ein har. Å studera heile populasjonen kan vera eit altfor stort prosjekt. Korleis ein vel ut utvalet har stor betydning for prosjektet. Det som er mest ønskeleg er å gjennomføra ei sannsynsutveljing med enkel tilfeldig trekning. Grunnen til dette er fordi dette gjev sikre og gode representative data som kan generaliserast til heile populasjonen. Dette kan ofte vera vanskeleg å få til av praktiske årsaker. Kva ein ønsker å undersøka vil styra både utvalsramma, planlegging og trekking av utvalet, samt sjølve utforminga av spørjeskjemaet. Utvalsramma refererer til den populasjonen som utvalet blir trekt ut ifrå (Ringdal, 2018).

Populasjonen og utvalsramma mi er barnehagetilsette som jobbar med barn. Utvalet består av 607 tilsette frå barnehagar i Norge. I 2020 var det 96 000 tilsette i norske barnehagar (Statistisk sentralbyrå, 2020). I fyrste omgang var utvalsramma mi tilsette i barnehagar i Vestland fylke. I førespurnad om

deltaking, etterspurde eg e-postadresser til barnehagar. Førespurnad om deltaking vart fyrst sendt til kommunane i fylket, men sidan det var få kommunar som svarte, og delte kontaktinformasjon til kommunen sine barnehagar måtte framgangsmåten endrast. Førespurnad vart derfor sendt til alle barnehagar i fylket, og det var etterspurd e-postadresser til tilsette som ønska å delta. Kontaktinformasjon til barnehagane i Vestland fylke vart funne ved å gå inn på kvar enkelt kommune si heimeside. Deretter vart førespurnad om deltaking sendt ut til alle barnehagestyrarar i Vestland fylke. Når dette var gjort, vart det sendt ut førespurnad til alle kommunar i landet, men her fekk berre dei barnehagane i kommunar som svarte tilsendt førespurnaden. Det vart sendt påminningar til både kommunen og barnehagestyrarar. Når e-postadresser til tilsette vart mottatt, fekk desse eit informasjonsskriv om undersøkinga (sjå vedlegg 3), og ei lenke til undersøkinga. Tilsette som ikkje hadde svart, fekk fire påminningar igjennom datainnsamlingsperioden. Dette vart informert om i informasjonsskrivet.

I rekrutteringsperioden var det mest vanleg å ikkje få svar på førespurnaden, og mange av dei som svarte, både kommunar og barnehagestyrarar, takka nei grunna travle dagar no når det er koronatiltak i barnehagane. Det var òg mange barnehagar som allereie hadde deltatt i andre undersøkingar dette året, og difor takka nei. Likevel var det nokon som var positive, og det vart til slutt samla inn e-postadresser til 607 barnehagetilsette. Sidan det berre var i Vestland fylke at alle barnehagane fekk invitasjon til undersøkinga, var det størst oppslutning derifrå.

Utvalet er det som blir omtalt som eit klyngeutval. Det vil seia at informantar er blitt valt «klyngveis» og ikkje enkeltvis. Sidan rekrutteringa var så omfattande, og det var tilfeldig kven som valde å delta, kan ein seia at utvalet i dette prosjektet er eit sannsynsutval. Usikkerheita ved generaliseringa av eit klyngeutval er vanlegvis større enn om me hadde valt like mange tilsette enkeltvis. Dette er på grunn av at mange i dette utvalet er kollegaer (Kleven & Hjardemaal, 2018).

Prosjektet vart gjennomført som ei elektronisk nettbasert spørjeundersøking i programmet SurveyXact. Informantane svarte på undersøkinga frå november 2020 til februar 2021, då det var ei gradvis utsending av invitasjonar i rekrutteringsperioden.

### 3.3.2 Presentasjon av informantane

Av alle barnehagetilsette som fekk invitasjon til å delta, var det 60 som delvis svarte på undersøkinga, og 292 som fullførte. Etter gjennomgang av datamaterialet vart nokon av dei som ikkje hadde fullført fjerna, som regel på grunn av at det berre var dei første spørsmåla som var svart på, og svara gav ingen nytte i vidare analyse. Det er til saman 330 informantar i datamaterialet som blir analysert.

**Tabell 1**  
*Uavhengige variablar*

Variablar	n	%
<i>Kjønn</i>		
Kvinne	301	91.2
Mann	29	8.8
<i>Stilling i barnehagen</i>		
Styrar	44	13.3
Pedagog	170	51.5
Fagarbeidar	67	20.3
Assistent	49	14.8
<i>Kor lenge har du jobba i barnehage?</i>		
0-5 år	72	21.8
6-10 år	56	17
11-15 år	83	25.2
16-20 år	47	14.2
21+ år	72	21.8
<i>Kor mange barn i barnehagen?</i>		
0-30	60	18.2
31-60	101	30.6
61-90	101	30.6
91-120	50	15.2
121-150	18	5.5

Tabell 1 visarar populasjonsfordelinga innan dei ulike uavhengige variablane når det gjeld eigenskapar ved informantane. Av dei totalt 330 informantane var majoriteten kvinner ( $n = 301$ , 91.2 %) og minoriteten menn ( $n = 29$ , 8.8 %). Dei aller fleste var frå Vestland fylke ( $n = 233$ , 70.6 %), deretter var det i Rogaland det var størst oppslutning ( $n = 21$ , 6.4 %). Det er nokon få svar frå dei resterande fylka òg. Av stillingstype er det flest pedagogar ( $n = 170$ , 51.5 %), følgd av fagarbeidrarar ( $n = 67$ , 20.3 %), assistenter ( $n = 49$ , 14.8 %) og styrarar ( $n = 44$ , 13.3 %). Når det gjeld kor lenge dei tilsette har jobba i barnehage, hadde flest jobba i 11-15 år ( $n = 83$ , 25.2 %), følgd av 21+ år ( $n = 72$ , 21.8 %) og 0-5 år ( $n = 72$ , 21.8 %). Til slutt var det dei som hadde jobba i 6-10 år ( $n = 56$ , 17 %) og 16-20 år ( $n = 47$ , 14.2 %). Av barnehagestorleik (antal barn i barnehagen) var det 31-60 ( $n = 101$ , 30.6 %) og 61-90 ( $n = 101$ , 30.6 %) som var vanlegast, følgd av 0-30 ( $n = 60$ , 18.2 %) og 91-120 ( $n = 50$ , 15.2 %). Nokon få jobba i barnehagar med 121-150 barn ( $n = 18$ , 5.5 %).

### 3.4 Kvalitetsvurderingar

Spørjeundersøkingar er forbunde med to typar feilslutningar: feil ved *måleprosessen* og feil ved *representasjonsprosessen*. Feil ved måleprosessen blir knytt til omgropa reliabilitet og validitet, medan feil ved representasjonsprosessen blir knytt til generaliseringa av resultata (Ringdal, 2018).

### 3.4.1 Reliabilitet

Reliabilitet betyr eigentleg pålitelegheit, men i den tradisjonelle forskingslitteraturen blir uttrykket brukt i ei meir avgrensa betydning. God reliabilitet betyr her at data i liten grad er blitt påverka av tilfeldige målefeil. God reliabilitet er ingen garanti for at data er pålitelege når det gjeld andre feilkjelder. Det klassiske reliabilitetsomgrepet er knytt til pålitelegheita i målinga av dei enkelte personar ved målingstidspunktet. I tradisjonell metodelitteratur blir gjerne orda konsistens, stabilitet og nøyaktigheit brukt til å skildra reliabilitet (Kleven & Hjardemaal, 2018). Det er mange ulike statistiske utrekningar som kan fortelja noko om reliabiliteten til data i ein kvantitativ studie, og det er dermed snakk om eit reint empirisk spørsmål. Reliabiliteten er særleg viktig i vitskapelege studiar sidan dårlig reliabilitet svekker omgrevsvaliditeten (Ringdal, 2018).

I dette prosjektet er intern konsistens blitt målt for å kunna seia noko om reliabiliteten til måleinstrumentet som er blitt nytta. Dette kan berre gjerast på samansette mål basert på tverrsnittdata. Eit samansett mål inneber ofte ein skala der ein stiller fleire tilnærma like spørsmål om det same omgrepet for å dekka flest mogleg nyanser av omgrepet. Deretter reknar ein ut ein sumskåre basert på alle svara knytt til same omgrep. Grunnen til at dette er gjort, er fordi samansette mål utjamnar tilfeldige målefeil, som igjen påverkar reliabiliteten. Intern konsistens kan berre nyttast på dei spørsmåla som inngår i ein skala, og blir målt med Cronbachs alfa. Cronbachs alfa består av ein verdi som går frå 0 til 1. Cohen et al. (2011) tilrår følgande retningslinjer for å skildra alfaverdien: >0.90 veldig/høg pålitelegheit, 0.80 – 0.90 høg pålitelegheit, 0.70 – 0.79 påliteleg, 0.60 – 0.69 marginalt påliteleg, <0.60 uakseptabel låg pålitelegheit. Pallant (2016) tilrår derimot ein minimumsverdi på 0.7.

I dette prosjektet er det brukt skalamål for å måla variablar, som vurdering av kunnskap, antimobbeprogram, syn på ulike typar mobbeåtferd, dokumentasjon og tiltak. Nokon av dei samansette måla innehaldt spørsmål som viste ein Cronbachs alfa verdi høgare enn om spørsmålet ikkje var med i utrekninga. Desse vart tatt ut av det samansette målet. Dette førte til at ikkje alle spørsmåla som vart laga om kvar kategori, vart tatt med når skalaar blir laga i SPSS.

I tabell 2 kan ein sjå at alle variablane bortsett frå ein har ein veldig høg reliabilitet (>.90) eller høg reliabilitet (>.80) vurdert med Cronbachs alfa. I tabellen kan ein også sjå at det er variabelen *tiltak* som har høgast reliabilitet med ein Cronbachs alfa verdi på .92 og variabelen *mobbekunnskap* har lågast reliabilitet med ein Cronbachs alfa verdi på .45.

**Tabell 2**  
*Cronbachs alfa verdi på avhengige variablar*

Skala	Gyldige saker	Ekskluderte saker	Cronbachs Alpha	N av indikatorar
Eigen kunnskap	329 (99.7 %)	1 (.3 %)	.823	4
Mobbekunnskap	311 (94.2 %)	19 (5.8 %)	.452	2
Antimobbeprogram	158 (47.9 %)	172 (52.1 %)	.864	4
Fysisk mobbing	310 (93.9 %)	20 (6.1 %)	.907	3
Verbal mobbing	311 (94.2 %)	19 (5.8 %)	.864	2
Psykisk mobbing	310 (93.9 %)	20 (6.1 %)	.833	4
Skjult mobbing	310 (93.9 %)	20 (6.1 %)	.886	3
Dokumentering	293 (88.8 %)	37 (11.2 %)	.921	4
Tiltak	292 (88.5 %)	38 (11.5 %)	.922	7

I tillegg til indre konsistens er det vanleg å nytta allmenn kjeldekritikk når ein skal vurdera reliabiliteten til ein studie. Er instrumentet testa ut på førehand og blitt redigert basert på tilbakemeldingar, vil det ha høgare reliabilitet enn eit heilt nylaga instrument. Tidleg i dette prosjektet vart eit spørjeskjema utforma, og brukt som pilot i ein barnehage. Tilbakemeldingar vart tatt omsyn til i vidare arbeid med spørjeundersøkinga. Spørjeundersøkinga utvikla seg, og undersøkte fleire tema enn piloten, men av ressurs- og tidsmessige grunnar vart det ikkje gjort ny testing av undersøkinga før ho vart sendt ut. Dette er ei svakheit i prosjektet.

### 3.4.2 Validitet

Validitet og operasjonalisering er omgrep som inngår i målingsproblemet. Korleis kan teoretiske omgrep som ikkje er direkte observerbare målast? Dette kan gjennomførast ved å bestemma nokon observerbare indikatorar som kan brukast for å definera omgrepet operasjonelt. Her vil det alltid ligga ei potensiell feilkjelde, og det er om me målar det me trur me målar? Dette blir omtalt som omgrevsvaliditet. Korleis variablar blir definert og målt har betydning for korleis resultat kan bli tolka brukt (Kleven & Hjardemaal, 2018). Medan reliabilitet blir påverka av tilfeldige målefeil, blir validitet påverka av systematiske målefeil. Til dømes er korleis informantane svarar, noko som vil kunna påverka i kva grad me måler det me trur me måler. Er til dømes spørsmåla formulert på ein uhensiktsmessig måte? Leiar spørsmåla gjennom positiv eller negativ formulering fram eit sosialt ønskeleg svar i staden for eit ærleg svar? Det finst fleire andre typar validitet, som alle har til felles at dei inneber ei teoretisk vurdering (Ringdal, 2018).

Ei validitetsvurdering av dette prosjektet inneber blant anna korleis spørsmåla i undersøkinga er formulert og kva dei bygger på. Det er blitt brukt mykje tid på å lesa litteratur og forsking på området for å sikra at det som blir spurta om er relevant. Formuleringane er gjennomtenkt og tilpassa målgruppa, som er tilsette i barnehage, ei gruppe eg sjølv har vore ein del av i lengre tid. Sidan spørsmåla vart formulert av meg sjølv, og det ikkje vart gjort ei nøye utprøving av spørjeskjemaet, kan det henda at

det finst spørsmål i prosjektet som ikkje måler det som blir forsøkt målt. Dette er ei svakheit i prosjektet, og trekk ned validiteten.

Eksisterande forsking på mobbing i barnehage, både norsk og internasjonal, har blitt lese for å danna ei teoretisk forståing om temaet. Den nye barnehagelova (2021), rammeplanen (Kunnskapsdepartementet, 2017), og andre rapportar om mobbing i barnehagen er òg ein del av denne forståinga, og dette styrkar validiteten til prosjektet.

Det vart gjennomført ein pilot, der eit tidleg utkast av spørjeskjemaet var testa, og intervju gjennomført. Tilbakemeldingar frå pilotprosjektet vart tatt med i vidareutviklinga av spørjeundersøkinga.

Eg personleg har bakgrunn som førskulelærar, og har jobba i barnehage over lengre tid. Opplevinga mi er at mobbing som tema har kome meir tydeleg på banen dei siste åra. Bakrunnen min har gjeve meg innsikt i korleis arbeid med mobbing i barnehage kan bli løyst, og elles god kjennskap til korleis barnehagar fungerer som organisasjon.

### 3.4.3 Generalisering og representativitet

Generalisering handlar om feilkjelder som påverkar utvalet si representativitet. Dette blir ofte kalla ytre validitet, og er spesielt viktig i kvantitative studiar. To viktige typar feil er utvalsfeil og fråfallsfeil. Utvalsfeil omhandlar korleis utvalet er utvalt, om det er representativt for populasjonen eller ikkje. Fråfallsfeil kan vera tilfeldige eller systematiske og handlar om kven det er som ikkje svarar. Om fråfallet er systematisk blir det problematisk når utvalet skal representera populasjonen, men om det er tilfeldig vil det utjamna seg til slutt (Ringdal, 2018).

I dette prosjektet har i utgangspunktet alle tilsette i barnehagane som meldte seg villig til å delta, svara. Både styrarar, pedagogar, fagarbeidarar og assistenter fekk svara, noko som gjev eit innblikk i korleis barnehagetilsette i sin heilskap oppfattar mobbing som fenomen, og korleis barnehagar jobbar med dette. Dette sikrar betre generalisering og representativitet.

Spørjeskjemaet sikrar at undersøkinga er generaliserbar og representativ med sin reliabilitet og validitet som er blitt skildra tidlegare.

### 3.5 Forskingsetiske perspektiv

I arbeid med samfunnsvitskapelege prosjekt, vil ein støyta på forskingsetiske aspekt. For å kunna vurdera kva utfordringar som omfattar forskingsprosjektet kan det vera ein fordel å studera nærmare kva utfordringar som relaterer til den aktuelle informantgruppa og dei metodiske vala som gjeld forskingsdesignet.

Informantane si deltaking skal vera frivillig. Lund og Haugen (2006) skriv om dette med tanke på retningslinjene for samfunnvitskapeleg forsking. På bakgrunn av dette er det eit sterkt fokus på at informantar skal ha moglegheit til å trekka seg frå prosjektet kva tid som helst. Å trekka seg skal heller ikkje ha negative konsekvensar for informanten. Dette aspektet av forskingsetikk vart tatt omsyn til i dette prosjektet. Alle informantar fekk tilsendt eit informasjonsskriv (sjå vedlegg 3) om prosjektet, som presiserte kva formålet med prosjektet er, og introduserte kva rettighetar dei har. Thrane (2018) supplerer det etiske perspektivet ved å understreka at forskaren er forplikta til å ikkje skada dei som deltar, og at deira privatliv skal respekterast. Dei skal ha mogelegheit til å trekka seg sjølv om deira privatliv og personvern er tilstrekkeleg ivaretatt.

I følgje Grønmo (2016) påverkast og regulerast samfunnvitskapeleg verksemd av eit sett reglar og normer. Desse utgjer ein samla forskingsetikk. Merton og Storer (1973) formulerte eit utval av dei forskingsetiske normene. Den første norma handlar om forskinga si offentlegheit. Den påpeikar at alle aspekta ved forskinga skal gå føre seg i full openheit og få offentlegheita. Når prosjekt blir publisert og offentleggjort skal framgangsmåtar og resultat opent gjerast greie for. Den andre norma framhevar ei kritisk vurdering av gjennomføringa av forskinga og stadig revurdering av sanninga i samfunnvitskapen. Dette er basert på etterprøving og kritisk drøfting. Det er i denne konteksten viktig å ha ei transparent metodisk gjennomføring slik at etterprøving av resultata er mogleg (Grønmo, 2016). Difor er det viktig at dei metodiske vala er drøfta og nøye planlagt, sidan det skal vera mogleg å retesta og etterprøva prosjektet ved seinare behov. Om ei etterprøving blir gjort, og resulterer i relativt likt resultat, vil dette styrka reliabiliteten til det originale prosjektet.

I gjennomføringa av datainnsamlinga til dette prosjektet var det nokon etiske vurderingar å ta stilling til. I utgangspunktet var dette eit prosjekt som skulle omfatta barnehagar i Vestland fylke, og det kunne vore interessant å samanlikna resultat mellom kommunar. Sidan somme kommunar har få barnehagertilsette, ville det då vore mogleg for lesaren å finna ut kven som svarte kva i nokon kommunar. Difor vart det ikkje samla inn data om kva kommune tilsette arbeidar i.

Lova om personopplysningar forvaltast av datatilsynet (Grønmo, 2016). Det er pålagt at ein som forskar ber om løyve til å forska på områder der personar er ein sentral del av forskinga. I dette prosjektet har Norsk senter for forskningsdata (NSD) vurdert prosjektet og gjeve løyve (sjå vedlegg 1). Meldeskjemanummeret er 262563. NSD vurderer om prinsippet om personvern blir tilstrekkeleg ivaretatt i forskingsprosjektet. Dette er òg ei tryggleik for informantane, nemleg at forskaren opprettheld dei formelle forskingsetiske pliktene sine.

### 3.6 Statistisk analyse

Hovudformålet med å bruka statistikk som reiskap, er å kunna skildra forhaldet mellom variablar, for deretter å kunna knyta dette til forskingsspørsmåla. Hypotesane som er laga for å belysa forskingsspørsmåla påverkar kva analyser som blir gjennomført. Sidan prosjektet inneheld ei spørjeundersøking som når ut til eit større utval og det er ønskeleg å forska på samanhengar, er det hensiktsmessig å nytta analysemетодar som støtter dette. Datamaterialet som vart samla inn med SurveyXact vart importert inn i statistikkprogrammet Statistical Package for Social Sciences (SPSS), versjon 27 for å gjennomføra analyse. Etter å ha sett på ulike kjenneteikn ved utvalet gjennom frekvensfordeling og deskriptive analysar vart grupper for vidare analyse konstruert. Døme på grupper er «kjønn», «arbeidserfaring», «barnehagestorleik» og «stillingstype». I spørjeskjemaet er det brukt samansette mål, der fleire indikatorar forsøker å måla eit konsept. På påstandane som inngår i skalaar har reliabiliteten blitt undersøkt ved å måla intern konsistens i dataa og sjekka verdiane på Cronbachs alfa (Ringdal 2018) Eit døme på samansette mål er at det er fleire påstandar i spørjeskjemaet om tiltak, som alle prøver å måla det same konseptet.

Høgheim (2020, s. 182) skriv at verdiane på variablane kan ha forskjellige målenivå, som angjev kva statistiske analyser som det er hensiktsmessig å gjennomføra under databehandlinga. Det opererast med fire målenivå:

- Normalnivå: Verdiane er gjensidig utelukkande, og kan ikkje rangerast på ein logisk måte.
  - Døme: Kjønn – Kan ikkje vera to kjønn samtidig.
- Ordinalnivå: Verdiane er gjensidig utelukkande, men kan rangerast på ein logisk måte.
  - Døme: Kvalitet, utdanning.
- Intervallnivå: I tillegg til at verdiane kan klassifiserast og rangerast er det mogleg å spesifisera nøyaktige og like intervallar mellom verdiane.
  - Døme: Termometer, det er lik avstand mellom verdiane (gradene).
- Forhaldstallnivå: Er lik intervallnivå, men her blir verdien «0» vektlagt tyngre som eit naturleg nullpunkt.
  - Døme: Alder, høgde.

I dette prosjektet er det variablar på normalnivå (til dømes kjønn), ordinalnivå (til dømes arbeidserfaring) og forhaldstallnivå (til dømes dei samansette måla, kunnskap, tiltak med meir).

Manglande verdiar er handtert ved at berre dei som har svart på spørsmåla er med i dei enkelte analysane. «Hola» i datasettet forårsaka av manglande svar er ikkje særleg mange, og ser ut til å vera tilfeldige. Dei oppfattast difor som uproblematiske (Ringdal 2018).

I spørjeskjemaet var det eit opent spørsmål: «Barnehagebarns åtferd kan omtala som mobbing», der informantane sjølv kunne formulera svaret. Det vil bli sett etter om det er nokon svar som går igjen, og kva som kjenneteiknar dei.

Etter å ha utforska prosjektet sitt datamateriale i SPSS, viste det seg å ikkje vera normalfordelt. Dette vart gjort med å køyre ein test for normalfordeling med Kolmogorov-Smirnov og Shapiro-Wilk. Då dette er eit mastergradsprosjekt, og det vil vera vanskeleg å oppnå stor nok populasjon for å gje normalfordeling, er det for øvingssituasjonen sin del valt å gå vidare med parametiske testar.

### 3.6.1 Operasjonalisering av variablar

I kva grad tilsette i barnehage vurderer eigen kunnskap/kompetanse, bruk av antimobbeprogram, syn på mobbeåtferd, og si eiga og barnehagen si evne til å dokumentera og setta inn tiltak, blir målt gjennom ei rekke spørsmål innanfor kvar kategori. Det blir undersøkt i kva grad tilsette skårar på desse variablane, og gjort samanlikningar på bakgrunn av informantane sine uavhengige variablar. Variablane kjønn, stilling, arbeidserfaring og barnehagestorleik er faste og uforanderlege, og fungerer som bakanforliggende faktorar i prosjektet. Det vil bli undersøkt om dei har ein samanheng med faktorane som er nemnt over.

For å undersøka dei ulike uavhengige variablane under, svarar informantane på i kva grad dei er einige i påstandar. Alternativa er (1) i ingen grad, (2) i liten grad, (3) i noko grad, (4) i stor grad og (5) i svært stor grad.

- **Vurdering av eigen kunnskap:** For å undersøka tilsette si vurdering av eigen kunnskap inngår det påstandar som handlar om til dømes kunnskap og strategiar (omtalt som *eigen kunnskap* i tabellar).
- **Kunnskap om mobbesituasjonar:** For å undersøka tilsette sin kunnskap om mobbesituasjonar, inngår det påstandar som handlar om til dømes intensjon og den utsette si oppleving av situasjonen (omtalt som *mobbekunnskap* i tabellar).
- **Antimobbeprogram:** For å undersøka vurderinga av antimobbeprogram inngår det påstandar som handlar om til dømes opplæring og om det blir satt av tid til å bruka program.
- **Former for mobbing:** For å undersøka tilsette sitt syn på mobbing, skal dei svara i kva grad dei ser på ulik åtferd som mobbing. Åtferda som blir nemnt blir delt inn i *fysisk mobbing, verbal mobbing, psykisk mobbing og skjult mobbing*.
- **Dokumentering:** For å undersøka vurderinga av dokumentering inngår det påstandar som handlar om til dømes tydelege rutinar og om desse blir følgde.
- **Tiltak:** For å undersøka vurderinga av tiltak inngår det påstandar som handlar om til dømes å undersøka mistriksel og om å setta inn tiltak raskt etter oppstått bekymring.

### 3.6.2 Analysemodell og samanhengar

Prosjektet sitt hovudformål er å kartlegga korleis tilsette i barnehagar vurderer sin eigen kompetanse, i kva grad dei ser på ulik åtferd som mobbing og i kva grad dei opplever at barnehagen er god på dokumentering og tiltak. Samtidig er det interessant å sjå om det er ein samanheng mellom dei uavhengige variablane (kjønn, stilling, etc.) og dei avhengige variablane (Kunnskap, antimobbeprogram, etc.)

### 3.6.3 Sentralmål

Sentralmål vil seia eit mål på kva som er typisk for eit utval på ein gitt variabel. Det kan bli oppgjeve som *gjennomsnitt* – middelverdi for ein kontinuerleg variabel, og *median* – verdien som delar utvalet i to. Dette skildrar det som er mest typisk for utvalet, og for å skildra «resten», brukar ein statistisk spreiling. Standardavvik er vanleg å nytta for dette, og det er eit mål for verdien sin gjennomsnittlege avstand frå gjennomsnittet.

I dette prosjektet vart det gjennomført ei gjennomsnittsanalyse mellom prosjektet sine uavhengige variablar for å beskriva sentralmålet – middelverdi for ein kontinuerleg variabel.

### 3.6.4 Forskjellar (T-Test og ANOVA)

For å sjå etter signifikante forskjellar mellom uavhengige og avhengige variablar vil det bli nytta independent-samples t-test (heretter omtalt som t-test) og ein-vegs variansanalyse (heretter omtalt som ANOVA). T-test vil bli nytta for å samanlikna gjennomsnittskåringar på uavhengige variablar som har to grupperingar, til dømes kjønn. Dette blir gjort for å sjå om desse grupperingane har svart ulikt på spørsmåla som blir undersøkt. Denne testen rekner ut ein *p*-verdi som skal vera <0.05 for å reknast som signifikant. Effektstorleiken (Cohens *d*) blir òg rekna ut, og vil fortelja oss kva effekt denne grupperinga har på gjennomsnittskåren (Cohens *d* = .2-liten, .5-moderat, .8-høg). T-test blir nytta for å sjå etter forskjellar på spørsmål 6, 9, 10, 14 og 15 mellom grupperingane «kjønn» og «høgare utdanning/ikkje høgare utdanning).

ANOVA blir nytta når den uavhengige variabelen har fleire grupperingar, som «stillingstype», «erfaring», og «barnehagestorleik». ANOVA-resultatet vil fortelja om det er ein signifikant forskjell. For å undersøka mellom kva grupperingar denne gjeld, vil ein Post-hoc (Bonferroni) bli nytta. Effektstorleiken (Eta-squared) blir òg rekna ut, og fortel oss kva effekt grupperinga har på gjennomsnittskåren (Eta-squared = .02-liten, .06-moderat, .14-høg). ANOVA blir nytta for å sjå etter forskjellar på spørsmål 6, 9 ,10 ,14 og 15.

## 4 Resultat

I dette kapittelet vil resultata frå analysen bli presentert. Analysen er gjennomført ved hjelp av SPSS.

Kvar av dei fire forskingsspørsmåla blir presentert i sitt eige delkapittel.

### 4.1 Barnehagetilsette si oppfatning av «mobbing i barnehage»-fenomenet og ulike former for mobbing

Her vil resultat knytt til forskingsspørsmål 1; «Kva åtferd oppfattar tilsette som mobbing?» bli presentert. Spørsmål 5 og 9 i spørjeundersøkinga omhandlar dette.

Spørsmål 5 spør om barnehagebarns åtferd kan omtalast som mobbing. På dette svarte mesteparten ja ( $n = 296$ , 89.7 %), medan fåtalet svarte nei ( $n = 34$ , 10.3 %).

Det vart stilt eit oppfølgingsspørsmål om kvifor dei svara ja eller nei. Her er nokon døme på grunngjevingar som vart gjeve.

Kvifor ja?

- «Jeg har 15 toåringer på avdelingen. Allerede i denne alderen ser jeg helt klart tendenser tilbevisst mobbing. Dette kommer ikke i form av ord, men gjentatte handlinger. Den handlingen jeg ser er utestenging fra lek og sosialt samvær. Samme barna som utestenger noen utvalgte.»
- «Når det går ut over enkelte barn flere ganger.»
- «Noen barn har en strategi som gir de makt over andre. (Utestenging) Det ser ut til at usikkerhet og stort behov for å kontrollere omgivelsene fører til denne type adferd. Noen barn har en grenseprøvende adferd hjemme som de også bruker som strategi for å prøve ut andres barn tålegrense. (Plaging)»
- «Mobbing er gjentatte negative hendelser fra en part til en annen som skjer over tid. Det kan være fysisk som dytting, slag, spytting eller psykisk som erting og driftslenging. Vi ser begynnende mobbeadferd allerede hos små barn. Barnet som utøver handlingene kan være uviten av hva det påfører et annet barn, derfor mener jeg det er viktig å skape en bevissthet rundt begrepet "mobbing" og hva det betyr. I saker hvor vi ser begynnende mobbeadferd hos et barn er det viktig å ta grep og følge opp både "mobberen" og "mobbeofferet".»

Kvifor nei?

- «Eg er ikkje så oppteken av merkelappen mobbing, men alle barn skal ha eit trygt barnehagemiljø. Det kan vera ulike grunnar til at eit barn ikkje kjenner seg trygg, uansett kva grunnen er skal personalet observera, reflektere, ha kontakt med foreldra, setja inn tiltak,

prøva ut og evaluere. Av og til er det mobbing, men det er like viktig å arbeida med borna si åtferd før det utviklar seg til mobbing.»

- «Mobbing er ei beivist handling, i barnehagen er det ofte ikkje beivist, dei forstår ikkje konsekvensane, og det er ikkje meint som mobbing. ordet sosiale relasjonar på avvege er betre synest eg.»
- «Fordi barn ikke mobber med en ond hensikt på lik linje som større barn»
- «Syns det er ett sterkt ord å bruke på små barn, som enda ikke skjønner konsekvensene av sin adferd»

Summert ser ein at tendensane i *ja*-svara er at mobbeåtferd blir observert i barnehagen, og at det skjer over tid, mot enkeltbarn. Utestenging blir ofte nemnt som døme på mobbing. Tendensane i *nei*-svara er blant anna at barnehagebarn ikkje veit kva dei gjer, og sidan åtferda ikkje er gjort med hensikt, er det ikkje mobbing. Det blir i tillegg nemnt at mobbing er eit for negativt ord, og at åtferdsproblematikk må arbeidast med uavhengig om det blir omtala som mobbing eller ei. 1 av 10 var ueinige i påstanden om at barns åtferd kan omtalast som mobbing.

I spørsmål 9 blir det spurt i kva grad ein ser på ulik åtferd som mobbing. I tabell 3 ser ein blant anna korleis påstandane har blitt skåra.

**Tabell 3**  
*Deskriptiv statistikk om påstandar kring mobbeåtferd*

	<i>n</i>	Min	Max	<i>M</i>	<i>SD</i>
Ekskludering frå leik	311	2	5	3.77	.821
Å ta andre sine ting	311	1	5	2.90	.797
Bruk av stygge ord og namn	311	1	5	3.84	.810
Sei stygge ting om andre	311	2	5	3.98	.785
Truslar ("om du ikkje?, vil eg ikkje leika med deg")	311	2	5	3.50	.898
Spreia hemmelegheiter	310	1	5	3.15	.837
Oppfordra andre barn til å ignorera/ekskludera visse barn	310	1	5	4.29	.741
Spreia rykte og baksnakka andre	310	1	5	4.18	.770
Etterlikna nokon på ein ikkje-flatterande måte	310	1	5	3.97	.800
Å dytta, sparka og slå (fysisk aggressjon)	310	2	5	3.96	.868
Å øydelegga andre sine gjenstandar	310	2	5	3.83	.868
Å fysisk øydelegga leik for eit barn/andre barn	310	2	5	3.75	.834

I tabell 3 ser ein at informantane vurderer åtferda «oppfordra andre barn til å ignorera/ekskludera» ( $n = 311$ ,  $M = 4.29$ ,  $SD = .74$ ), «spreia rykte og baksnakka andre» ( $n = 310$ ,  $M = 4.18$ ,  $SD = .77$ ) og «sei stygge ting om andre» ( $n = 311$ ,  $M = 3.98$ ,  $SD = .76$ ) høgast, og påstandane «truslar» ( $n = 311$ ,  $M = 3.50$ ,  $SD = .89$ ), «spreia hemmelegheitar» ( $n = 310$ ,  $M = 3.15$ ,  $SD = .84$ ) og «å ta andre sine ting» ( $n = 311$ ,  $M = 2.90$ ,  $SD = .78$ ) lågast.

I tabellen under er påstandane om mobbeåtferd slått saman i skalaar om fysisk, verbal, psykisk og skjult mobbing.

**Tabell 4**  
*Deskriptiv statistikk om variablane kring mobbeåtferd*

	<i>n</i>	Min	Max	<i>M</i>	<i>SD</i>
Fysisk mobbing	310	2	5	3.85	.786
Verbal mobbing	311	2	5	3.93	.687
Psykisk mobbing	311	1.5	5	4.00	.643
Skjult mobbing	310	2	5	4.15	.695

I tabell 4 visast at informantane gjennomsnittleg har svart at dei er litt mindre enn «i stor grad» einige i påstandane om fysisk mobbing ( $M = 3.85$ ,  $SD = .786$ ) og litt meir enn «i stor grad» einige i påstandane om skjult mobbing ( $M = 4.15$ ,  $SD = .695$ ).

Vidare vil resultata til hypotesane knytt til forskingsspørsmålet blir presentert.

**Hypotese:** Det finst signifikante forskjellar mellom kvinner og menn i oppfatninga på kva som blir sett på som mobbeåtferd.

**Tabell 5**  
*Resultat av t-test med kjønn som gruppevariabel*

	Kvinne		Mann		<i>df</i>	<i>t</i>	<i>p</i>	Cohens d
	<i>M</i>	<i>SD</i>	<i>M</i>	<i>SD</i>				
Fysisk mobbing	3.88	.78	3.44	.78	308	2.804	.005	.778
Verbal mobbing	3.96	.68	3.58	.68	309	2.785	.006	.680
Psykisk mobbing	4.03	.64	3.68	.60	309	2.688	.008	.638
Skjult mobbing	4.18	.69	3.82	.71	308	2.517	.012	.689

Ein t-test vart gjennomført for å samanlikna skåren på variablane om mobbing for kvinner og menn. I tabell 5 ser me at det er ein signifikant forskjell i skåren for kvinner ( $M = 4.18$ ,  $SD = 0.69$ ) og menn ( $M = 3.82$ ,  $SD = 0.71$ ;  $t(308) = 2.52$ ,  $p = .012$ , two-tailed). Effektstorleiken (gjennomsnittsforskjell = 0.36, 95 % CI: 0.08 til 0.63) er moderat (Cohens d = .69). Dette er variabelen med lågast p-verdi. Variabelen med høgast p-verdi er fysisk mobbing der det er ein signifikant forskjell i skåren for kvinner ( $M = 3.88$ ,

$SD = 0.70$ ) og menn ( $M = 3.44$ ,  $SD = 0.78$ ;  $t(308) = 2.80$ ,  $p = .005$ , two-tailed). Effektstorleiken (gjennomsnittsforskjell = 0.44, 95 % CI: 0.13 til 0.76) er moderat (Cohens d = .78). Dei kvinnelege informantane har høgare oppfatning av dei fysiske, verbale, psykiske og skjulte formane av mobbing i barnehage samanlikna med dei mannlige. Det vart òg gjennomført ein t-test på påstanden ekskludering frå leik, der det er ein signifikant forskjell mellom kvinner ( $M = 3.81$ ,  $SD = .82$ ) og menn ( $M = 3.35$ ,  $SD = .75$ ;  $t(309) = 2.79$ ,  $p = .006$ . Effektstorleiken (gjennomsnittsforskjell = 0.46, 95 % CI: 0.18 til 0.97) er høg (Cohens d = .81).

Det finst signifikante forskjellar mellom menn og kvinner og deira oppfatning av forskjellige former for mobbing i barnehage. Vidare vil det bli undersøkt om det finst nokon signifikante forskjellar mellom tilsette i forskjellige stillingar og deira oppfatning av ulike former for mobbing i barnehage.

**Hypotese:** Det finst signifikante forskjellar mellom tilsette med og utan høgare utdanning, og mellom tilsette i ulike stillingar når det kjem til deira oppfatning av kva som blir sett på som mobbeåtferd.

Fyrst vart ein t-test gjennomført for å samanlikna skåren på variablene mellom informantar med høgare utdanning (H-U) og informantar utan høgare utdanning (Utan H-U).

**Tabell 6**  
*Resultat av t-test med utdanning som gruppevariabel*

	H-U		Utan H-U		<i>df</i>	<i>t</i>	<i>p</i>	Cohens d
	<i>M</i>	<i>SD</i>	<i>M</i>	<i>SD</i>				
Fysisk mobbing	3.91	.77	3.70	.81	308	2.228	.027	.781
Verbal mobbing	4.00	.67	3.80	.70	309	2.459	.014	.682
Psykisk mobbing	4.08	.60	3.85	.65	309	3.035	.003	.635
Skjult mobbing	4.24	.65	3.96	.76	308	3.324	.001	.686

Ein t-test vart gjennomført for å utforska utslagskrafta utdanning har på informantane si vurdering av mobbeåtferd. Ut ifrå tabell 6 ser ein at det er ein signifikant forskjell i skåren for skjult mobbing mellom dei med høgare utdanning ( $M = 4.24$ ,  $SD = .77$ ) og dei utan ( $M = 3.96$ ,  $SD = .76$ ;  $t(308) = 3.32$ ,  $p = .001$ , two-tailed). Effektstorleiken (gjennomsnittsforskjell = .28, 95 % CI: .16 til .61) er moderat (Cohens d = .69). Dette er variabelen med lågast p-verdi. Variabelen med høgst p-verdi er fysisk mobbing der det er ein signifikant forskjell i skåren for tilsette med høgare utdanning ( $M = 3.91$ ,  $SD = .77$ ) og dei utan høgare utdanning ( $M = 3.70$ ,  $SD = .81$ ;  $t(308) = 2.23$ ,  $p = .027$ , two-tailed). Effektstorleiken (gjennomsnittsforskjell = .21, 95 % CI: .03 til .51) er moderat (Cohens d = .78). Dei tilsette med høgare utdanning har høgare oppfatning av den fysiske, verbale, psykiske og skjulte forma av mobbing i barnehage samanlikna med dei tilsette utan høgare utdanning. For å undersøka dette nærmare vart det òg gjort ein ANOVA mellom-grupper for å utforska utlagskrafta stillingstype har på informantane si vurdering av mobbeåtferd.

**Tabell 7***ANOVA med stillingstype som gruppevariabel*

Variabel	Styrar		Pedagog		Fagarbeidar		Assistent		df	F	p
	M	SD	M	SD	M	SD	M	SD			
Fysisk mobbing	4.10	.73	3.87	.77	3.66	.76	3.75	.87	3.306	2.713	.045
Verbal mobbing	4.23	.68	3.94	.66	3.88	.68	3.69	.71	3.307	4.981	.002
Psykisk mobbing	4.31	.57	4.02	.60	3.89	.67	3.79	.73	3.307	6.023	.001
Skjult mobbing	4.45	.60	4.12	.65	3.96	.74	3.95	.78	3.306	5.648	.001

Informantane er delt inn i fire grupper (styrar, pedagog, fagarbeidar og assistent). Ut frå tabell 7 ser ein at det var ein statistisk signifikant forskjell på  $p < .001$  nivå mellom stillingstypene på skåren om skjult mobbing:  $F(3.306) = 5.65$ ,  $p = .001$ . Effekten stillingstypene har på variabelen, rekna ut med eta squared er .052. Post-hocsamanlikninga indikerer at gjennomsnittskåren for styrarar ( $M = 4.45$ ,  $SD = .60$ ) er signifikant forskjellig frå pedagogar ( $M = 4.12$ ,  $SD = .65$ ), fagarbeidrarar ( $M = 3.96$ ,  $SD = .74$ ) og assistentar ( $M = 3.95$ ,  $SD = .78$ ). Resultata indikerer òg at det er ein statistisk signifikant forskjell når det gjeld psykisk mobbing (mellom styrar og pedagogar/fagarbeidrarar/assistantar; eta squared = .056), verbal mobbing (mellom styrar og assistent; eta squared = .046) og fysisk mobbing (mellom styrar og fagarbeidar; eta squared = .026).

Resultatet kring denne hypotesen viser at det finst ein signifikant forskjell mellom dei tilsette med og utan høgare utdanning og deira oppfatning av ulike former for mobbing i barnehage. Det er òg ein signifikant forskjell mellom stillingstypene kring dette. I neste kapittel vil resultat kring dei tilsette si oppfatning av barn som mobbar og barn som blir utsett for mobbing bli presentert.

#### 4.2 Tilsette i barnehage si oppfatning av barn som mobbar og barn som blir utsett for mobbing i barnehagen

Her vil resultat knytt til forskingsspørsmål 2; «Korleis oppfattar tilsette barn som mobbar, og barn som blir utsett for mobbing?» bli presentert. Spørsmål 12 og 13 i spørjeundersøkinga undersøker dette. I tabellane under blir resultat presentert i prosent, og dei fem svarkategoriane i undersøkinga er blitt slått saman til 3. Dei to negative og dei to positive svaralternativa er slått saman, slik at me står att med ein negativ, ein nøytral, og ein positiv kategori.

**Tabell 8***Frekvensstatistikk om kjenneteikn på barn som mobbar*

Spørsmål:	n	Svarkategori (verdi) og fordeling i prosent		
Barn som mobbar...		(1) i mindre grad	(2) i noko grad	(3) i større grad
Er oftare gutar	302	65.2	34.8	0.0
Er oftare jenter	302	52.6	37.7	9.6
Gutar og jenter mobbar likt	302	10.6	28.5	60.9
Følger reglane i barnehagen	299	14.0	67.9	18.1
Er ofte aleine i barnehagen	299	53.2	42.1	4.7
Har åtferdsvanskar	299	25.8	58.5	15.7
Er populære blant venene sine i barnehagen	299	5.4	47.8	46.8
Kan uttrykka følelsar	299	17.1	56.5	26.4
Har gode sosiale kommunikasjonsferdigheter	299	15.1	51.8	33.1
Er barn som treng/får spesialpedagogisk oppfølging	299	47.5	45.5	7.0

I tabell 8 ser ein at tre av fem av informantane meiner at både jenter og gutar mobbar likt, halvparten meiner at barn som mobbar er populære blant venene sine i barnehagen, ein tredjedel meiner at barn som mobbar har gode sosiale kommunikasjonsferdigheter og ein fjerdedel meiner at barn som mobbar kan uttrykka følelsar. Vidare visar tabell 9 at tre av fem meiner at barn som mobbar ikkje er oftare gutar, halvparten meiner at barn som mobbar ikkje er ofte aleine i barnehagen, ikkje er oftare jenter og ikkje er barn som treng/får spesialpedagogisk hjelp og ein fjerdedel meiner at barn som mobbar ikkje har åtferdsvanskar. Vidare skal ein sjå på kjenneteikn til barn som blir utsett for mobbing.

I tabell 9 ser ein at tre av fem av informantane meiner at både jenter og gutar blir likt utsett for mobbing, at halvparten meiner at barn som blir utsett for mobbing følger reglane i barnehagen, samt at ein femtedel meiner at barn som blir utsett for mobbing kan unngå mobbing med litt innsats. Vidare visar tabell 10 at nesten alle informantane meiner at barn som blir mobba ikkje fortener å av og til bli mobba, at tre av fem meiner at barn som blir utsett for mobbing ikkje har litt skuld sjølv, ikkje er oftare gutar og kan unngå mobbing med litt innsats, at halvparten meiner at barn som mobbar ikkje er oftare jenter eller har høg sjølvtilleit, at to av fem meiner barn som blir utsett for mobbing ikkje treng/får spesialpedagogisk oppfølging, eller har åtferdsvanskar. I neste kapittel vil resultata kring informantane si oppfatning av eigen kunnskap og kompetanse til å førebygga og handtera mobbing bli presentert.

**Tabell 9**

Frekvensstatistikk om kjenneteikn på barn som blir utsett for mobbing

Spørsmål:	n	Svarkategoriar (verdi) og fordeling i prosent		
Barn som blir utsett for mobbing:		(1) i mindre grad	(2) i noko grad	(3) i større grad
Er oftare gutter	294	59.9	39.5	0.7
Er oftare jenter	294	54.1	40.8	6.1
Gutar og jenter blir utsett likt for mobbing	294	8.8	30.3	60.9
Følger reglane i barnehagen	294	3.7	50.7	45.6
Er ofte aleine i barnehagen	294	19.7	68.4	11.9
Har høg sjølvtillit	294	50.3	45.6	4.1
Har åtferdsvanskar	294	37.4	59.2	3.4
Er populære blant venane sine	294	22.1	65.1	12.6
Kan uttrykka følelsar	294	12.6	71.1	16.3
Er barn som treng/får spesialpedagogisk oppfølging	294	41.8	53.1	5.1
Har gode sosiale kommunikasjonsferdigheter	294	19.0	70.7	10.2
Har litt skyld sjølv	294	62.6	34.4	3.1
Fortenar av og til å bli mobba	294	92.5	7.5	0.0
Kan unngå mobbing med litt innsats	294	57.1	25.5	17.3

#### 4.3 Barnehagertilsette si oppfatning av eigen kunnskap og kompetanse til å førebygga og å handtera mobbing

Her vil resultat knytt til forskingsspørsmål 3; «Korleis oppfattar dei tilsette si eiga erfaring og kunnskap om mobbing?» bli presentert. Spørsmål 6 og 10 spør om dette i undersøkinga. Det er og blitt sett etter forskjellar for å kasta lys over hypotesane knytt til forskingsspørsmålet.

På spørsmål 6, som omhandlar vurderinga av eigen kunnskap og kompetanse, har påstandane blitt slått saman til ein skala. Informantane vurderer seg gjennomsnittleg til å ligga midt mellom «i noko grad» og «i stor grad» ( $M = 3.53$ ,  $SD = .530$ ) einig i dette spørsmålet. Skåringa går frå minimum 2 til maksimum 5.

Spørsmål 10 handlar om kunnskap om mobbepheomenet. Tabell 10 visar at informantane er «i stor grad einig» ( $M = 4.01$ ,  $SD = .84$ ) i påstanden «det er mobbing dersom den utsette opplever det som

mobbing», og dei er midt mellom «i liten grad» og «i noko grad» ( $M = 2.64$ ,  $SD = .87$ ) einige i påstanden «det er mobbing kun når barnet gjer det med vilje».

**Tabell 10**

*Deskriptiv statistikk på spørsmål om mobbekunnskap*

	<i>n</i>	<i>M</i>	<i>SD</i>
Det er mobbing dersom den utsette opplever det som mobbing	311	4.01	.835
Eingongsepisode av mobbing, er òg mobbing	311	2.78	.932
Barnehagebarn veit kva dei gjer når dei mobbar andre	311	3.09	.704
Det er mobbing kun når barnet gjer det med vilje	310	2.64	.870
Min 1 og maks 5			

Vidare vil resultat knytt til hypotesane bli presentert.

**Hypotese:** Det finst signifikante forskjellar mellom tilsette med og utan høgare utdanning, og mellom tilsette i ulike stillingar, når det kjem til korleis dei vurderer sin eigen kunnskap om mobbing.

Ein t-test vart gjennomført for å samanlikna skåren på variablane for vurdering av eigen kunnskap mellom informantar med og utan høgare utdanning. Her er stillingstypane styrar og pedagog slått saman, og fagarbeidar og assistent slått saman. I tabell 11 ser ein at det var ein signifikant forskjell i skåren for dei med høgare utdanning ( $M = 3.61$ ,  $SD = 0.53$ ) og dei utan høgare utdanning ( $M = 3.39$ ,  $SD = .51$ ;  $t(242) = 3.58$ ,  $p = .000$ , two-tailed). Effektstorleiken (gjennomsnittsforskjell = .21, 95 % CI: 0.18 til 0.64) er moderat (Cohens d = 0.51). Informantar med høgare utdanning vurderer eigen kunnskap høgare enn informantar utan høgare utdanning.

**Tabell 11**

*Resultat på t-test med utdanning som gruppevariabel*

	Høgare utdanning		Ikkje høgare utdanning		<i>df</i>	<i>T</i>	<i>p</i>	Cohens d
	<i>M</i>	<i>SD</i>	<i>M</i>	<i>SD</i>				
Eigen kunnskap	3.61	.53	3.39	.51	242	3,579	.000	.521
Mobbekunnskap	3.16	.46	3.08	.49	309	1.407	.160	.467

Det vart òg gjort ein t-test for å samanlikna skåren for variabelen *mobbekunnskap* mellom informantar med og utan høgare utdanning. Tabell 12 visar at det ikkje er signifikant forskjell i skåren for dei med høgare utdanning ( $M = 3.16$ ,  $SD = .46$ ) og dei utan høgare utdanning ( $M = 3.08$ ,  $SD = .49$ ;  $t(309) = 1.41$ ,  $p = .160$ ). Effektstorleiken (gjennomsnittsforskjell = .08, 95 % CI: -0.07 til 0.41) er liten (Cohens d = 0.47).

Vidare blir det sett på om det er signifikante forskjellar mellom informantar med kort og lang erfaring når det kjem til kunnskap om mobbing.

**Tabell 12**

*Resultat på ANOVA med arbeidserfaring som gruppevariabel*

Variabel	Syrar		Pedagog		Fagarbeidar		Assistent		df	F	p	Eta Squared
	M	SD	M	SD	M	SD	M	SD				
Eigen kunnskap	3.77	.49	3.57	.53	3.43	.55	3.35	.45	3.326	6.234	.000	.054
Mobbekunnskap	3.18	.57	3.15	.43	3.09	.44	3.06	.47	3.307	.736	.531	.007

Ein ANOVA mellom stillingstypar vart gjennomført for å utforska utslagskrafta stillingstype har på informantane si vurdering av eigen kunnskap og mobbekunnskap (sjå tabell 12). Dei tilsette vart delt inn i 4 grupper avhengig av kva stilling dei har (styrar, pedagog, fagarbeidar og assistent). Det var ein statistisk signifikant forskjell på  $p < .001$  nivå ved *eigen kunnskap*-skåren mellom dei fire gruppene:  $F(3, 326) = 6.23$ ,  $p = .000$ . Effekten barnehagestorleiken har på variabelen, rekna ut med eta squared, er .05. Post-hoc-samanlikninga indikerer at gjennomsnittskåren for styrarane ( $M = 3.77$ ,  $SD = .49$ ) er signifikant forskjellig frå fagarbeidrarar ( $M = 3.43$ ,  $SD = .55$ ) og assistentar ( $M = 3.35$ ,  $SD = .45$ ). Det var ingen signifikant forskjell på *mobbekunnskap*-skåren. Vidare vil det bli undersøkt om arbeidserfaring har noko og sei på korleis informantane vurderer sin eigen kunnskap om mobbing.

**Hypotese:** Det finst signifikante forskjellar mellom tilsette med kort og lang arbeidserfaring i barnehagen når det kjem til korleis dei vurderer sin eigen kunnskap om mobbing.

**Tabell 13**

*Resultat på ANOVA med arbeidserfaring som gruppervariabel*

Variabel	0-5år		6-10år		11-15år		16-20år		21+år		df	F	p
	M	SD	M	SD	M	SD	M	SD	M	SD			
Eigen kunnskap	3.38	.52	3.48	.58	3.43	.53	3.70	.46	3.74	.46	4.325	6.646	.000
Mobbekunnskap	3.10	.47	3.17	.47	3.08	.46	3.11	.48	3.20	.57	4.306	.855	.492

Ein ANOVA vart gjennomført for å utforska utslagskrafta arbeidserfaring har på informantane si vurdering av *eigen kunnskap* og *mobbekunnskap* (sjå tabell 13). Informantane vart delt inn i 5 grupper avhengig av kor mange år dei har jobba i barnehage (gruppe 1: 0-5år, gruppe 2: 6-10år, gruppe 3: 11-15år, gruppe 4: 16-20år og gruppe 5: 21+år). Det var ein statistisk signifikant forskjell på  $p < .001$  nivå ved *eigen kunnskap*-skåren mellom dei fem gruppene:  $F(6.646) = 4.33$ ,  $p = .000$ . Effekten

barnehagestorleiken har på variabelen, rekna ut med eta squared er .08. Post-hoc-samanlikninga indikerer at gjennomsnittskåren er signifikant forskjellig mellom gruppe 1 ( $M = 3.38, SD = .52$ ) og gruppe 4 ( $M = 3.70, SD = .46$ ) og gruppe 5 ( $M = 3.74, SD = .46$ ). Det er også signifikant forskjell mellom gruppe 3 ( $M = 3.43, SD = .53$ ) og gruppe 5 ( $M = 3.74, SD = .46$ ). Det er ingen signifikant forskjell på *mobbekunnskap*-variabelen. Vidare vil resultat knytt til informantane sin vurdering av arbeidet mot mobbing blir presentert.

#### 4.4 Barnehagetilsette sitt arbeid mot mobbing i barnehage

Her vil resultat knytt til forskingsspørsmål 4; «Kva rutinar har barnehagane? Og blir desse følgde?» bli presentert. Spørsmål 7, 8, 14 og 15 i spørjeundersøkinga undersøker dette. Resultatet blir presentert med deskriptiv statistikk, og resultat i høve til hypotesane til dette forskingsspørsmålet vil også bli presentert her.

##### 4.4.1 Dokumentering av arbeidet med mobbesaker

Spørsmål 14 spør om dokumentering av arbeidet med mobbesaker i informantens barnehage. Resultata visar at på det samansette målet om dokumentering, visar at gjennomsnittskåren ( $M = 3.47, SD = .758$ ) er cirka midt mellom «i noko grad» og «i stor grad».

Det er stilt ei hypotese om dokumentering:

**Hypotese:** Det finst signifikante forskjellar mellom tilsette i barnehagar av ulik storlek når det kjem til korleis dei vurderer dokumentasjon.

**Tabell 14**

*Resultat på ANOVA av dokumentasjon med barnehagestorleik som gruppevariabel*

	n	M	SD	Min	Maks	df	F	p	Eta squared
Gruppe 1	52	3.50	.58	2	4.5				
Gruppe 2	93	3.57	.76	1	5				
Gruppe 3	87	3.57	.75	1	5				
Gruppe 4	45	3.12	.87	1	5				
Gruppe 5	16	3.17	.69	1	5				
Total	293	3.47	.79	1	5	4.288	4.055	.003	.053

Ein ANOVA test vart gjennomført for å utforske utlagskrafta barnehagestorleik har på informantane si vurdering av dokumentering (sjå tabell 14). Informantane vart delt inn i 5 grupper avhengig av kor mange barn det er i deira barnehage (gruppe 1: 0-30, gruppe 2: 31-60, gruppe 3: 61-90, gruppe 4: 91-120 og gruppe 5: 121-150). Det var ein statistisk signifikant forskjell på  $p < .01$  nivå ved tiltaksskåren mellom dei fem gruppene:  $F(4, 288) = 4.06, p = .003$ . Effekten barnehagestorleiken har på variabelen, rekna ut med eta squared, er .05. Post-hoc-samanlikninga indikerer at gjennomsnittskåren for gruppe

4 ( $M = 3.17$ ,  $SD = .87$ ) er signifikant forskjellig frå gruppe 2 ( $M = 3.58$ ,  $SD = .76$ ) og gruppe 3 ( $M = 3.57$ ,  $SD = .87$ ).

#### 4.4.2 Førebyggande tiltak mot mobbing i barnehage

Spørsmål 15 spør om tiltak rundt førebygging av mobbing. Resultata viser at på det samansette målet om tiltak svarer informantane gjennomsnittleg ( $M = 4.35$ ,  $SD = .53$ ) at dei er litt over «i stor grad» einig i påstandane.

Det er formulert to hypotesar om tiltak som blir presentert under:

**Hypotese:** Det finst signifikante forskjellar mellom tilsette i barnehagar av ulik storleik når det kjem til korleis dei vurderer tiltak.

**Tabell 15**

*Resultat på ANOVA av tiltak med barnehagestorleik som gruppevariabel*

	<i>n</i>	<i>M</i>	<i>SD</i>	Min	Max	<i>df</i>	<i>F</i>	<i>p</i>	Eta Squared
Gruppe 1	52	4.41	.47	3,14	5,00				
Gruppe 2	93	4.45	.55	2,86	5,00				
Gruppe 3	86	4.34	.52	3,29	5,00				
Gruppe 4	45	4.17	.55	3,14	5,00				
Gruppe 5	16	4.26	.50	3,14	5,00				
Total	292	4.35	.53	2,86	5,00	4.287	2.414	.049	.03

Ein ANOVA vart gjennomført for å utforska utlagskrafta barnehagestorleik har på informantane si vurdering av tiltak (sjå tabell 15). Informantane vart delt opp i 5 grupper avhengig av kor mange barn det er i deira barnehage (gruppe 1: 0-30, gruppe 2: 31-60, gruppe 3: 61-90, gruppe 4: 91-120 og gruppe 5: 121-150). Det er ein statistisk signifikant forskjell på  $p < .05$  nivå ved tiltaksskåren mellom dei fem gruppene:  $F(4, 287) = 2.41$ ,  $p = .049$ . Effekten barnehagestorleiken har på variabelen, rekna ut med eta squared er .03. Post-hoc-samanlikninga indikerer at gjennomsnittskåren for gruppe 2 ( $M = 4.45$ ,  $SD = .52$ ) er signifikant forskjellig frå gruppe 4 ( $M = 4.17$ ,  $SD = .55$ ).

**Hypotese:** Det finst signifikante forskjellar mellom tilsette med og utan høgare utdanning, og mellom tilsette i ulike stillingar når det kjem til korleis dei vurderer barnehagen si tiltaksevne.

Ein t-test vart gjennomført for å samanlikna skåren på tiltak mellom informantar med og utan høgare utdanning. Her er styrarar og pedagogar slått saman, og fagarbeidarar og assistenter er slått saman.

Det var ein signifikant forskjell i skåren mellom informantar med høgare utdanning ( $M = 4.40$ ,  $SD = .50$ ) og informantar utan høgare utdanning ( $M = 4.25$ ,  $SD = .59$ ;  $t_{290}(2.35)$ ,  $p = .019$ , two-tailed). Effektstorleiken (gjennomsnittsforskjell = .15, 95 % CI: .05 til .54) er moderat (Cohens  $d = .53$ ).

**Tabell 16**

Resultat på ANOVA av tiltak med stillingstype som gruppevariabel

	<i>n</i>	<i>M</i>	<i>SD</i>	Min	Max	<i>df</i>	<i>F</i>	<i>p</i>	Eta Squared
Styrar	42	4.52	.48	3.14	5.00				
Pedagog	155	4.37	.50	3.14	5.00				
Fagarbeidar	53	4.23	.60	2.86	5.00				
Assistent	42	4.27	.58	3.14	5.00				
Total	292	4.35	.53	2.86	5.00	3.288	2.753	.043	.03

For å undersøke dette nærmere vart ein ANOVA gjennomført (sjå tabell 16) for å utforska utslagskrafta stillingstype har på informantane si vurdering av tiltak. Det er ein statistisk signifikant forskjell på  $<.05$  nivå ved tiltaksskåren mellom stillingstypene:  $F(3.288) = 2.75$ ,  $p = .043$ . Effekten stillingstype har på variabelen, rekna ut med eta squared er .03. Post-hoc-samanlikninga indikerer ikkje signifikante forskjellar, men  $p$  verdien mellom styrar ( $M = 4.52$ ,  $SD = .48$ ) og fagarbeidar ( $M = 4.23$ ,  $SD = .60$ ) er .051.

Vidare vil resultat knytt til informantane si vurdering av antimobbeprogram bli presentert.

4.4.3 Barnehagertilsette si erfaring med å arbeida med antimobbeprogram i barnehagen Spørsmål 8 i spørjeundersøkinga spør om antimobbeprogram. I tabellane under blir resultata presentert i prosent, og dei fem svarkategoriene i undersøkinga er blitt slått sammen til 3. Dei to negative, og dei to positive svaralternativa er slått saman.

Fyrst var det stilt spørsmål om barnehagen informanten var tilsett i nytta eit antimobbeprogram, og kva programmet heitte. Resultatet visar at cirka halvparten av dei spurde jobbar i barnehagar som nyttar eit program. Ja ( $n = 159$ , 48.9 %) og nei ( $n = 166$ , 51.1 %).

**Tabell 17**

Frekvensstatistikk på påstandar om antimobbeprogram

Spørsmål: 8	<i>n</i>	Svarkategoriar (verdi) og fordeling i prosent		
Antimobbeprogram		(1) i mindre grad	(2) i noko grad	(3) i større grad
1. Eg har fått tilstrekkeleg god innføring i programmet	159	8.8	33.3	57.9
2. Eg kan dette programmet godt	158	14.6	34.2	51.3
3. Me set av tid til å bruka det i barnehagen vår	159	22.6	35.8	41.5
4. Dette førebygger mobbing i barnehagen vår	159	13.2	39.6	47.2

Program som vart nemnt er blant anna: IBSM, Skyfritt, Steg for steg, Zero, Dialogmodellen, Barnehagemiljø og krenkelsar, Dei utrulege åra, Den inkluderande barnehagen, Handlingsplan med meir.

Ut ifrå tabell 17 ser ein blant anna at 57.9 % av informantane har svart at dei er i «større grad» einige i påstanden «eg har fått tilstrekkeleg god innføring i programmet», og 22.6 % har svart at dei i liten grad er einige i påstanden «me set av tid til å bruka det i barnehagen vår». Det vart stilt ei hypotese kring dette:

**Hypotese:** Det finst signifikante forskjellar mellom tilsette med og utan høgare utdanning, og mellom tilsette i ulike stillinger når det kjem til korleis dei vurderer antimobbeprogram.

**Tabell 18**

*Resultat på t-test på antimobbeprogram påstandar, med utdanning som gruppevariabel.*

	H-U		Ikke H-U		df	t	p	Cohens d
	M	SD	M	SD				
Påstand 1	3.67	.77	3.41	.85	157	1.877	.062	.799
Påstand 2	3.49	.85	3.20	.88	92	1.953	.054	.859
Påstand 3	3.30	.95	2.98	.84	157	2.032	.044	.915
Påstand 4	3.37	.77	3.31	.86	157	.417	.677	.799

Sjå påstandar i tabell 16 eller i vedlegg (spørjeundersøking spørsmål 8)

Det vart gjort ein t-test for å samanlikna skåren for påstandane på spørsmålet om antimobbeprogram, mellom informantar med og utan høgare utdanning. Tabell 18 visar at på påstand 3 er det ein signifikant forskjell i skåren for dei med høgare utdanning ( $M = 3.30, SD = .95$ ) og dei utan høgare utdanning ( $M = 2.98, SD = .84; t(157) = 2.03, p = .044$ ). Effektstorleiken (gjennomsnittsforskjell = .32, 95 % CI: -.01 til .62) er stor (Cohens d = 0.92). Det er ikkje signifikante forskjellar på dei andre påstandane, men ein ser at dei med høgare utdanning skåra høgast på alle fire.

For å sjå nærmare på dette vart ein ANOVA gjennomført.

**Tabell 19**

*Resultat på ANOVA av antimobbeprogram med stillingstype som gruppevariabel*

Påstand	Styrar		Pedagog		Fagarbeidar		Assistent		df	F	p
	M	SD	M	SD	M	SD	M	SD			
1	4.18	.66	3.53	.75	3.38	.86	3.45	.86	3.155	3.366	.002
2	4.05	.72	3.35	.82	3.29	.85	3.09	.92	3.154	5.741	.001
3	4.32	.57	4.02	.60	3.89	.67	3.79	.73	3.155	3.271	.023
4	3.73	.63	3.38	.78	3.38	.82	3.23	.92	3.155	1.397	.102

Sjå påstandar i tabell 16 eller i vedlegg (spørjeundersøking spørsmål 8)

Ein ANOVA vart gjennomført for å utforska utlagskrafta barnehagestorleik har på informantane si vurdering av påstandane om antimobbeprogram. Informantane er delt opp i 4 grupper avhengig av kva stilling dei har (styrar, pedagog, fagarbeidar og assistent). I tabell 19 kan ein sjå at det var ein statistisk signifikant forskjell på  $p < .01$  nivå ved påstand 1-skåren mellom dei fire gruppene:  $F(3.154) = 5.75$ ,  $p = .001$ . Effekten stillingstype har på variabelen, rekna ut med eta squared er .094. Post-hoc-samanlikninga indikerer at gjennomsnittskåren for styrarar ( $M = 4.18$ ,  $SD = .66$ ) er signifikant forskjellig frå pedagogar ( $M = 3.53$ ,  $SD = .75$ ), fagarbeidrarar ( $M = 3.38$ ,  $SD = .86$ ) og assistentar ( $M = 3.45$ ,  $SD = .86$ ). Ein ser òg at det er ein statistisk signifikant forskjell på påstand 2 og 3. Her indikerer òg post-hoc-samanlikninga at det er ein signifikant forskjell mellom styrarar og pedagogar/fagarbeidrarar/assistentar. Effektstorleiken på påstand 2 = .101, og påstand 3 = .060. På påstand 4 er det ingen signifikant forskjell.

I neste kapittel presenterast resultat knytt til involvering av foreldre i mobbesaker.

#### 4.4.4 Barnehagetilsette si involvering av foreldra i mobbesaker

**Tabell 20**  
*Frekvensstatistikk på påstandar om foreldreinvolvering*

<b>Spørsmål: 7</b>	<b>n</b>	Svarkategoriar (verdi) og fordeling i prosent		
		(1) i mindre grad	(2) i noko grad	(3) i større grad
<b>Når mobbing skjer i barnhagen vår...</b>				
... involverer me alltid foreldra i saken	330	7.0	27.7	65.2
... involverer me berre foreldra til den utsette	330	60.1	30.2	9.8
... involverer me berre foreldra til barnet som mobbar	330	60.9	28.4	10.7
... involverer me både foreldra til den utsette og den som mobbar	330	6.1	26.6	67.3

I tabell 20 ser ein korleis informantane har svara på spørsmål 7, som omhandlar foreldreinvolvering når mobbing førekjem i barnehagen. Ut ifrå tabellen ser ein at om lag 7 av 10 har svart at dei er einige i at foreldra alltid blir involvert, både foreldra til barnet som mobbar og foreldra til den utsette. Medan om lag 3 av 5 er ueinige i at berre foreldre til den utsette blir involvert, og at berre foreldre til barnet som mobbar blir involvert.

## 5 Drøfting

I dette kapittelet vil resultat frå analysen blir drøfta i lys av prosjektet sitt teorigrunnlag. Drøftinga vil følga oppsettet frå førre kapittel, der resultat for kvart forskingsspørsmål vil bli løfta fram. Til slutt vil det koma ei oppsummering av kva dei viktigaste funna er, og ein gjennomgang av metodiske avgrensingar.

### 5.1 Barnehagertilsette si oppfatning av «mobbing i barnehage»-fenomenet og ulike former for mobbing

Resultata frå analysen visar at 9 av 10 av tilsette i barnehage er einige i at barnehagebarns åtferd kan omtala som mobbing. At flesteparten av informantane er einige i dette, svarar til funn som er gjort i tidlegare forsking, blant anna hjå Swit (2018), som intervjuer *early childhood educators* om deira oppfatning av mobbing. Der var 76 % einige i at unge barn er i stand til å mobba. I spørjeundersøkinga mi var det eit oppfølgingsspørsmål kring denne påstanden, som spurte etter grunngjeving om kvifor dei svara ja/nei. Dei som svarte ja nemnte ofte dørmer på mobbeåtferd, som fysisk, verbal og utesettenging, og at dette skjedde gjentatte gonger over tid. Dette gjev eit intrykk at definisjonen dei lenar seg på høyrer heima i det Lund og Helgeland (2020) omtalar som det første paradigmet. Det var òg tilfelle der dei som svarte ja, presiserte i oppfølgingsspørsmålet at dei foretrakk å omtala mobbing som noko anna, til dømes sosiale prosessar på avvegar. Det same gjaldt dei som svarte nei, dei var ikkje einige i bruken av mobbeomgrepet, men at åtferda som det er snakk om er til stades, og må jobbast med. Sidan dette oppfølgingssvaret var valfritt å svara på, er det avgrensa informasjon å henta ut av dette, men det visar at det er ein nyanse i oppfatninga av om det er rett å nytta omgrepet *mobbing* om barnehagebarn si åtferd. Dette kan kanskje indikera at debatten som har vore om mobbeomgrepet i barnehagesektoren er i ferd med å avta. Winsvold og Gulbrandsen (2009) påpeikar at eit viktig punkt i debatten om mobbeomgrepet passer inn i barnehagen, er om det tilfører det pedagogiske arbeidet i barnehagen noko eller om det ikkje gjer det. Om dei tilsette er einige i om dette omgrepet høyrer heime i ein barnehagekontekst er det vanskeleg å seia noko om, men dette resultatet kan uansett vera ein indikasjon på at det er blitt ein aksept for at omgrepet har kome for å bli.

Vidare i undersøkinga vart det sett på kor einige tilsette er i påstandar om mobbeåtferd, både fysiske, verbale, psykiske og skjulte. Resultatet visar at tilsette i barnehage i stor grad er einige i at påstandane om fysisk, verbal, psykisk og skjult mobbing kan omtala som mobbing (sjå tabell 4).

Ostrov et atl. (2004) og Crick et.al (2006) fann i sine prosjekt at både direkte og indirekte former for mobbing blir observert i barnehagen, og det er difor godt å sjå at tilsette oppfattar mobbeåtferd innan desse kategoriane som mobbing, slik at det kan bli gripe fatt i og førebyggast mot.

Det vart formulert to hypotesar for å undersøka dette:

**Hypotese:** Det finst signifikante forskjellar mellom kvinner og menn i oppfatninga på kva som blir sett på som mobbeåtfurd.

For å undersøka denne hypotesen, vart ein t-test gjennomført på dei samansette måla om fysisk, verbal, psykisk og skjult mobbing. Resultata indikerer at det er ein signifikant forskjell mellom kvinner og menn når det gjeld i kva grad dei opplever ulik type åtferd som mobbing (sjå tabell 5). Kvinner er i større grad meir einige i påstandane enn menn. Det vart òg gjort ein t-test for å sjå nærmare på påstanden «ekskludering frå leik», og også her visar resultata at det er ein signifikant forskjell. I prosjektet til Lund et al. (2015) viste resultatet at barna opplevde utestenging frå leik som den verste forma for mobbing. Det er det barn fryktar mest.

Det vart ikkje funne forsking som spesifikt såg på kjønnsforskjellar i kva som blir sett på som mobbeåtfurd i barnehagen, og det vart heller ikkje funne forsking på dette i skulen.

**Hypotese:** Det finst signifikante forskjellar mellom tilsette med og utan høgare utdanning, og mellom tilsette i ulike stillingar når det kjem til deira oppfatning av kva som blir sett på som mobbeåtfurd.

For å undersøka dette vart det først gjennomført ein t-test (sjå tabell 6) som visar at det er signifikant forskjell mellom dei som har høgare utdanning og dei som ikkje har det i kva grad dei vurderer dei ulike variablane som mobbing. Repo og Sajaniemi, (2015b) fann i si undersøking at tilsette med høgare utdanning rapporterte meir mobbing enn dei utan høgare utdanning, og resultata i denne masteroppgåva bekreftar dette. Grunnen for dette kan vera at dei med høgare utdanning er flinkare til å identifisera ulik åtferd som mobbing. Resultata frå denne masteroppgåva bekreftar dette.

For å undersøka dette litt djupare, vart ein ANOVA gjennomført for å samanlikna alle stillingstypane (Sjå tabell 7). Her visar resultatet at styrarane er dei som er i størst grad einige i desse påstandane, følgt av pedagogar, og at fagarbeidrarar og assistenter svarar om lag det same.

Kvifor er det slik at styrarane er dei som er mest einige? Kva skil dei frå til dømes pedagogane? Begge gruppene har høgare utdanning, men spørjeskjemaet spør ikkje om vidareutdanning. Kanskje styrargruppa i større grad har vidareutdanning, som ikkje blir reflektert i resultata? Kanskje styrarane i større grad har vore involverte i mobbesituasjonar, då dei bør har innsikt i alle mobbesituasjonar i barnehagen sin. Det er nærliggjande å tenka at styrarar har kjennskap til fleire mobbesituasjonar, og kva form dei har tatt, og difor er meir einige i påstandane. Kanskje dei og har eit større eigarskap til barnehagen sin handlingsplan/antimobbeprogram, om korleis barnehagen skal jobba aktivt mot mobbing, og difor og har større kunnskap om mobbing i barnehage som fenomen?

## 5.2 Barnehagetilsette si oppfatning av barn som mobbar og barn som blir utsett for mobbing i barnehagen

I spørjeskjemaet var det påstandar om kjenneteikn for barn som mobbar, og barn som blir utsett for mobbing (Sjå tabell 8 og 9). Når det gjeld barn som mobbar visar resultata mellom anna at dei tilsette i større grad er einige i at gutter og jenter mobbar likt, at dei i noko grad er einige i at barna følger reglane, har åtferdsvanskar, er populære blant venane sine, kan uttrykka følelsar og har gode sosiale kommunikasjonsferdigheitar. Dei har og svart at dei i mindre grad er einige i at barna er ofte aleine i barnehagen og er barn som treng/får spesialpedagogisk oppfølging.

Når det gjeld barn som blir utsett for mobbing visar resultata mellom anna at dei tilsette i større grad er einige i at gutter og jenter blir utsett likt for mobbing, at dei i noko grad er einige i at dei følger reglane i barnehagen, er ofte aleine i barnehagen, er populære blant venane sine og har gode sosiale kommunikasjonsferdigheitar. Dei tilsette har og svart at dei i mindre grad er einige i at barna som blir utsett for mobbing har høg sjølvtillit, har litt skyld sjølv, fortunar av og til å bli mobba og kan unngå mobbing med litt innsats.

Tidlegare forsking gjort av Tanrikulu (2020) visar at lærarar er mest einige i at barn som mobbar er gutter, har åtferdsvanskar og er gode på å uttrykke følelsar, og er mindre samde i at barn som mobbar treng spesialpedagogisk oppfølging og at dei følger reglane. Barn som blir utsett for mobbing er dei fleste lærarane samde om at ikkje verken er typisk gutter eller jenter, følger reglar, er gode til å visa følelsar, og ikkje samde i at barna treng spesialpedagogisk oppfølging eller har åtferdsvanskar. Perren og Alsaker (2006) fant i sitt prosjekt at samanlikna med ikkje-involverte barn er barn som er utsett for mobbing blant anna meir underkastande, meir isolerte, mindre sosiale og har jamleg ingen leikekameratar. Barna som mobbar er blant anna mindre prososiale og tilhøyrar større sosiale grupper.

Resultat frå dette prosjektet samsvara delvis med resultat frå forskinga vist over. Det varierer litt, som blant anna at gutter og jenter mobbar likt, då Tanrikulu (2020) fant at barn som mobbar er oftare gutter, og har åtferdsvanskar. Ser ein nærmare på resultata i dette prosjektet (tabell?) om barn som mobbar er oftare gutter eller jenter, ser ein at dei fleste er einige i at dei mobbar likt, men det er og større prosent oppslutning om at jenter mobbar oftare enn gutter. Grunnen for dette er vanskeleg å seia noko om, det kan vera forskjellar i instrumentet, i kva som blir oppfatta som mobbing, og/eller kulturelle forskjellar. Det er uansett interessant at ingen er i større grad er einige i at barn som mobbar oftare er gutter, og at 1 av 10 er i større grad er einig i at barn som mobbar oftare er jenter.

Repo og Sajamiemi (2015b) fant i si forsking at andelen barn med særskilte behov i ei barnegruppe var ein av tre signifikante faktorar som forklarer 20 % av mobbing. Ein kan ikkje samanlikna dette resultatet med dette prosjektet, men det ser ikkje ut til at dei tilsette som har deltatt vurderer «barn som

treng/får spesialpedagogisk oppfølging» (barn med særskilte behov) som eit kjenneteikn for verken barn som mobbar, eller barn som blir utsett for mobbing. I spørjeskjemaet til denne masteroppgåva var det ikkje spesifisert kva denne spesialpedagogiske hjelpa er tildelt for, om det til dømes er språkvanskar, støtte i den sosiale utviklinga eller støtte grunna diagnose. Difor er det vanskeleg å vurdera dette resultatet, sidan det kan tenkast at ei barnegruppe med fleire barn som får spesialpedagogisk oppfølging grunna sosiale utfordringar vil påverka samspelet i barnegruppa i større grad enn om barna får oppfølging grunna språkvanskar.

### 5.3 Barnehagertilsette si oppfatning av eigen kunnskap og kompetanse til å førebygga og å handtera mobbing

Spørjeskjemaet omhandlar påstandar om vurderingar knytt til eigen kunnskap og kompetanse om mobbephenomenet. Resultata visar at tilsette gjennomsnittleg vurderer kunnskapen sin til å ligga midt mellom «i noko grad» til «i stor grad», med ei spreiing på ca. ein halv grad. Dette indikerer at dei fleste vurderer kunnskapen sin til å liggja ein plass mellom «sånn passe» til «god».

Spørsmål 10 består av påstandar om spesifikke mobbesituasjonar (sjå tabell 10). Her visar resultata at informantane i stor grad er einige i at «Det er mobbing dersom den utsette opplever det som mobbing». Dette indikerer at dei tilsette har eit syn på mobbing som kan stemma godt overeins med definisjonen til Lund et al. (2015), sidan dei i stor grad er einige i at barnet si oppleving av situasjonen er viktig i mobbesituasjonane.

Det er litt overraskande at gjennomsnittet på påstanden «eingongsepisode av mobbing, er og mobbing» ikkje er lågare. Gjennomsnittsresultatet visar at tilsette er litt mindre enn «i noko grad» einige, men standardavviket er høgt, og fortel oss at her det fleire som har svara at dei vurderer eingongsepisode av mobbing som mobbing. Dette synet bryt med fleire definisjonar, som blant anna Barne- og familidepartementet (2004) sin definisjon, som understrekar at det er snakk om mobbing når negative handlingar blir utført systematisk og over tid. Resultata på påstandane «barnehagebarn veit kva dei gjer når dei mobbar andre» og «det er mobbing kun når barnet gjer det med vilje», indikerer og at tilsette gjennomsnittleg verken er særleg einige i at barnehagebarn mobbar med intensjon, eller at mobbing må vera gjort med intensjon. Smith (2014) påpeikar at mobbing er handlingar gjort med intensjon. Dersom me ser tilbake på fyrste påstand, om at det er det utsette barnet si oppleving som er avgjerande for at det er mobbing, så vil ikkje intensjonen til barnet som har krenka barnet vera av stor betydning. Det kan sjå ut til at barnehagertilsette set opplevinga til den utsette i fokus og at barn som mobbar ofte gjer det utan intensjon. Dette stemmer godt overeins med det Idsøe og Roland (2017) hevdar, at intensjon sjeldan er involvert i mobbing når det skjer i barnehagen.

Det er og formulert eit par hypotesar for å sjå nærmare på dette forskingsspørsmålet. Dei er:

**Hypotese:** Det finst signifikante forskjellar mellom tilsette med og utan høgare utdanning, og mellom tilsette i ulike stillingar, når det kjem til korleis dei vurderer sin eigen kunnskap om mobbing.

Resultatet viser ein statistisk signifikant forskjell når det gjeld vurdering av eigen kunnskap (Sjå tabell 11). Tilsette med høgare utdanning vurderer sin eigen kunnskap om mobbephenomenet høgare enn tilsette utan høgare utdanning. For å sjå litt nærmare på dette, vart det òg gjennomført ein ANOVA for å samanlikna alle stillingstypane. Resultata indikerer at det er ein signifikant forskjell, og den er mellom styrar og fagarbeidar/assistent. Det er ikkje ein signifikant forskjell mellom pedagogar og fagarbeidar/assistent. Når det gjeld kunnskap om spesifikke mobbesituasjonar, er det ingen signifikant forskjell (sjå tabell 12).

Repo og Sajaniemi (2015b) fant at dei med høgare utdanning rapporterte meir mobbing enn dei utan. Dette kan tolkast som at dei har meir kunnskap om mobbing, og vil då stemma overeins med resultatet frå dette prosjektet; at tilsette med høgare utdanning vurderer kunnskapen sin høgare enn dei utan.

Det er interessant å sjå at det igjen er styrargruppa som skil seg mest ut. Gjennomsnittleg er det cirka lik avstand mellom styrar og pedagog, som det er mellom pedagog og assistent. Som nemnt tidlegare, kan årsakene vera at styrarane har større erfaring med mobbing, og større eigarskap til barnehagen sitt pedagogiske arbeid kring mobbing. Eventuelt så kan vidareutdanning vera ein faktor, men det er som sagt ikkje undersøkt i dette prosjektet.

**Hypotese:** Det finst signifikante forskjellar mellom tilsette med kort og lang arbeidserfaring i barnehagen når det kjem til korleis dei vurderer sin eigen kunnskap om mobbing.

Resultatet visar at tilsette med lang arbeidserfaring i barnehage gjennomsnittleg vurderer kunnskapen sin om mobbephenomenet høgare enn dei med kort arbeidserfaring i barnehage (sjå tabell 13). Gjennom ein ANOVA-analyse, viste det og at det er ein statistisk signifikant forskjell mellom dei som har jobba i 0-5 år i barnehage og dei som har jobba i 16 år+. Det er ikkje veldig overraskande at tilsette med lengre erfaring vurderer kunnskapen sin om mobbing høgare enn tilsette som er relativt nye i yrket. Å få innsikt i barns sosiale samspel, læra seg gode strategiar når det gjeld å handtera konfliktar og bli dyktig til å identifisera mobbesituasjonar krev nettopp erfaring.

## 5.4 Barnehagertilsette sitt arbeid mot mobbing i barnehage

### 5.4.1 Dokumentering av arbeidet med mobbesaker

Spørjeskjemaet spør om tilsette si vurdering av dokumentering i arbeidet med mobbesaker. Det samansette målet ligg gjennomsnittleg midt mellom «i noko grad» og «i stor grad». Ein ser at

gjennomsnittleg vurderer informantane barnehagen si dokumenteringsevne til å ligga mellom i underkant av «i noko grad» til noko over «i stor grad». Dette indikerer at det er stor forskjell i oppfatninga av barnehagen sitt arbeid knytt til observasjon. Dette kan indikera at ikkje alle barnehagar har tydelege rutinar rundt dokumentasjon av mobbing, og heller ikkje at dei blir gjennomført. Rammeplanen (Kunnskapsdepartementet, 2017) presiserer at barnehagen skal dokumentera.

Det kan vera fleire moglege forklaringar på dette, til dømes at dokumentasjon ikkje er noko alle tilsette veit dei skal gjera, at ikkje forventningar er tydeleg formidla, at ikkje alle føler ansvar for å dokumentera, og ikkje minst at dokumentasjon kanskje blir nedprioritert grunna den hektiske barnehagekvarden.

Det er gjort undersøkingar kring kunnskapsstatus i barnehagelærarens utdanning og profesjon (Børhaug et al., 2018; Birkeland & Ødegaard, 2018; Birkeland & Ødegaard 2019), som fant at barnehagelærarar har eit sterkt individfokus på barn, og lite på fellesskapet, at det er lite systematisk observasjon og at hovudfokuset går på samspel mellom barn, og på språk. Felles for desse studia er at dei løftar fram og problematiserer manglande vektlegging av forskingsmetodologisk kompetanse hjå barnehagelærarar.

For å undersøka dette nærmare vart det formulert ei hypotese, som er:

**Hypotese:** Det finst signifikante forskjellar mellom tilsette i barnehagar av ulik storleik når det kjem til korleis dei vurderer dokumentasjon.

Det vart gjennomført ein ANOVA, og resultata visar ein statistisk signifikant forskjell mellom tilsette i ulike barnehagestorleikar (sjå tabell 14). Denne forskjellen var mellom barnehagar med 91-120 barn og barnehagar med 31-60/61-90 barn. Resultata indikerer at når det er fleire barn i barnehagen, vurderast barnehagen si observasjonsevne lågare. Det ser ut til at når barnehagen har meir enn 90 barn, blir barnehagen si observasjonsevne därlegare. Kva er grunnen for dette? Det er vanskeleg å seia noko om når det berre blir spurt om talet på barn i barnehagen, og ikkje noko om organisering. Er det vanlegare med større barnegrupper i større barnehagar? Kan det henda det ikkje er barnehagestorleiken som er avgjerande, men heller kor mange barn dei tilsette har ansvar for? At dei dermed føler evna si til å dokumentere er lågare, sidan det rett og slett kan vera større arbeidspress og at dei eventuelt i større grad føler dei må prioritera å observera nokon barn over andre? Eller kan det vera at større barnehagar oftare er basebarnehagar, i staden for avdelingsbarnehagar? At barnegrupper ikkje har like faste rammer rundt seg, og dermed kjenner dei tilsette på større utfordringar knytt til dokumentering? Det kan vera fleire forklaringar på dette, men grunna spørsmålet i denne undersøkinga blir det spekulering. Forsking frå OECD visar at arbeidsforhold er ein avgjerande faktor når det kjem til kvalitet (Schleicher, 2019), og at låg kvalitet kan skuldast blant anna at dei tilsette

har ansvar for store barnegrupper og mangel på tid til samarbeids- og planleggingsmøte, som kan gje tilsette ei oppleving av stress og at dei ikkje strekk til. Som sagt kan dette berre spekulerast i på bakgrunn av resultatet i dette prosjektet, men det hadde vore interessant å sjå nærmare på samanhengen mellom barnehagane sine arbeidsforhold/rammer og evna til å jobba med mobbeproblematikken.

#### 5.4.2 Førebyggande tiltak mot mobbing i barnehage

I dette prosjektet vart tiltak rundt førebygging av mobbing undersøkt. Resultatet visar at tilsette vurderer det samansette målet om tiltak til å vera over «i stor grad». Dette indikerer at barnehagetilsette er ganske nøgde med korleis barnehagen deira jobbar med tiltak mot mobbing. Lee (2020) fant i si forsking at intervasjon bør implementerast så tidleg som mogleg for å stoppa mobbing i tidleg barndom, så det er veldig positivt at tilsette vurderer barnehagen si tiltaksevne positivt.

**Hypotese:** Det finst signifikante forskjellar mellom tilsette i barnehagar av ulik storleik når det kjem til korleis dei vurderer tiltak.

Ser ein på resultata (Tabell 15) ser ein at barnehagar med færre barn skårar høgare enn dei med fleire barn. ANOVA viste og at det er ein statistisk signifikant forskjell mellom barnehagar med 31-60 barn og barnehagar med 91-120 barn, der det barnehagar med 31-60 barn som skårer høgast. Som med resultatet om dokumentasjon, er det her vanskeleg å seia noko om kvifor det er slik når ein berre har spurt om talet på barn i barnehagen. Det ser uansett ut til at forholda for å observere kvar enkelt er meir utfordrande for større barnehagar.

**Hypotese:** Det finst signifikante forskjellar mellom tilsette med og utan høgare utdanning, og mellom tilsette i ulike stillingar når det kjem til korleis dei vurderer barnehagen si tiltaksevne.

Ser ein på resultatet av gjennomført t-test, ser ein at det er ein signifikant forskjell mellom tilsette med og utan høgare utdanning. Dei med høgare utdanning vurderer barnehagen si tiltaksevne høgare enn dei utan høgare utdanning.

For å sjå nærmare på dette vart ein ANOVA gjennomført, som viste at det er ein signifikant forskjell mellom stillingstypane, og den er mellom styrar og fagarbeidar (sjå tabell 16).

Det er interessant å sjå på styrarane si vurdering, då den er høgast. Mykje av tiltaksarbeidet i barnehagar blir gjennomført på avdeling, og styrar er nødvendigvis ikkje direkte involvert på same måte som dei andre stillingstypane er. Det kan tenkast at styrarane her har vurdert kollegaane sine evner, heller enn sine eigne. Kanskje ein vurderer andre i litt betre lys enn seg sjølv, og at dette har bidratt til at deira vurdering er så høg?

Det kan også tenkast at, som gruppe, har pedagogar som jobbar som styrarar, oftare meir utdanning ut over barnehagelærarutdanninga, og at dette speglar seg i resultatet. Ut frå resultatet frå dette prosjektet kan ein ikkje seia så mykje om det, men det hadde vore interessant å sjå nærmare på kva tilleggsutdanning tilsette har, og sett om det er ein samanheng mellom vidareutdanning og arbeidet med mobbing.

#### 5.4.3 Barnehagetilsette si erfaring med å arbeida med antimobbeprogram i barnehagen

I spørjeundersøkinga blir det stilt påstandar om bruk av antimobbeprogram i barnehagen. Som resultatet visar er det omlag halvparten av informantane som nyttar eit slikt program i arbeidet sitt. I resultatdelen blir òg nokon av desse programma nemnt. Det er tydeleg at ei rekke ulike program er i bruk der ute, i tillegg til eigenproduserte handlingsplanar.

På påstandane visar resultatet at litt over halvparten av informantane i større grad er einige i at dei har fått tilstrekkeleg god innføring i programmet, cirka halvparten i at dei kan programmet godt, og litt under halvparten er einige i at det blir sett av tid til å bruka programmet og at det førebygger mobbing i barnehagen (sjå tabell 17).

Lamer (2014) hevdar at systematisk arbeid med sosial kompetanse er førebyggande mot problemåtfred i barnehagen. Resultatet i dette prosjektet indikerer som sagt at under halvparten er einige i at arbeidet med antimobbeprogram førebygger mobbing i større grad. 2 av 5 er i noko grad einige, og ca. 1 av 10 er i mindre grad einig. Dette er ikkje eit veldig klart og tydeleg svar på at antimobbeprogram førebygger mobbing i barnehage. Kva er grunnen for dette? Resultata visar vidare at 1 av 5 i mindre grad er einige i at det blir sett av nok tid til å bruka programmet. Kanskje dette er ei forklaring, at grunnen for dei som ikkje føler det førebygger mobbing, er at dei ikkje har tid til å bruka programmet? Som nemnt tidlegare er mangel på tid (Schleicher, 2019) noko som påverkar negativt på kvalitet i barnehagen, som støtter opp under at nettopp tid kan vera utfordringa i bruken av antimobbeprogram.

**Hypotese:** Det finst signifikante forskjellar mellom tilsette med og utan høgare utdanning, og mellom tilsette i ulike stillingar når det kjem til korleis dei vurderer antimobbeprogram.

Fyrst vart ein t-test brukt for å undersøka om det var ein signifikant forskjell mellom tilsette med og utan høgare utdanning. Resultatet (sjå tabell 18) indikerer at det er ein statistisk signifikant forskjell mellom desse to gruppene når det gjeld påstandane «Me set av tid til å bruka det i barnehagen vår». Ein ANOVA (sjå tabell 19) indikerer at det er ein signifikant forskjell mellom stillingstypane på 3 av 4 påstandar. På påstandane «Eg har fått tilstrekkeleg god innføring i programmet» og «Eg kan dette programmet godt» er det ein signifikant forskjell mellom styrar og pedagog/fagarbeidar/assistent.

Medan på påstanden «Me set av tid til å bruka det i barnehagen vår» er det ein signifikant forskjell mellom styrar og fagarbeidar.

Arbeid med mobbing er ein del av det pedagogiske arbeidet i barnehagen. Difor er det naturleg at pedagogane i barnehagen vil ha fått ei betre innføring i programmet, og dermed føler dei kan det betre, enn fagarbeidarar og assistenter, då det er deira ansvar å planlegga og sikra at arbeidet med antimobbeprogrammet blir gjennomført (utviklingsarbeid). Det same kan ein tenka om styrargruppa; dei har det overordna ansvaret i barnehagen, og har meir tid til å setta seg inn i antimobbeprogrammet enn dei andre stillingstypane.

Resultata visar òg at tilsette utan høgare utdanning svarar gjennomsnittleg at dei er litt mindre enn i noko grad einige i at det blir sett av nok tid til å jobba med antimobbeprogrammet. Grunnen til dette kan vera at dei utan høgare utdanning ikkje er involvert i alt arbeidet som blir gjort i det pedagogiske arbeidet. Det blir nok brukt tid på å jobba med antimobbeprogram i pedagogane si planleggingstid og i pedagogmøtene; eit arbeid som kanskje ikkje alltid blir oppfatta av dei som ikkje er like involverte. Dette kan vera med på å forklara denne forskjellen.

#### 5.4.4 Barnehagertilsette si involvering av foreldra i mobbesaker

I spørsmålet i undersøkinga som omhandlar påstandar om involvering av foreldre i mobbesaker visar resultata (sjå tabell 20) at ca. 7 av 10 er i større grad er einige i at foreldra blir involvert, og ca. 7 av 10 i større grad er einige i at både foreldra til den mobbar og den utsette blir involvert.

Både barnehagelova (2021) og rammeplanen (Kunnskapsdepartementet, 2017) legg sterke og tydelege føringer for foreldresamarbeid, og Midtsand et al. (2004) hevdar at barnehagen skal utvikla arbeidsformer som får fram foreldra sitt syn på sosial kompetanse og at foreldra er ein veldig viktig støttespelar både innanfor og utanfor barnehagen. Dette er viktig i arbeidet med å løysa mobbesituasjonar og førebygga mobbing. Sidan det ligg så sterke føringer for dette, og det er ein så viktig del av arbeidet med mobbing, er dette resultatet litt lågt. Er det ei svakheit i formuleringane i spørjeskjemaet? Har informantane vore usikre på om det gjeld kvar episode, eller kvar sak? Om dei har tenkt kvar *episode*, kan det forklara at berre 7 av 10 i større grad er einige i at foreldra blir involvert. At dei tenker at foreldra er involvert i saken, men at dei ikkje blir involvert i kvar enkelt episode. Om det dei svara på er mobbesaker, vil det vera urovekkande at berre 7 av 10 i større grad er einige i at foreldra blir involvert når mobbing førekjem. Lund et al. (2015) fann at vaksne lett kan bagatellisera mobbing ved å visa ei haldning om at det vil gå seg til. Kan det henda det er ein del av denne bagatelliseringa resultatet her reflekterer? At mobbesituasjonane ikkje blir vurderte som kritiske nok til å involvera foreldra?

## 5.5 Refleksjonar kring prosjektet

Ei tverrsnittstudie er den enklaste forma for kvantitative prosjekt, og består av eit antal observasjonseiningar på eit gitt tidspunkt. Tverrsnittstudien sitt formål er å fastslå utbreiinga av eit fenomen og/eller undersøkja mistenkte årsaksfaktorar (Ringdal, 2018). Sidan prosjektet sitt utval er relativt lågt i forhold til populasjonen, spesielt når det kjem til menn, skal ein vera forsiktig med å dra slutningar som til dømes at resultatet reflekterer alle barnehagertilsette i Norge. Det er viktig å vera varsam med å setja fram bastante årsaksforklaringar basert på tverrsnittundersøkingar. Prosjektet bidreg til antakingar om samanhengar mellom dei uavhengige variablane (kjønn, stillingstype, arbeidserfaring, barnehagestorleik) og dei avhengige variablane (kunnskap, antimobbeprogram, mobbeåtferd, kjenneteikn for barn som mobbar/barn som er utsette, dokumentasjon og tiltak).

Det vart lagt mykje krefter i rekrutteringa, men sidan det berre var i Vestland fylke at alle barnehagar fekk invitasjon til prosjektet, er det absolutt størst oppslutnad derfrå. Sidan det var så mange informantar frå Vestland fylke, og så få frå dei andre fylka, kan ein ikkje samanlikna fylker/landsdelar. Å nå ut til alle barnehagar i Norge, på same måten som det vart gjort med Vestland fylke, er nok for ambisiøst for eit masterprosjekt. Kanskje det hadde vore meir hensiktsmessig å fokusera på til dømes to fylke, der begge fylka fekk like mykje fokus under rekrutteringa.

Spørjeskjemaet kan ha sine svakheiter. Med unntak av spørsmåla om kunnskap og foreldreinvolvering (som er lånt frå Lund et al., 2015), er dei resterande spørsmåla formulert av meg etter inspirasjon frå litteratur og forsking. Nokon av desse spørsmåla vart testa ut i eit pilotprosjekt, medan mange ikkje var utprøvd på førehand, og ein kan difor setta spørjeteikn ved i kva grad dei målar det ein trur dei målar, og kor godt måleinstrumentet er. Til dømes kjem det fram i drøftinga at spørsmålet om kor mange barn det er i barnehagen ikkje seier veldig mykje i seg sjølv, og det hadde nok vore tenleg å erstatta/følgd opp dette spørsmålet med eit spørsmål om barnegruppestorleik. I spørjeskjemaet var det også eit spørsmål om kor mange mobbesituasjoner dei tilsette har opplevd dei siste tre månadane, der informantane vart bedne om å svara med tal (t.d. 1,3,5). Her svarte nokon med tekst, nokon med store tal som 10-20 osv. Det var vanskeleg å bruka denne informasjonen til noko, og det hadde vore betre å undersøka førekommst av mobbing på ein annan måte. I drøftinga blir det nemnt nokon spørsmål som kunne vore formulert annleis, som blant anna spørsmålet om barnehagestorleik. Det hadde vore nyttig å følga dette spørsmålet opp med gruppestorleik, for å få betre inntrykk av kva organiseringa har å sei for dei ulikevariablane.

## 6 Konklusjon

Formålet med prosjektet var å undersøka problemstillinga: Kva forståing har barnehagertilsette av omgrepet «mobbing», og korleis jobbar dei med det i barnehagen?

For å undersøke dette vart det valt ei kvantitativ forskingsmetode med tversnittdesign. Eit spørjeskjema vart utforma, og sendt ut med SurveyXact til informantar rundt omkring i heile landet.

For å undersøke barnehagertilsette si forståing om omgrepet mobbing, vart det stilt spørsmål om vurdering av eigen kunnskap, om mobbing som fenomen, om kjenneteikn på barn som mobbar og blir utsett for mobbing og kva åtferd som blir sett på som mobbing.

I prosjektet kom det fram at tilsette i barnehagar i all hovudsak er einige i at barnehagebarn si åtferd kan omtala som mobbing. Tilsette vurderer kunnskapen sin om mobbing til å vera ein plass mellom «sånn passe» til «god». Me ser at det er ein forskjell mellom tilsette med og utan høgare utdanning, der tilsette med høgare utdanning vurderer kunnskapen sin om mobbing høgare enn kva dei utan høgare utdanning gjer. Stillingstype visar seg òg å ha betydning, då det er spesielt styrarar som vurderer kunnskapen sin høgt. Resultata visar òg at tilsette si oppfatning av kva kriterium som skal til for å omtala ein situasjon som mobbing bryt med tradisjonelle mobbedefinisjonar som vektlegg negative handlingar, intensjon, systematikk og at det skjer over tid. Barnehagertilsette er ikkje i større grad einige i at handlinga må vera gjennomført med intensjon for å bli karakterisert som mobbing. Informantane vektlegg i stor grad at det er det utsette barnet som har definisjonsmakta for om det er mobbing eller ikkje. Definisjonen til Lund et al. (2015) ser ut til å passa godt overeins med forståinga informantane har om omgrepet mobbing.

Tilsette som har deltatt i dette prosjektet oppfattar ulik type åtferd som mobbing, både direkte og indirekte former. I spørjeskjemaet var det påstandar om åtferd som kan karakteristerast som fysisk, verbal, psykisk og skjult mobbing. Så godt som alle informantane er einige i at åtferda kan omtala som mobbing, og det er funne signifikante forskjellar mellom kvinner og menn og tilsette med og utan høgare utdanning. I tillegg vart det sett på forskjellar mellom dei ulike stillingstypane, og det kom fram at det er styrargruppa som er mest einige i at desse ulike formene for åtferd kan vera mobbing.

I spørjeundersøkinga er det påstandar om kva som kjenneteiknar barn som mobbar og barn som blir utsett for mobbing. Det kjem fram i resultata at tilsette opplever at gutter og jenter mobbar og blir utsett for mobbing i like stor grad.

For å undersøke korleis barnehagar jobbar med mobbing, vart det stilt spørsmål om bruk av mobbeprogram, dokumentasjon, tiltak og involvering av foreldre.

Resultatet viser at om lag halvparten av informantane jobbar i ein barnehage som nyttar ei form for antimobbeprogram. Tilsette som jobbar i barnehagar som nyttar desse programma svarar at dei har fått opplæring og kan programma, men dei er ikkje i særleg grad einige i at det er nok tid til å nytta det. Dei meiner at bruk av programmet har noko å seia for å førebygga mobbing.

At barnehagar skal dokumentera blir presisert i rammeplanen (Kunnskapsdepartementet, 2017), og i dette prosjektet indikerer resultatet at det er stor variasjon i kva grad barnehagar følger dette opp og om det er tydeleg avklarte forventningar og rutinar i barnehagen. Resultata visar òg at barnehagestorleik påverkar dei tilsette si vurdering av eiga dokumentasjonsevne, der større barnehagar vurderer evna som lågare enn dei mindre barnehagane gjer.

I den nye barnehagelova som tredde i kraft i januar 2021, vart det lovfesta aktivitetsplikt for å betre sikra at barn har eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø. Dette er plikt til følgja med, til å melda frå, til å undersøka og til å setta inn eigna tiltak (Barnehageloven, 2021). I dette prosjektet vart det stilt spørsmål kring dette, og resultata visar at tilsette vurderer evna si til å jobba med tiltak ganske bra. Dette er positivt, då tidleg intervension er viktig i arbeidet med å førebygga vidare utvikling av mobbeproblematikk.

I teorigrunnlaget blir foreldresamarbeid løfta fram som ein viktig faktor for å handtera og førebygga mobbing i barnehagen. I prosjektet kjem det fram at i underkant av 7 av 10 er einige i at foreldra alltid blir involverte når mobbing førekjem, og at det både er foreldra til barnet som mobbar og foreldra til det utsette barnet som blir involvert. Foreldresamarbeid er ein veldig viktig del i å handtera og førebygga mobbing, og andelen som var einige i at foreldra blir involvert burde vera høgare.

Oppsummert kan ein seia at tilsette er einige i at mobbing skjer i barnehagen, og at dei er einige i at mobbing skjer i ulike former. Dei vurderer sin eigen kunnskap til å vera litt god, og dei vektlegg opplevinga til den utsette, men er ikkje einige i at barna som mobbar nødvendigvis gjer det med intensjon. Tilsette er nøgde med evna si til å setta inn tiltak, men det varierer korleis dei vurderer evna si til å dokumentera. Det ser også ut til at barnehagertilsette stort sett involverer foreldra til barn som mobbar, samt foreldra til dei utsette når mobbing skjer i barnehagen.

## 6.1 Vidare forsking

Det er lite forsking som er gjort på mobbing i barnehage, men det er gjort noko både her i Norge og internasjonalt. Gjennom dette prosjektet har det dukka opp fleire spørsmål som kan vera grunnlag for vidare forsking. Det kom fram i resultata at barnehagar med mange barn vurderer evna si til å dokumentera og å setta inn tiltak lågare enn barnehagar med færre barn. Det hadde vore interessant og nyttig å forska vidare på kva ulike rammefaktorar (barnehagestorleik, gruppestorleik, vaksentettleik, kursing, vidareutdanning med meir) har å seia for barnehagen si evne til å førebygga mobbing, og sikra eit godt psykososialt miljø i barnehagen.

Resultata i dette prosjektet visar at det er i underkant av 7 av 10 som er einige i at foreldra alltid blir involvert når mobbing skjer i barnehagen. Det hadde vore interessant å forska på korleis

foreldresamarbeid i barnehagen ser ut og blir opplevd av både barnehagertilsette og foreldre. Foreldre er ein viktig og nødvendig samarbeidspartner i eit førebyggande perspektiv, og det vil vera nyttig å få betre innsyn i korleis dette samarbeidet blir prioritert og jobba med når det kjem til mobbing i barnehagen.

I dette prosjektet var det 307 informantar, som gjer at resultata kan generaliserast til ein viss grad. Det hadde vore nyttig å gjennomført eit tilsvarande forskingsarbeid i større skala, der det blir veklagt å få inn syna til alle tilsette i barnehagen. Tilsette utan høgare utdanning utgjer ein stor del av dei som jobbar med barn i norske barnehagar, og deira innspele er viktige å få med i vidare forsking på feltet *mobbing i barnehage*.

## Referansar

- Alsaker, F. (1997). Hva vet vi om mobbing i barnehagen? Undersøkelser om mobbing i barnehagen i Bergen og i Sveits. I J.R. Pettersen (Red.), *Mobbing i barnehagen* (s. 27-38). Sebu forlag.
- Barne- og familiedepartementet. (2004). *Mobbing i barnehagen. Et hefte for deg som arbeider i barnehagen*. Barne- og familiedepartementet.
- Barnehageloven (2021). Lov om barnehager (LOV-2005-06-17-64). Lovdata.  
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64>
- Berger, P. L., Wiik, F., & Luckmann, T. (2000). *Den samfunnsskapte virkelighet*. Fagbokforlaget.
- Birkeland, J. & Ødegaard, E. E. (2018). Under lupen – Praksislæreres observasjonspraksis i barnehagen. *Tidsskrift for Nordisk barnehageforskning*, 17(1).  
<https://doi.org/10.7577/nbf.2160>
- Birkeland J., & Ødegaard E. E. (2019). Hva er verdt å vite om observasjon i dagens barnehage? *Norsk Pedagogisk Tidsskrift* 103(02-03), 108–120.  
<https://doi.org/10.18261/issn.1504-2987-2019-0203-08>
- Bjørnsrud, H., & Nilsen, S. (2012). *Tidlig innsats: bedre læring for alle*. Cappelen Damm Akademisk.
- Bratterud, Åse, Sandseter, E. B. H., & Seland, M. (2012). *Barns trivsel og medvirkning i barnehagen: barn, foreldre og ansattes perspektiver*. NTNU samfunnsforskning, Barnevernets utviklingssenter.
- Brendgen, M., Wanner, B., Morin, A.J. & Vitaro, F. (2005). Relations with parents and with peers, temperament, and trajectories of depressed mood during early adolescence. *Journal of Abnormal Child Psychology*, 33(5), 579-594.
- Bryman, A. (2016). *Social research methods* (5. utg.). Oxford University Press.
- Byrkjedal-Sørby, L.J., & Roland, P. (2012). Individuell og kollektiv håndtering av aggressjonsproblematikk i skolen. *Spesialpedagogikk*, 7, 18–23.
- Børhaug, K., Brennås H.B., Fimreite, H. Havnes A., Hornslien Ø., Moen K.H., Moser, T., Myrstad A. & Steinnes G.S. (2018). *Barnehagelærerollen i et profesjonsperspektiv: etkunnskapsgrunnlag* (F-4450 B). Kunnskapsdepartementet.
- Camodeca, M., Caravita, S. C. S., & Coppola, G. (2015). Bullying in preschool: The associations between participant roles, social competence, and social preference. *Aggressive Behavior*, 41(4), 310–321. <https://doi.org/10.1002/ab.21541>
- Cohen, L., Manion, L., & Morrison, K. (2011). *Research methods in education* (7. utg.). Routledge, Taylor & Francis Group.
- Crick, N. R., Casas, J. F. & Ku, H.-C. (1999). Relational and Physical Forms of Peer Victimization in Preschool. *Developmental Psychology*, 35(2), 376–385.
- Crick, N. R., Ostrov, J. M., Burr, J. E., Cullerton-Sen, C., Jansen-Yeh, E. og Ralston, P. (2006). A longitudinal study and relational study of physical aggression in preschool. *Journal of Applied Developmental Psychology*, 27(3), 254–268.
- Drugli, M.B. (2013). *Atferdsvansker hos barn. Evidensbasert kunnskap og praksis*. (rev. utg.) Cappelen Damm Akademisk.

- Gotvassli, K. A. (2004). Et kompetent barnehagepersonale: om personal- og kompetanseutvikling i barnehagen (2. utg.). Høyskoleforlaget.
- Gresham, F.M., & Elliott, S.N. (1990). *Social Skills Rating System. Manual*. Circle Pines: American Guidance Service.
- Grønmo, S. (2016). *Samfunnsvitenskapelige metoder* (2. utg.). Fagbokforlaget.
- Gulbrandsen, L., & Eliassen, E. (2013). *Kvalitet i barnehager: rapport fra en undersøkelse av strukturell kvalitet høsten 2012*. (NOVA Rapport 1/13) NOVA: Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring.
- Hanish, L.D & Guerra, N. (2004). Aggressive victims, passive victims, and bullies: Developmental continuity or developmental change? *Merrill-Palmer Quarterly*, 50(1), 17-38.
- Hay, D. F., Payne, A., & Chadwick, A. (2004). Peer relations in childhood. *Journal of Child Psychology and Psychiatry*, 45(1), 84–108. <https://doi.org/10.1046/j.0021-9630.2003.00308.x>
- Heinemann, P.P. (1969) Apartheid. *Liberal Debatt* 22(2), 3-14.
- Helgesen, M. B. (2014). *Mobbing i barnehagen - et sosialt fenomen*. Universitetsforlaget.
- Huitsing, G., van Duijn, M. A. J., Snijders, T. A. B., Alsaker, F. D., Perren, S., & Veenstra, R. (2019). Self, peer, and teacher reports of victim-aggressor networks in kindergartens. *Aggressive Behavior*, 45(3), 275–286. <https://doi.org/10.1002/ab.21817>
- Høgheim, S. (2020). *Masteroppgaven i GLU*. Fagbokforlaget.
- Høiby, H., & Trolle, A. (2009). *Drop drilleri: forebyggelse af mobning i vuggestue og børnehave*. Dafolo.
- Idsøe, E. C., & Roland, P. (2017). *Mobbeatferd i barnehagen: temaforståelse, forebygging, tiltak*. Cappelen Damm Akademisk.
- Imsen, G. (2016). *Lærerens verden: innføring i generell didaktikk* (5. utg.). Universitetsforlaget.
- Johannessen, A., Christoffersen, L., & Tufte, P. A. (2016). *Introduksjon til samfunnsvitenskapelig metode* (5. utg.). Abstrakt.
- Kleven, T. A., & Hjardemaal, F. (2018). *Innføring i pedagogisk forskningsmetode : en hjelp til kritisk tolking og vurdering* (3. utg.). Fagbokforlaget.
- Kunnskapsdepartementet (2017). *Rammeplan for barnehagen: Forskrift om rammeplan for barnehagens innhald og oppgaver*. Udir. <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan/#>
- Kvello, Ø. (2013) *Barnas barnehage 2: Barn i utvikling*. (2. utg.) Gyldendal Akademisk.
- Kvello, Ø. (2015). *Barn i risiko. Skadelige omsorgssituasjoner*. (2. utg.) Gyldendal Akademisk.
- Lamer, K. (2014). *Sosial kompetanse*. Gyldendal Akademisk.
- Lee, S.-H. (2020). Kindergarten teachers' perspectives on young children's bullying roles in relation to dominance and peer relationships: A short-term longitudinal approach in South Korea. *International Journal of Environmental Research and Public Health*, 17(5), 1734. <https://doi.org/10.3390/ijerph17051734>
- Lund, T., Fønnебø, B., & Haugen, R. (2006). *Forskningsprosessen*. Unipub.

Lund, I., Godtfredsen, M., Helgeland, A., Nome, D. Ø., Kovac, B. V., & Cameron, D. L. (2015). *Hele barnet, hele løpet; mobbing i barnehagen*. Universitetet i Agder, FUB, FUG, A-bup og Kristiansand kommune.

Lund, I. & Helgeland, A. (2020). *Mobbing i barnehage og skole. Nye perspektiver*. Cappelen Damm Akademisk.

Lund, I., Helgeland, A., Kovac, B. V., Cameron, D. L., & Godtfredsen, M. (2019). *Dialog og samarbeid i arbeidet mot mobbing i barnehagen*. Universitetet i Agder, A-bup, Kristiansand kommune, KS, Fylkesmannen i Agder.

Manifest mot mobbing 2011-2014 (2011). Regjeringen.

[https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kd/vedlegg/grunnskole/manifestmotmobbing\\_20112014.pdf](https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kd/vedlegg/grunnskole/manifestmotmobbing_20112014.pdf)

Meld. St. 18 (2010-2011). *Læring og fellesskap. Tidlig innsats og gode læringsmiljøer for barn, unge og vaksne med særlige behov*. Kunnskapsdepartementet.

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld-st-18-20102011/id639487/?ch=1>

Meld. St. 6 (2019-2020) *Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO*. Kunnskapsdepartementet.

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-6-20192020/id2677025/?ch=1>

Merton, R. K., & Storer, N. W. (1973). *The sociology of science: theoretical and empirical investigations*. University of Chicago Press.

Midtsand, M., Monstad, B., & Søbstad, F. (2004). *Tiltak mot mobbing starter i barnehagen*. Dronning Mauds minne, Høgskole for førskolelærerutdanning.

Nordhagen, R., Nielsen, A., Stigum, H. & Kohler, L. (2005) Parental reported bullying among Nordic children: A population-based study. *Child: Care, Health & Development*, 31(6), 693-701.

Ogden, T. (2001). *Sosial kompetanse og problematferd i skolen*. Gyldendal Akademisk.

Ogden, T. (2008). Motviljen mot evidens i utdanningssystemet, *Bedre skole*, 4, s. 75–79.

Ogden, T. (2015). *Sosial kompetanse og problematferd blant barn og unge*. Gyldendal Akademisk.

Olweus, D. (1992). *Mobbing i skolen: hva vi vet og hva vi kan gjøre*. Universitetsforlaget.

Olweus, D. (2009). Mobbing i skolen - fakta og tiltak. I L.E. Aarø & K.I. Klepp (Red.), *Ungdom, livsstil og helsefremmende arbeid* (3. utg.). (s. 346-359). Gyldendal Akademisk.

Ostrov, J. M., Wood, K. E., Jansen, E. A., Casas, J. F. & Crick, N. R. (2004). An observational study of delivered and received aggression, gender, and social-psychological adjustment in preschool: «This white crayon doesn't work ...». *Early Childhood Research Quarterly*, 19(2), 355–371.  
<https://doi.org/10.1016/j.ecresq.2004.04.009>

Pallant, J. (2016). *SPSS survival manual: A step by step guide to data analysis using IBM SPSS* (6. utg.). McGraw Hill Education.

Partnerskap mot mobbing: Sammen for et inkluderende lærings- og oppvekstmiljø 2016–2020 (2015). Regjeringen.

<https://www.regjeringen.no/contentassets/95ef678cc8c7454fb45e3f57826dd461/partnerskapmotmobbing.pdf>

- Pedersen, C. (2019). Hvordan forholder barnehager og styrere seg til mobbing i barnehagen? *Spesialpedagogikk* 5. s. 5-15.
- Perren, S. (2000). *Kindergarten children involved in bullying: Social behaviour, peer relationship, and social status* [Doktorgradsavhandling]. Universität Bern.
- Perren, S., & Alsaker, F. D. (2006). Social behavior and peer relationships of victims, bully-victims, and bullies in kindergarten. *Journal of Child Psychology and Psychiatry*, 47(1), 45–57. <https://doi.org/10.1111/j.1469-7610.2005.01445.x>
- Pettersen, J. R. (1997). *Mobbing i barnehagen*. Selbu forlag.
- Postholm, M. B. (2010). *Kvalitativ metode: en innføring med fokus på fenomenologi, etnografi og kasusstudier* (2. utg.). Universitetsforlaget.
- Pålerud, T. (2004). Hva har mobbebegrepet å tilføre barnehagen? *Barnehagefolk* 3, 60-63.
- Repo, L., & Sajaniemi, N. (2015). Bystanders' roles and children with special educational needs in bullying situations among preschool-aged children. *Early Years*, 35(1), 5–21. <https://doi.org/10.1080/09575146.2014.953917>
- Repo, L., & Sajaniemi, N. (2015). Prevention of bullying in early educational settings: Pedagogical and organisational factors related to bullying. *European Early Childhood Education Research Journal*, 23(4), 461-475. <https://www-tandfonlinecom.galanga.hvl.no/doi/full/10.1080/1350293X.2015.1087150>
- Ringdal, K. (2018). *Enhet og mangfold: samfunnsvitenskapelig forskning og kvantitativ metode* (4. utg.). Fagbokforlaget.
- Roland, E. (2014). *Mobbingens psykologi: Hva kan skolen gjøre?* (2.utg.) Universitetsforlaget.
- Ruud, E. B. (2010). *Jeg vil også være med!: lekens betydning for barns trivsel og sosiale læring i barnehagen*. Cappelen Akademisk.
- Rørnes, K. (2007). *Det motstandsdyktige «mobbeviruset»: hvordan utvikle en beredskap som virker i barnehage og skole?* Høyskoleforlaget.
- Salmivalli, C. (2009) Bullying and the peer group: A review. *Aggression and Violent Behavior*, 15(2). 112-120. <https://doi.org/10.1016/j.avb.2009.08.007>
- Schleicher, A. (2019), Helping our youngest to learn and grow: Policies for early learning. *International Summit on the Teaching Profession*. OECD Publishing. <https://doi.org/10.1787/9789264313873-en>
- Schott, R. M., & Søndergaard, D. M. (2014). *School bullying: New theories in context*. Cambridge University Press. <https://doi.org/10.1017/CBO9781139226707>
- Smith, P. K. (2014). *Understanding school bullying. Its nature & prevention strategies*. Sage.
- Statistisk sentralbyrå. (2020, 22. juni). *Ansatte i barnehage og skole*. <https://www.ssb.no/utdanning/statistikker/utdansatte/aar>
- St.meld. 16 (2006-2007). ... og ingen sto igjen. *Tidlig innsats for livslang læring*. Kunnskapsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/stmeld-nr-16-2006-2007-/id441395/?ch=1>

St.meld. 41 (2008-2009) *Kvalitet i barnehagen*. Kunnskapsdepartementet.

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/stmeld-nr-41-2008-2009-/id563868/?ch=1>

Steinsholt, K. (2009). Evidensbaserte standarder eller profesjonalitet. *Bedre Skole* (1), 54–62.

Stette, Ø. (2021) *Ny mobbelov for barnehager*. Fagbokforlaget.

Sveen, T.H. (2013). Å møte foreldre i barnehagen. I Ø. Kvello (Red.), *Barnas barnehage 2. Barn i utvikling* (s. 274-308). Gyldendal Akademisk.

Swit, C. (2018). Early childhood educators' and parents' perceptions of bullying in preschool. *New Zealand Journal of Psychology*, 47(3), 19-27.

Tanrikulu, I. (2020). Teacher reports on early childhood bullying: how often, who, what, when and where. *Early Child Development and Care*, 190(4), 489–501.  
<https://doi.org/10.1080/03004430.2018.1479404>

Thagaard, T. (2018). *Systematikk og innlevelse: en innføring i kvalitative metoder* (5. utg.). Fagbokforlaget.

Thrane, C. (2018). *Kvantitativ metode: en praktisk tilnærming*. Cappelen Damm Akademisk.

Tremblay, R.E. (2010). Developmental origins of disruptive behaviour problems: the «original sin» hypothesis, epigenetics and their consequences for prevention. *Journal of Child Psychology and Psychiatry*, 51(4), 341–367. <https://doi.org/10.1111/j.1469-7610.2010.02211.x>

Utdanningsdirektoratet (2012). *Barns trivsel – voksnes ansvar. Forebyggende arbeid mot mobbing starter i barnehagen*. Utdanningsdirektoratet.

Vlachou, Maria, Andreou, Eleni, Botsoglou, Kafenia, & Didaskalou, Eleni. (2011). Bully/victim problems among preschool children: A review of current research evidence. *Educational Psychology Review*, 23(3), 329–358.

Winsvold, A., & Gulbrandsen, L. (2009). *Kvalitet og kvantitet: Kvalitet i en barnehagesektor i sterk vekst*. (NOVA-rapport 2/09) NOVA: Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring.

## Vedlegg 1 NSD

Det innsendte meldeskjemaet med referansekode 262563 er nå vurdert av NSD.

Følgende vurdering er gitt:

Det er vår vurdering at behandlingen av personopplysninger i prosjektet vil være i samsvar med personvernlovgivningen så fremt den gjennomføres i tråd med det som er dokumentert i meldeskjemaet den 16.11.2020 med vedlegg, samt i meldingsdialogen mellom innmelder og NSD. Behandlingen kan starte.

### MELD VESENTLIGE ENDRINGER

Dersom det skjer vesentlige endringer i behandlingen av personopplysninger, kan det være nødvendig å melde dette til NSD ved å oppdatere meldeskjemaet. Før du melder inn en endring, oppfordrer vi deg til å lese om hvilke type endringer det er nødvendig å melde:

[nsd.no/personvernombud/meld\\_prosjekt/meld\\_endringer.html](http://nsd.no/personvernombud/meld_prosjekt/meld_endringer.html)

Du må vente på svar fra NSD før endringen gjennomføres.

### TYPE OPPLYSNINGER OG VARIGHET

Prosjektet vil behandle alminnelige kategorier av personopplysninger frem til 30.06.2021.

### LOVLIG GRUNNLAG

Prosjektet vil innhente samtykke fra de registrerte til behandlingen av personopplysninger. Vår vurdering er at prosjektet legger opp til et samtykke i samsvar med kravene i art. 4 og 7, ved at det er en frivillig, spesifikk, informert og utvetydig bekreftelse som kan dokumenteres, og som den registrerte kan trekke tilbake. Lovlig grunnlag for behandlingen vil dermed være den registrertes samtykke, jf. personvernforordningen art. 6 nr. 1 bokstav a.

For å rekruttere deltakerne (barnehageansatte) til prosjektet innhentes det e-postadresser til de ansatte gjennom å ta kontakt med styrerne. Deltakerne er informert om at, hvor lenge og til hvilket formål e-postadressene har blitt registrert.

Prosjektet vil behandle personopplysninger (e-postadresser) til rekrutteringsformål med grunnlag i en oppgave av allmenn interesse.

Vår vurdering er at denne behandlingen oppfyller vilkåret om vitenskapelig forskning, jf. personopplysningsloven § 8, og dermed utfører en oppgave i allmennhetens interesse.

Lovlig grunnlag for behandlingen av e-postadresser til rekrutteringsformål vil dermed være utførelse av en oppgave i allmennhetens interesse, jf. personvernforordningen art. 6 nr. 1 bokstav e), jf. art. 6 nr. 3 bokstav b), jf. personopplysningsloven § 8.

## PERSONVERNPRINSIPPER

NSD vurderer at den planlagte behandlingen av personopplysninger vil følge prinsippene i personvernforordningen om:

- lovlighet, rettferdighet og åpenhet (art. 5.1 a), ved at de registrerte får tilfredsstillende informasjon om og samtykker til behandlingen
- formålsbegrensning (art. 5.1 b), ved at personopplysninger samles inn for spesifikke, uttrykkelig angitte og berettigede formål, og ikke viderebehandles til nye uforenlige formål
- dataminimering (art. 5.1 c), ved at det kun behandles opplysninger som er adekvate, relevante og nødvendige for formålet med prosjektet
- lagringsbegrensning (art. 5.1 e), ved at personopplysningene ikke lagres lengre enn nødvendig for å oppfylle formålet

## DE REGISTRERTES RETTIGHETER

Så lenge de registrerte kan identifiseres i datamaterialet vil de ha følgende rettigheter: åpenhet (art. 12), informasjon (art. 13), innsyn (art. 15), retting (art. 16), sletting (art. 17), begrensning (art. 18), underretning (art. 19), dataportabilitet (art. 20).

NSD vurderer at informasjonen som de registrerte vil motta oppfyller lovens krav til form og innhold, jf. art. 12.1 og art. 13.

Vi minner om at hvis en registrert tar kontakt om sine rettigheter, har behandlingsansvarlig institusjon plikt til å svare innen en måned.

## FØLG DIN INSTITUSJONS RETNINGSLINJER

NSD legger til grunn at behandlingen oppfyller kravene i personvernforordningen om riktighet (art. 5.1 d), integritet og konfidensialitet (art. 5.1. f) og sikkerhet (art. 32).

SurveyXact er databehandler i prosjektet. NSD legger til grunn at behandlingen oppfyller kravene til bruk av databehandler, jf. art 28 og 29.

For å forsikre dere om at kravene oppfylles, må dere følge interne retningslinjer og eventuelt rádføre dere med behandlingsansvarlig institusjon.

## OPPFØLGING AV PROSJEKTET

NSD vil følge opp ved planlagt avslutning for å avklare om behandlingen av personopplysningene er avsluttet.

Lykke til med prosjektet!

Kontaktperson hos NSD: Simon Gogl

Tlf. Personverntjenester: 55 58 21 17 (tast 1)

## Vedlegg 2 Spørreskjema

# Spørreskjema om mobbing i barnehage.

Eg har fått informasjon om prosjektet, og samtykker til å delta i prosjektet.	Ja
---	----

Spørsmål 1	
Kvinne	Mann

Spørsmål 2	
Kva fylke jobbar du i?	

Spørsmål 3		Kor lenge har du jobba i barnehage?				
Mi stilling i barnehagen.		0-5 år	6-10 år	11-15 år	15-21 år	21 + år
Styrar						
Pedagog						
Fagarbeidar						
Assistent						

Spørsmål 4									
Kor mange barn er det i barnehagen du jobbar i?									
0-30	31-60	61-90	91-120	121-150	151-180	181-210	211-240	241+	

Spørsmål 5									
Eg er einig i denne påstanden									
Barnehagebarns åtferd kan omtalst som mobbing.	Ja								
Kvifor ja/nei									

Spørsmåla under skårar du frå 1 (i ingen grad) til 5 (i stor grad).

1: i ingen grad	2: i liten grad	3: i noko grad	4: i stor grad	5: i svært stor grad
-----------------	-----------------	----------------	----------------	----------------------

Spørsmål 6					
Eg som tilsett i barnehage, synst at eg...		1	2	3	4
					5

1. ... har nok kunnskap om mobbing til å utøve jobben min på ein god måte.					
2. ... har gode strategiar til å handtera mobbing i jobben min.					
3. ... er dyktig til å fylje opp barn som mobbast.					
4. ... er dyktig til å identifisera mobbesituasjonar i jobben min.					

Spørsmål 7	1	2	3	4	5
<b>Når mobbing skjer i barnehagen vår..</b>					
1. ... involverer me alltid foreldra i saken.					
2. ... involverer me berre foreldra til den utsette.					
3. ... involverer me berre foreldra til barnet som mobbar.					
4. ... involverer me både foreldra til den utsette og den som mobbar.					

Spørsmål 8	1	2	3	4	5
<b>Mobbe program</b>					
5. I barnehagen vår har me mobbe program.	Ja		Nei		
6. Kva heiter programmet?					
	1	2	3	4	5
7. Eg har fått tilstrekkeleg god innføring i programmet.					
8. Eg kan dette programmet godt.					
9. Me et av tid til å bruk det i barnehagen vår.					
10. Dette førebygger mobbing i barnehagen vår.					

Spørsmål 9					
Eg ser på dette som mobbing.	1	2	3	4	5
1. Ekskludering frå leik.					
2. Å ta andre sine ting.					
3. Bruk av stygge ord og namn.					
4. Sei stygge ting om andre.					

5. Truslar («om du ikkje..., vil eg ikkje leike med deg»).					
6. Spre hemmelegheiter.					
7. Oppfordre andre barn til å ignorere/ekskludere visse barn.					
8. Spre rykter og baksnakke andre.					
9. Etterlikne nokon på ein ikkje-flatterande måte.					
10. Å dytta, sparke og slå (fysisk aggresjon).					
11. Å øydeleggje andre sine gjenstandar.					
12. Å fysisk øydeleggje leik for eit barn / andre barn.					

Spørsmål 10	1	2	3	4	5
<b>4 Eg ser på dette som mobbing.</b>					
1. Det er mobbing dersom den utsette opplever det som mobbing.					
2. Eingongsepisode av mobbing, er òg mobbing.					
3. Barnehagebarn veit kva dei gjer når dei mobbar andre.					
4. Det er mobbing kun når barnet gjer det med vilje.					

Spørmsål 11	
Kor mange mobbesituasjoner har du opplevd i barnehagen dei siste 3 månadane? (Svar med tal, som til dømes 3, 5 eller 0.)	

Spørsmål 12	1	2	3	4	5
<b>5 Barn som mobbar</b>					
1. Er oftare gutter.					
2. Er oftare jenter.					
3. Gutar og jenter mobbar likt.					
4. Følger reglane i barnehagen.					
5. Er ofte aleine i barnehagen.					
6. Har åtferdsvanskar.					
7. Er populære blant venane sine i barnehagen.					
8. Kan uttrykke følelsar.					

9. Har gode sosiale kommunikasjons ferdighetar.					
10. Er barn som treng/får spesialpedagogisk oppfølging.					

<b>Spørsmål 13</b>					
<b>6 Barn som blir utsett for mobbing...</b>	<b>1</b>	<b>2</b>	<b>3</b>	<b>4</b>	<b>5</b>
1. Er oftare gutter					
2. Er oftare jenter					
3. Gutter og jenter blir utsatt likt for mobbing.					
4. Følger reglane i barnehagen.					
5. Er ofte alene i barnehagen.					
6. Har høg sjølvtilleit.					
7. Har åtferdsvanskår.					
8. Er populære blant vennane sine.					
9. Kan uttrykke følelsar.					
10. Er barn som treng/får spesialpedagogisk oppfølging.					
11. Dei har gode sosiale kommunikasjons ferdighetar.					
12. Har litt skyld sjølv.					
13. Fortenar av og til å bli mobba.					
14. Kan unngå mobbing med litt innsats.					

<b>Spørsmål 14</b>					
<b>7 Dokumentering av mobbing</b>	<b>1</b>	<b>2</b>	<b>3</b>	<b>4</b>	<b>5</b>
1. I barnehagen vår har me ei felles forståing om kva det vil sei at barn har det «trygt og godt» i barnehagen.					
2. I barnehagen vår har me tydelege rutinar for dokumentering når barn ikkje trivest.					
3. I barnehagen vår har me tydelege rutinar for dokumentering når barn mobbar.					
4. I barnehagen vår har me tydelege rutinar for dokumentering når barn blir utsett for mobbing.					
5. I barnehagen vår blir desse rutinane gjennomført.					

<b>Spørsmål 15</b>					
<b>8 Tiltak</b>	<b>1</b>	<b>2</b>	<b>3</b>	<b>4</b>	<b>5</b>
1. Eg har oversikt over kva som forventast av meg rundt observasjonsrutinar.					
2. Eg ser alle barn i leik.					
3. Eg snakkar med barn som leikar aleine.					
4. Når eg observerer misstrivsel seier eg det til mine kollegaer.					
5. Når eg observerer mobbeåtferd seier eg det til mine kollegaer.					
6. Misstrivsel blir undersøkt nærmare.					
7. Mobbeåtferd blir undersøkt nærmare.					
8. Me brukar tid til å prate om det me har observert på avdelingsmøte/teammøte.					
9. Me setter inn tiltak raskt etter bekymring for misstrivsel har oppstått.					
10. Me setter inn tiltak raskt etter bekymring for mobbing har oppstått.					
11. Eg og mine kollegaer reagera likt på mobbesituasjonar.					
12. Eg tar foreldres bekymring for at barnet mistrivest i barnehagen på alvor.					

## Vedlegg 3 Informasjonsskriv

# Vil du delta i forskingsprosjektet «Mobbing i Barnehage»

**Dette er et spørsmål til deg om å delta i et forskingsprosjekt kor formålet er å undersøke kva forståing tilsette i barnehage har om mobbing i barnehage. I dette skrivet gjer me deg informasjon om måla for prosjektet og kva deltaking vil innebere for deg.**

### Formål

Formålet med prosjektet er å undersøke kva forståing tilsette i barnehagar har om mobbing i barnehage. Kva blir oppfatta som mobbing, og korleis jobbar barnehagar med fenomenet? Problemstillinga til prosjektet er:

- *Kva forståing for mobbing, og erfaring med mobbing har tilsette i barnehagar?*

Eg vil undersøka følganede forskingsspørsmål.

- Kva ligg i omgrepet mobbing?
- Kva åtferd blir oppfatta som mobbing?
- Kva gjer tilsette for å forhindre mobbing?
- Kva tiltak gjer barnehagen når mobbing blir oppdaga?

Forskningsprosjektet er ei masteroppgåve.

### Kven er ansvarleg for forskningsprosjektet?

Høgskulen på Vestlandet er ansvarleg for prosjektet.

### Kvífor får du spørsmål om å delta?

I dette prosjektet er målet å nå ut til mange tilsette i barnehagar. Denne førespurnaden blir difor sendt ut til mange barnehagar i Norge. For å kunne sei noko om korleis det er i barnehagar generelt, er det avhengig av at mange svarer. Det er difor til stor nytte at du tar deg tid til å svare på denne spørjeundersøkinga.

Eg har kontakta styrarar i barnehagar, som har gove meg e-postadressene til sine tilsette til meg. Dei blir brukt til å rekruttera deltakrar til studiet mitt, og til å sende purringar om å gjennomføra spørjeundersøkinga. Eg vil purre maksimalt fire gonger, og eg vil behalde adressene fram til prosjektlutt i juni 2021. Når prosjektet ar avslutta blir alle adresser sletta.

E-postadressene blir behandla av meg i grunnlag av at oppgåva er av allmenn interesse. Om du ønsker at adressa di blir sletta, kan du sende e-post til meg om dette.

## Kva inneberer det for deg å delta?

Om du vel å delta i prosjektet, inneberer det at du fyller ut eit spørjeskjema. Det vil ta deg ca. 15 minuttar. Spørjeskjemaet inneheld spørsmål om blant anna kva stilling du har, kva du ser på som mobbing og korleis barnehagen din jobbar med mobbing?

Dine svar frå spørjeskjemaet blir registrert elektronisk. Du får ein link via e-post til eit digitalt spørjeskjema.

### Det er frivillig å delta

Det er frivillig å delta i prosjektet. Om du vel å delta, kan du når som helst trekke samtykket tilbake utan å oppgi nokon grunn. Alle dine personopplysningar vil då bli sletta. Det vil ikkje ha nokon negative konsekvensar for deg om du ikkje vil delta eller seinare vel å trekke deg.

### Ditt personvern – korleis me oppbevarer og bruker dine opplysningar

Me vil berre bruke opplysningane om deg til formåla me har fortalt om i dette skrivet. Me behandlar opplysningane konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket.

Spørjeskjemaet blir gjennomført i på internett, frå databehandlaren «SurveyXact»

Student Yngve Bu Gjernes, og rettleiar Dziuginta Baraldsnes har tilgang til resultata av undersøkinga.

### Kva skjer med opplysningane dine når vi avsluttar forskingsprosjektet?

Opplysningane anonymiseres når prosjektet avsluttast/oppgåva er godkjent, noko som etter planen er våren 2021.

### Dine rettigheter

Så lenge du kan identifiserast i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i kva personopplysningar som er registrert om deg, og å få utlevert en kopi av opplysningane,
- å få retta personopplysningane om deg,
- å få slettet personopplysningane om deg, og
- å sende klage til Datatilsynet om behandlinga av dine personopplysningar.

### Kva gir oss rett til å behandle personopplysningar om deg?

Me behandlar opplysningar om deg basert på ditt samtykke.

På oppdrag frå Høgskulen på Vestlandet har NSD – Norsk senter for forskningsdata AS vurdert at behandlinga av personopplysningar i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

### Kvar kan eg finne ut meir?

Om du har spørsmål til studien, eller ønsker å benytta deg av dine rettigheter, ta kontakt med:

- Student: Yngve Bu Gjernes
  - Mob: +47 48 27 07 10
  - E-post: 127359@stud.hvl.no
- Rettleiar: Dziuginta Baraldsnes
  - Mob: +47 55 58 59 12
  - E-post: [Dziuginta.Baraldsnes@hvl.no](mailto:Dziuginta.Baraldsnes@hvl.no)

- Vårt personvernombod: Trine Anikken Larsen
  - Mob: +47 91 36 59 20
  - E-post: Trine.Anikken.Larsen@hvl.no

Om du har spørsmål knyta til NSD si vurdering av prosjektet, kan du ta kontakt med:

- NSD – Norsk senter for forskningsdata AS på epost ([personverntjenester@nsd.no](mailto:personverntjenester@nsd.no)) eller på telefon: 55 58 21 17.

Med vennleg helsing

Dziuginta Baraldsnes  
(Forsker/veileder)

Yngve Bu Gjernes  
(Student)

---

## Samtykkeerklæring

Eg har mottatt og forstått informasjonen om prosjektet «mobbing i barnehage», og har fått anledning til å stille spørsmål. I spørreskjemaet kan du bekrefte dette. At du samtykker til å delta i prosjektet, og at opplysningane behandlast fram til prosjektet avsluttast.